

Else Melvær Falkenstein

Marathus- og Delia-dikta i Bok 1 av Tibull: Omsetjing og kommentar

Ei innleiing om kvifor Tibull har plassert dei pederastiske elegiane om Marathus saman med dei om Delia i bok 1, samt omsetjing av, og kommentar til elegi 1.4, 1.5, 1.6, 1.8, og 1.9.

Masteroppgåve i Klassiske fag

Veileder: Thea S. Thorsen

Trondheim, november 2018



Bilete henta frå: <https://lyricstranslate.com/tr/albius-tibullus-lyrics.html>

Føreord

Når masteroppgåva no er ferdig, er det ikkje utan verdifull hjelp og motivasjon frå mange som fortener takk.

Ein verkeleg stor takk til Thea S. Thorsen, min fantastiske rettleiar, som gjennom det siste året har hatt trua på meg, som har forstått alle mine små og store innspel og innfall. Takk for konstruktiv rettleiing, innspel, oppmuntring då det har vore høgst naudsynt, og for alle dei gongane du har sagt at det arbeidet eg gjer held mål. Eg håpar eg ein dag kan stå framfor andre like entusiastisk og inspirerande som du gjorde for meg tilbake i 2013, då eg tok til på mi første forelesing i latin.

Takk også til Jennifer Ingleheart, Stephen Heyworth, og Megan Drinkwater som, via epost og i dei høver eg har snakka direkte med dei, har svara på mine spørsmål og gjeve meg både hjelpemiddel, tilbakemeldingar, og tips til korleis eg best kan utføre ein kommentar. Tilbakemeldingar og diskusjonar i *Seminarium Nidrosiense* har vore verdifulle, der både medstudentar og våre rettleiarar, stipendiatar, og andre har kome med konstruktive spørsmål og innspel som har teke vekk dei mentale skylappane som somme stunder har ein tendens til å innsnevre tankegangen. Halvor K. Hosar for rettleiing med det norske språket, og Vilde Øines Nybakken for den siste språkvasken, uendeleg mange takkar.

Lesesal 6394 i 6B, eg kjem ikkje til å bli kvitt alle dei utruleg uintelligente, idiotiske, og hysterisk morosame diskusjonane og tidene då brorparten av oss hadde null fokus og konsentrasjon. Eg lever for slike stunder! Dykk har vore gode å ha alle dei gongane eg ikkje klarer å komme på gode synonym eller ikkje har klart å finne gode alternativ til engelske ord. Fabian L. Rossbach, du er amazing. Ikkje berre fordi vi er kiosk-/tur-/trenings-/you name it-buddies, men du legg ikkje noko i mellom for å vifte litt med fingeren når eg har slakka på for mykje.

Til sist vil eg gje eit ord til familie og vener som i fem år har undra seg over kvar eg har interessa frå, men som likevel har støtta og prøvd å forstå når eg har forklart. Mamma, du er betre enn grønfarge og sjokolade, eg hadde aldri klart meg utan deg.

Spes ... fore cras semper ait melius.

Tibull 2.6.20.

Trondheim, november 2018

Else Melvær Falkenstein

Forkortingar¹

Oppslagsverk

L&S	Lewis & Short, <i>A Latin Dictionary</i>
LSJ	Liddel & Scott, <i>Greek-English Lexicon</i>
OCD	Hornblower, Spawforth & Eidinov, <i>The Oxford Classical Dictionary</i> , 4. utgåve
OLD	<i>Oxford Latin Dictionary</i>
SNL	<i>Store Norske Leksikon</i>

Tekstutgåver

Levy	Tibull. (1864). <i>Albii Tibulli Aliorumque Carminum Libri Tres</i> . F.W. Levy (red.). Leipzig: Teubner.
Luck	Tibull. (1998). <i>Albii Tibulli Aliorumque Carminum Libri Tres</i> . G. Luck (red.). Stuttgart; Leipzig: Teubner.
Postgate	Tibull. (1962). <i>Tibulli Aliorumque Carminum Libri Tres</i> . J.P. Postgate (red.). Oxford: Clarendon.

Kommentarar referert til berre ved forfattaren sitt namn

Maltby	Maltby, R. (2002). <i>Tibullus: Elegies. Text, Introduction and Commentary</i> . Wiltshire: Francis Cairns Ltd.
Murgatroyd	Murgatroyd, P. (1980). <i>Tibullus I: a commentary on the first of the Elegies of Albius Tibullus</i> . Pietermaritzburg: University of Natal Press.
Putnam	Putnam, M.C.J. (1973). <i>Tibullus: A Commentary</i> . Norman: University of Oklahoma.
Miller	Miller, P.A. (2013). <i>A Tibullus Reader: Seven Selected Elegies</i> . Mundelein: Bolchazy-Carducci Publishers, Inc.

Manuskript

A.	Ambrosianus R. sup. 26
V.	Vaticanus 3270
g.	Guelferbytanus MS. Aug. 82, 6 fol.

Andre

PLF	Sapfo. (1955). <i>Poetarum Lesbiorum fragmenta</i> . (E. Lobel & D. Page, red.). Oxford: Clarendon.
-----	---

¹ Desse forkortingane dekkjer dei viktigaste oppslagsverka, tekstutgåvene, og kommentarane nytta i denne oppgåva. Dersom anna ikkje er spesifisert, samsvarer forkortingar på andre forfattarar og verk med dei ein finn i OCD.

Innhald

Del 1	1
Innleiing	1
Problemstilling	3
Tibull-forskinga i dag	4
Catull og Vergil som modell, og komiske innslag	4
Delia og Marathus	6
Konklusjon	10
Manuskript og overlevering	11
Omsetjing, versemål, og Tibull sin « smekre» stil	12
Om kommentaren	14
Del 2	17
Omsetjingar	17
1.4	19
1.5	23
1.6	25
1.8	29
1.9	33
Del 3	37
Kommentarar	37
1.4	39
1.5	57
1.6	77
1.8	87
1.9	101
Litteraturliste	111

Del 1

Innleiing

Problemstilling

Det er mykje spennande som kan seiast og undersøkjast om alle dei seksten elegiane vi har overlevert frå den romerske kjærleikselegikaren Tibull. Denne masteroppgåva er dels ei omsetjing, dels ein kommentar til eit utval av elegiar frå Tibull utgjeve i år 27/26 før vår tidsrekning.² Desse dikta er nummer 4, 5, 6, 8, og 9 frå Bok 1,³ og grunnen til at akkurat desse er valde er for å undersøkje **diktar-eg-et** sitt forhold til Marathus og Delia. Er dei homoerotiske kjærleikselegiane som omhandlar Marathus, ein *puer*, ein motsetnad til dei som har med Delia, ei *puella*, å gjere? Har dei likskapstrekk eller er dei heilt ulike? Kvifor er Marathus sett opp mot, eller saman med Delia? I denne innleiinga vil eg forsøkje å svare på desse spørsmåla under problemstillinga: «Kvifor har Tibull plassert dei pederastiske elegiane om Marathus saman med dei om Delia i Bok 1, og er det nokon samanheng mellom desse karakterane?» Dette vil også leggjast vekt på i kommentardelen av oppgåva.

Sjølv om Tibull sitt forfattarskap er relativt lite i omfang samanlikna med dei andre romerske kjærleikselegikarane, er det derimot ikkje mindre å kommentere. Dette kjem klårt fram i dei store kommentarane som er skrive om Tibull hittil.⁴ Derfor, for å avgrense omfanget og å halde ein raud tråd gjennom oppgåva, så har spørsmålet om forholdet mellom Marathus og Delia fått fokus innan rammene for denne masteroppgåva.

Like sikkert som at samstundes og føregåande romerske poetar har hatt noko å seie for diktinga til Tibull, er det ikkje tvil om at hellenistiske og tidlegare greske førebilete, som for eksempel Kallimakhos og Sapfo, har øva stor innverknad på Tibull si dikting.⁵ Dette medfører eit rikt omfang av mogelegheiter innan forskinga, og som til tider er umogeleg å unngå å kommentere. Likevel får ikkje dette eit stort fokus i denne oppgåva, med unntak der det er openbert naudsynt å seie noko om det. Det same gjeld for den spanande kvinneskikkelsen Nemesis i Bok 2 av *Corpus Tibullianum*. Det er vanskeleg å unngå å seie noko om ho, og å samanlikne med, spesielt med kjærleiksrelaterte forhold i sentrum, men dette omhandlar ikkje direkte problemstillinga. Derfor har eg valt å utelate tema rundt Nemesis som ikkje direkte kan koplant til oppgåva sitt føremål.

² Maltby (2002, s. 39-40); Murgatroyd (1980, s. 11).

³ Heretter omtala som 1.4, 1.5, 1.6, 1.8, og 1.9. Dette gjeld også for dei resterande elegiane til Tibull, både i Bok 1 og 2. Dersom eg viser til en elegi frå Bok 2 kan det for eksempel stå 2.4.

⁴ For eksempel Maltby (2002), Murgatroyd (1980); (1994), Putnam (1973), og P. A. Miller (2013).

⁵ Slik Tibull har henta inspirasjon hos andre, har han også stått som eit førebilete for andre. Dette kan ein for eksempel sjå tydeleg hos Ovid. Den romerske elegikaren har openbert henta fleire motiv frå Tibull, men i staden for å la motiva flyte saman slik Tibull gjer, så har Ovid heller teke føre seg kvart enkelt motiv og gjort det til gjenstand i eit eige dikt. Maltby (2009, s. 279-293) har analysert bevis for Tibull sin påverknad hos nettopp Ovid, med det mål å forklare kvifor spesielt Tibull av alle Ovid sine forgjengarar hadde slikt grep om den poetiske fantasien til Ovid.

Tibull-forskinga i dag

Sjølv om Tibull og hans elegiar har vorte meir trekt fram dei seinare tiåra, og har vore gjenstand for mykje god forskning, er der alltid nye felt som kan utgreiast i større og mindre grad. Ei masteroppgåve av dette omfanget vil i mange tilfelle ikkje kunne utgjere den største skakinga av eit allereie etablert felt, noko som heller ikkje er meininga. Likevel er mogelegheitene mange til å peike på områder som – etter mi personlege meining – har vorte neglisjert og/eller oversett. Særdeles få, om nokon i det heile teke har sett på om det er ein samanheng mellom Delia og Marathus i Tibull sitt forfattarskap.⁶ Det er på dette feltet eg håpar å kunne tilføre nye tankar og innspel, og kanskje i framtida opne for ein større forskingsbasert diskusjon.

Om det ligg føre ei usagt, men openberr oppfatning i forkinga at dei homoerotiske elegiane ikkje skal diskuterast saman eller opp mot dei heteroerotiske, er det for meg ukjent. Derfor tykkjer eg det er snodig at forkinga fram til i dag ikkje har teke tak i dette feltet. Dei fleste forskarar ser anten på samanhengen eller ulikskapane mellom Delia og Nemesis, eller på Marathus-syklusen som ei gruppe elegiar som skil seg frå desse. Det eksisterer svært lite litteratur som ser på koplinga mellom det vi i dag gjerne kategoriserer som homo- eller heteroerotisk diktning hos Tibull. Eg meiner at alle desse elegiane må sest i samanheng, og at dei er knytte til kvarandre på ein tettare måte enn det litteraturen og forkinga har gjeve dei tillating til, spesielt dei siste hundre åra.

Catull og Vergil som modell, og komiske innslag

Tibull er ein romersk, kanonisk elegikar som står i ein lang tradisjon av kjærleikspoesi, og som ser ut til å vere særleg filtrert gjennom Catull si samling av *Carmina* – *Songar*, Vergil sitt verk *Bucolica* - *Gjetarsongar*, og med trekk frå komedietradisjonen. Med filtrering meiner eg at Tibull har henta inspirasjon i ulik grad hos desse, og dernest skapa noko heilt nytt som skil han frå både sine førebilete og modellar, og dei som fylgde etter han.

Catull er ikkje ein del av den romerske kjærleikselegiske kanonen, men har heilt tydeleg sett sitt preg med element ein finn hos både Tibull og andre romerske kjærleikselegikerar. Tibull skil seg frå dei andre kanoniske elegikarane som berre skreiv poesi til ei *puella* – ei jente, ved at han har ikkje berre har fleire kvinnelege mottakarar han skriv til, men slik Catull har Lesbia

⁶ Eit søk i databasen til *L'année philologique* (juli 2018) etter både Delia og Marathus gjev ingen treff, medan berre Delia gjev 114 og Marathus 16 treff.

og Iuuentius, skriv også Tibull elegiar til ein gut, Marathus, som er ein *puer delicatus* – ein yndig eller attråverdig gut. Med andre ord produserte han både heterofil poesi til fleire *puellae*, og homoerotisk poesi, meir spesifisert som pederasti. Pederasti vert forklara nærare under den delen som omhandlar Delia og Marathus. Det er på sin plass å peike på at Catull sin *puer Iuuentius*, som heilt openbert må spele på det latinske *iuuenis* – «ung mann, unggut, ein ungdom», og *iuuentus* – «ungdom, ungdomsalder», gjev ein direkte link til Tibull og Marathus.

Ein viktig poet som må nemnast er den kvinnelege, greske lyrikaren frå øya Lesbos, Sapfo.⁷ Ho er kjend for blant anna sine kjærleiksdikt til jenter. Sjølv om vi i dag ikkje har meir enn eit fåtal av dikt som er meir eller mindre heile, og papyrusfragment ut over dette, så har diktinga hennar hatt ei monneleg innverknad på Tibull via fleire antikke forfattarar. Ikkje berre ytte ho stor påverknad på Catull si dikting, men som førebilete for Theokrit sine *Idyllar*, som igjen var modell til Vergil sine *Gjetarsongar*, har ho direkte, og i endå større grad indirekte hatt mykje å seie for den kjærleiksdiktinga som vi i dag har frå Tibull.

Det er ikkje tvil at Vergil sine hyrdedikt, eller *Gjetarsongar* har hatt ein stor påverknad på Tibull si dikting,⁸ sjølv om desse pastorale dikta på heksameter og den «elegiske verda» er motsykker til kvarandre. Utan å greie for mykje ut om dette i denne samanhengen, er det likevel naudsynt å nemne *Gjetarsong* 10 der Vergil rører ved skiljet på elegi og hyrdesong, og ein kan sjå ei lett grad av sjangerblanding.⁹ Dette hyrdediktet er retta mot Gallus og hans Lycoris, ei *docta puella* – ei danna jente.¹⁰ Her finn ein også det kjende sitatet *omnia uincit amor*, «Kjærleiken vinn over alt» (*Gjetars.* 10.69),¹¹ som Tibull ved fleire høve gjer narr av, for eksempel i 1.5.60 *nam donis uincitur omnis amor*, «for all kjærleik vert overvunne av gåver».

Tibull døyde som ung mann kring 19-18 fvt., og var truleg under førti år då han døyde.¹² Dette vil seie at han med rimeleg margin var ein *puer* på 14-15 år då Vergil sine *Gjetarsongar* vart publisert og sirkulert i dei litterære kretsar.¹³ I følgje den anonyme *Vita Tibulli* var Tibull ein *eques Romanus*, som svarar til ein adelsmann frå riddarstanden, og har dermed hatt tilgang

⁷ Sapfo levde omtrent rundt år 600 fvt. SNL s.v. *Sapfo*. Henta 10. august 2018.

⁸ Vergil sine *Gjetarsongar* vart utgjeve i 41-39 fvt.

⁹ Whitaker (1988) sin artikkel «Did Gallus write «pastoral» elegies», diskuterer på grunnlag av *Gjetarsong* 10 om det er Vergil eller Gallus som er nyskapande ved å blande element frå det som tidlegare har vore to åtskilde sjangrar, og kjem fram til at Gallus *ikkje* skreiv pastorale elegiar. Snarare er det dermed underforstått at Vergil her har skriv hyrdedikt med elegiske innslag.

¹⁰ *Gaius Cornelius Gallus* (ca.69- ca. 26 fvt.) var saman med Catull forløpar og grunnleggjar av den romerske kjærleikselegien. Alt vi i dag har frå Gallus er fragment. SNL s.v. *Gaius Cornelius Gallus*. Henta 10. august 2018.

¹¹ Omsett av M.G. Wiik (2016).

¹² Det er stor usikkerheit rundt fødselsåret til Tibull, men det er generelt akseptert at det er mellom 55 og 48 fvt.

¹³ Sjå under punktet «Delia og Marathus» for forklaring på alderen til ein *puer*.

til slike litterære kretsar. Fleire argument talar for at dette verket har sett sine spor i den unge Tibull. For eksempel *Gjetarsong* 2.73 om Korydon som syng om den vakre guten Alexis og forsøker å lokka han til seg. Når det ikkje går vil han finne *alium ... Alexin* – «ein annan Alexis», sjå også Tibull 1.9.79 *puer alter*; i *Gjetarsong* 3 og 7 vert jaktgudinna Delia nemnd, og vidare i song 7 finn ein både Priapos som står vakt i hagar, og Alexis vert nemnd på nytt av Korydon; del to av song 8 tek føre seg ein større del kjærleiksmagi med detaljar som også Tibull omtalar ved fleire høve. Andre trekk som byggjer opp om desse argumenta er den omfattande bruken av *adýnaton* i både *Gjetarsongar* og hos Tibull;¹⁴ den strukturelle forma med ti dikt, der opnings- og avslutningssongen, eller elegien i Tibull sitt tilfelle, «omkransar» resten av samlinga; tema og motiv som *militia* – militærlevet, det rustikke aspektet – som også skil han frå dei andre romerske elegikarane,¹⁵ grammatiske konstruksjonar, og det homoerotiske.¹⁶

Mange av Tibull sine elegiar ber preg av ironi og humor. Sjølv om han som forfattar er flink til å framheve dette i sin måte å konstruere og byggje opp dikta, så kjem ein ikkje frå opplaget av typar og karakterar henta frå komediesjangeren og mimer. Denne sjangerblandinga er sjølvstøtt peika på ved fleire høve.¹⁷ Dei viktigaste typane i denne samanhengen er *miser amator* – den ulukkelege elskaren; *puella*, jenta som er objekt for *amator* si forelsking; *diues amator*¹⁸ – den rike elskaren som også er rivalen til *amator*; *canus amator* – den gamle elskaren; *lena* – horemammaen som fungerer som eit mellomledd.

Delia og Marathus

I denne delen er føremålet å presentere Delia og Marathus, og sentrale element som eg ser som relevante i samband med problemstillinga. I argumentasjonen og konklusjonen som følgjer kjem eg ikkje til å leggje særskild vekt på den samanhengen Nemesis i Bok 2 har med Delia, dersom det ikkje er ein direkte relevans.¹⁹

¹⁴ Adýnaton, gr. «umogelegheit». Skildring av naturlovstridige fenomen. Eide (2015, s.v. Adýnaton).

¹⁵ Gibson (2007, s. 170).

¹⁶ Eg meiner det føreligg argument som gjer at eg kan hevde at det er eit reelt samanliknbart motiv når det gjeld det homoerotiske, spesielt med *Gjetarsong* 2 som grunnlag. Likevel, eit søk i databasen til *L'année philologique* (august 2018) med eit rikt utval av tematiske kombinasjonar, tyder det på at dette ikkje noko som er gjort eit poeng ut av. Dette motivet er eit felt som vil vere spanande, og absolutt naudsynt å ta tak i, både om konklusjonen stadfestar eller avkreftar teorien.

¹⁷ Blant andre av Gaisser sin introduksjon i Dennis & Putnam (2012, s. 5-7), og James (2003). Sjå og OCD s.v. *elegiac poetry, Latin*.

¹⁸ For *u* for *v*, sjå side 17.

¹⁹ Eit forslag til interessant lesing er Baca (1968) som kjem med ein spanande påstand om at ikkje berre er Delia og Nemesis utelukkande litterære personar hos Tibull, men dei er også skikkelsar som gjev uttrykk for forskjellige lynner hos *ei* kvinne. Dermed hevdar Baca at Tibull likevel ikkje skil seg frå den tradisjonelle *domina*-sjangeren, men ved å bevise at poeten meistrar prinsippet om at *ars celat artem*, så gjev han berre ein ny dimensjon til *domina*-tradisjonen.

Den eigentlege identiteten, og den sosiale statusen som dei elegiske *puellae* hadde, er eit spørsmål som er «notorisk vanskeleg»²⁰ å gje eit klårt svar på.²¹ Ein del av dette ligg i det ofte utviska skiljet mellom det verkelege liv og kunsten i kjærleikselegiar. Dikta er skriva i førsteperson eintal, og namngjeve med poeten sitt eige namn, som gjer at vi ikkje alltid kan seie med hundre prosent sikkerheit om det vi les er ein korrekt historisk opplysning, eller eit resultat av poeten sin oppdikta diktarverd.

Det var nest ei norm innan erotisk poesi i Roma å finne nye, poetiske namn til elskarinnene som vart adresserte i dikta. Når det gjeld Delia, eksisterer det to hovudteoriar om kvar namnet hennar er henta frå. Den første identifiserer Delia med ei Plania, via det greske ordet for *Delia* δῆλος = *planus* lat. «flat, jamn». Denne løysinga kan vere, som Maltby skriv, berre ei tilfeldig samanlikning på grunnlag av likskapen i tydinga. Apuleius er den einaste kjelda til denne forklaringa.²² På den andre sida kan ein trekkje relasjonar til den greske Apollon (lat. *Apollo* eller *Phoebus* – solguden), guden for poesi og musikk, og som var «den mest strålande» i gresk mytologi.²³ Han var fødd på den greske øya Delos der det vart bygd ein heilagdom dedisert til han. Syster til Apollon, Artemis (lat. *Diana* – gudinne for måne og naturlandskap) har dessutan eit epitet – tilnamn: Delia. Dette epitet vert først brukt hos Vergil i *Gjetarsong* 7.29 om Diana, som tidlegare er nemnt ovanfor. Denne koplinga til Vergil står som endå eit sterkt argument for den påverknaden *Gjetarsongar* har hatt på Tibull, og det er ikkje usannsynleg at namnet er henta der i frå.²⁴

«Det lyse» og «det mørke» vert ofte sett som representativt for Bok 1 og 2, der den elegiske elskarinna Delia i Bok 1 med sine etymologiske trådar til Apollon, representerer den lyse og «milde» delen. Ho står som den rake motsetnaden til Bok 2 der Nemesis er sentral og også ei elskarinne av Tibull. I den greske mytologien er *Νέμεσις* – Nemesis, personifisert som gudinna for velfortent straff eller hemn, og hos Hesiod *Theogonien* 223ff. var ho dotter av *Natta*. Dei seks elegiane i Bok 2 har ein generelt mørkare og hardare tone enn dei første ti dikta.²⁵

I det eg vel å omtale som den elegiske «dikterpakta», det vil seie dei trekka som dei romerske elegikarane har til felles og som nesten ligg underforstått, er spørsmålet om ekteskap

²⁰ Sitat Maltby (2002, s. 42).

²¹ Romerske poetar og forfattarar brukte *puella* om ei jente/kvinne i ei seksuell rolle. Det inneber ikkje berre ungdommeleg utsjånad og venleik, men også statusen som seksuelt objekt. Parker (1997, s. 49).

²² Maltby (2002, s. 42-43).

²³ Apollon. SNL s.v. *Apollon*. Henta 20. februar 2018

²⁴ Kennedy (2017) legg desutan til ei ny og spanande hypotese med grunnlag i Tibull 1.1, der Tibull vel poetlivet framfor det militære alternativet, om at namnet Delia kan spele på det greske *ῆ δειλία* som kan omsetjast til «feigskap», eng. «cowardice».

²⁵ Booth og Maltby (2005, s. 128-130) viser korleis *candidus* vert brukt gjennom dei to bøkene for å illustrere skiftet mellom Delia og Nemesis.

særleg finurleg. Elegikarane er interessert i å knytte seg til ei kvinne for livet i ei *foedus amoris* – ei kjærleikspakt, men utan faktisk å gifte seg eller å få born. Hos Tibull er det også slik, men til tider kan det verke uklårt, slik som i elegi 1.5. Der finn vi det kjente sitatet *haec mihi fingebam* (linje 35), ein del av ein lengre passasje der Tibull diktar opp eit idyllisk tilvære på landet. Delia vert framstilla som den perfekte ektefelle, og dei skal leve saman på det harmoniske landet.²⁶

Dei tre elegiane om Marathus – Marathus-syklusen, står i kontrast til dei andre romerske kjærleikselegikarane, Propertis og Ovid. Dette fordi dei tek føre seg kjærleik til gutar, gr. *παιδικὸς ἔρωσ* – «kjærleik til born», eller det gr. *παιδερασιᾶ*, pederasti – «kjærleik til gutar»,²⁷ eit motiv som grekarane også dikta om.²⁸ I romersk samanheng lyt det presiserast at denne praksisen var sosialt akseptert, i alle tilfelle der den yngre guten/ungdomen var slave eller prostituert. Dette kan samsvare med namnet til Marathus (sjå nedanfor). Likevel må peikast på at Tibull etter alt å dømmе framstiller eit forhold der han vartar opp gutar frå den romerske eliten. Dette fordi gutane han søker å freiste deltek i aktivitetar som er så «paradigmatisk elite-aktivitetar».²⁹ Andrew Lear brukar eksempel ein finn i dikt 1.4., for eksempel riding (1.4.11), og jakt (1.4.49-50).³⁰ Å ha sex med ein fri romersk ungdom, på lik linje med frie romerske kvinner som ein ikkje var gift med, svara i det antikke Roma til *stuprum* – i den klassiske latinen særleg om krenkjingar der dei seksuelle normene vert brotne.³¹ Dette er noko Tibull tilsynelatande ikkje bryr seg om når han likevel diktar om eit kontroversielt tema.

Det finst ikkje noko gresk eller latinsk ord som svarar til den moderne termen «homoseksualitet».³² Dette fordi dei ikkje klassifiserte seksuell lyst ut frå kva kjønn ein hadde sex med, men heller om ein var aktiv eller passiv i si rolle. Om ein mann hadde sex med ein annan mann var ikkje avgjerande, men om ein var den aktive eller passive parten. Med Delia stiller Tibull seg sjølv i den passive stillinga ved å omtale seg som slaven hennar, og dermed også som ein passiv part. Likevel vil ikkje dette naudsynleg seie at han *er* den passive parten,

²⁶ Dette er ei sanning med modifikasjonar. For eksempel er ikkje det omtala bornet på Delia sitt fang hennar, men eit slaveborn.

²⁷ Pederasti er ei form for homoseksuelt kjærleiksforhold til gutar, særleg i pubertetsåra. Dette var relativt vanleg i det antikke Hellas og Roma. SNL s.v. *pederasti*. Henta 13. oktober 2018.

Ordet «pederasti» viser til den greske praksisen med erotiske relasjonar mellom ein vaksen mann, gr. *ἐραστής* – «elskar», og ein tenåringsgut eller ungdom, *ἐρώμενος* – «den som vert elska». (Lear, 2014, s. 106)

²⁸ Dawson (1946) har for eksempel forsøkt å tolke eit dikt av Kallimakhos og sjå om det kan ha vore ei mogeleg kjelde til den karakteren Tibull har konstruert i *Marathus*.

²⁹ Lear (2014, s. 122).

³⁰ Lear (2014, s. 121-122).

³¹ OLD s.v. *stuprum* 2.

³² Eg har her, og ved seinare høve valt å bruke homo- og heterofile nemningar for å lettare få fram skilnadar, sjølv om dette er moderne uttrykk.

fordi han spelar slave i ein fiksjon han sjølv diktar opp, og dermed vil Delia si makt alltid vere avhengig av Tibull sin velvilje.³³ Med Marathus er dette med fiksjon også eit faktum, men i dei elegiane kjem ikkje dette fram på den same måten. Her verkar det som Tibull leikar meir med rollene, fordi han lèt som han er ettergjeven og vil la Marathus bestemme, men er likevel ikkje så føyeleg når alt kjem til stykket. Dette er ein del av det som skil Marathus-dikta frå dei om Delia. Tibull brukar meir ironi, og gjer narr av både lovspråk og det som vert sett som den «høge stilen» i latinsk litteratur. Som eksempel kan ein nemne det lukretiske ordforrådet som mistar statusen sin når det vert avlevert av den nakne og fattige guden Priapos.

Det er generelt antekt at Marathus var ein *graeculus* (dim. av *graecus*), «ein slave med sjofle eller simple vanar».³⁴ Kommentatorane har ikkje nådd ein konsensus om kva namnet hans kjem frå, men det kan ha vore eit gresk slavenamn. Fleire forsøk har vore prøvd for å finne etymologiske tydingar frå 1.4.81 *eheu quam Marathus lento me torquet amore*, som er den første staden der namnet vert nemnt. Fleire ser ein samanheng med det greske *μάραθος* – «fennikel», anten på grunn av ei oppfatning om at det er eit afrodisiak, eller fordi planten vart brukt både som opptennings- og transportmiddel for eld. Ei anna løysing kan ligge i ordet *torquet* som berre er brukt i dei to linjene der Marathus er nemnd med namn. Dette kan ha samanheng med det greske *μαρτίνομαι*, «å døy ut» (om flammor). Ved å forstå Marathus som den som let kjærleiksflammen sin «døy ut», og dermed forårsake pine, eller *torquet* for elskaren sin.³⁵ *Torqueo* vert dessutan ofte brukt om den torturen som vart påføra når ein slave vert brennmerka.³⁶

Marathus vert omtala som ein *puer*, men kva vil det eigentleg sei? I følgje OCD s.v. *iuvenes* vart den romerske guten rekna for ungdom då han fekk ein *toga virilis* – mannstogaen, og dette skjedde normalt sett då han var 14 år. Andre legg fram at *iuvenis* ofte er eit synonym med *adolescens*, ei term brukt på dei med alder mellom 16-40/45 år.³⁷ OCD s.v. *homosexuality* s.v. *pederasty*, seier at det vi i dag vil kalle ein ungdom var nærare det dei i antikken kalla *puer*, fordi puberteten gjerne byrja seinare i den antikke middelhavsverda. OLD s.v. *puer* definerer dette som ein ikkje-vaksen person, eit barn. Ut frå dette vel eg å tolke alderen til Marathus ein plass mellom 14 og 20 år, for han må framleis kunne ha dei karakteristiske feminine trekka som er «naudsynt» for ein *puer delicatus*. Fordi Tibull brukar så mange uttrykk som elles vert brukt på *puellae* for å beskrive Marathus (og *pueri* generelt), så skapar han nye mogelegheiter til å

³³ Oliensis (1997, s. 152-153).

³⁴ Bright (1978, s. 229 n224).

³⁵ Maltby (2002, s. 45-46).

³⁶ OLD s.v. *torqueo* 3, 4.

³⁷ Murgatroyd (1980, s. 3-4).

overraske lesaren. Dette kjem spesielt til uttrykk i dikt 1.8 som kjem etter elegi 1.6 om Delia. Etter 1.7 om Messalla, ville det etter mitt syn vere meir naturleg at Delia skulle komme opp att. Ei stund kan det verke som dette er tilfellet, fordi så mange feminine motiv peikar på det, men det viser seg at det er Marathus som er den som pyntar og fjongar seg.

Konklusjon

Eg vil påstå at den mest openberre grunnen til at elegiane som omhandlar Marathus står i Bok 1 saman med Delia-dikta, er fordi Marathus framleis er ung. Ein ungdom som framleis ikkje har utvikla dei spesifikke trekka som gjer at nokon – ifølgje samstundes romersk oppfatning – er ein viril mann.³⁸ Mange stader er karakteristikkane av Delia og Marathus like. Dette kjem av at Marathus ikkje har utvikla dei mannlege særdraga endå, fordi han mest truleg er under 19/20 år. Om ein ikkje er maskulin, så «må» ein vere feminin. Femininitet er forbunde med lys hud, langt hår, tårer, å vere oppteken av utsjånaden sin og påkledinga si, å ha ein mjuk og tander kropp. Dette gjer tilmed at Tibull i opninga av 1.8 kan skape forvirring for lesaren, slik at ein ikkje veit om han snakkar om ein *puer* eller ei *puella*.

Ut av dette kan ein vidare seie at Marathus kjem under den «lyse» delen som er Bok 1. Han og Delia utfyller to sider av den ømme kjærleiken som står i kontrast til den hardheita mange relaterer til Bok 2. På den eine sida står Delia som *domina* og Tibull som *miser amator* i den heterofile kjærleiken som fylgjer dei kriteria den romerske kjærleiselegien krev, på den andre finn vi dei homoerotiske elegiane som etter mitt syn gjer at Tibull står friare til å eksperimentere. Han leikar meir med maktforholdet i Marathus-syklusen, der han som *miser amator* er meir låst i ei fast rolle saman med Delia. Det er også oppsiktsvekkande at han leikar med ekteskapseufemismar i den homoerotiske diktinga. Dette kan ein for eksempel sjå i Tibull 1.4.15-16 *sed ne te capiant, primo si forte negabit / taedia; paulatim sub iuga colla dabit*, «men la ikkje ulysta dersom det kan skje at han vil svare «nei» først; etter kvart vil han leggje nakken under åket». Å leggje nakken under åket er ein vanleg metafor for ekteskapet – *coniugium*.³⁹

Ein kan aldri heilt samanlikne desse to forholda på likt grunnlag, fordi dei har ulikt utgangspunkt, likevel meiner eg at argumenta som er langt fram talar for seg. Det vil sjølvsagt vere ulikskapar, slik alle forhold har, men dei lite maskuline karakteristikkane vil alltid gjere at dei to, Delia og Marathus, står i same samling.

³⁸Walters (1997, s. 31-32) Parker (1997, s. 49).

³⁹ Sjå også kommentar til 1.4.15-16.

Manuskript og overlevering

Tekstar som er overlevert under Tibull sitt namn er seine, men likevel såkalla gode. Overleveringa tuftar seg på to typar manuskript; på den eine sida finn ein dei fullstendige manuskripta, der det tidlegaste provet er frå seint 1300-talet evt. Av dei tre bøkene som inngår i *Corpus Tibullianum*, er Bok 1 og 2 dei som i dag er semje om at er ført i pennen av Tibull. Den tredje Boka, der ein finn dikt av både Lygdamus og Sulpicia, samt andre ukjende poetar, er overlevert saman med alle dei fullstendige manuskripta. Det eldste manuskriptet av Tibull sitt komplette korpus som vi kan datere relativt nøyaktig, er *Ambrosianus R. sup. 26* (som har forkortinga A når ein refererer til tekstlege forskjellar mellom dei ulike manuskripta) frå 1374. Det vart først erverva av Coluccio Salutati, og har namn etter det *ambrosiske* biblioteket i Milano der det vert oppbevara. Dei to neste, heile manuskripta er kodeksar frå tidleg 1420-talet. *Vaticanus Latinus 3270 (=V)* er datert til rundt 1420, var nedskrive i Firenze, og ligg tekstleg nært *Ambrosianus*; og, *Oxon. Bibl. Bodl. Lat. Class. d. 5 (30059) (=Ox)*, nedskrive i anten 1420 eller 1421.⁴⁰ Av desse manuskripta, samt fleire fullstendige versjonar av korpuset, er *Ambrosianus* det viktigaste.

På den andre sida finn ein ei gruppe av *florilegia* frå mellomalderen som har bidrege til ei fragmentert overlevering. Dette svarar til antologien – ei samling av litterære tekstar – der utdrag frå forskjellige tekstar eller forfattarar er sett saman til eit verk, ofte med eit felles tema, motiv, eller sjanger. Det ligg føre tre *florilegia* som bidreg til å stadfeste overføringa av Tibull før *Ambrosianus*, der det tidlegaste truleg stammar direkte frå ein karolingisk kodeks. Den første kjende nemninga av ein av Tibull sine tekstar kjem frå ein katalog i hoffbiblioteket i Aachen (Berol. Diez. B. Sant. 66) som kan daterast til omtrent år 790. Den kan synast å ha vore utgangspunkt for *Excerpta Frisingensia (= Fr.)* (i kodeksen Monac. Clm. 6292 -II) fordi utdraget siterer frå dikta i same rekkjefølgje. *Excerpta Frisingensia* utgjer altså den første kjende, nedskrivninga av eit verk av Tibull, sjølv om det berre inneheld 48 vers eller delar av vers. Det kan daterast til seint på 900-talet, eller tidleg på 1000-talet.⁴¹ Dernest kjem *Excerpta Veneta* (Venet. Marc. Lat. Z. 497 (1811)) som på 1000-talet vart samla av Lorenzo d'Amalfi ved klosteret på Montecassion. Han vart seinare læremeisteren til den framtidige pave Gregor VII.⁴² Dette florileget er av usikkert opphav, men kan ha stamma frå den same karolingiske kodeksen som *Fr.*, eller frå ein kopi gjort av denne i Fleury.⁴³ Det siste florileget, *Florilegium*

⁴⁰ Maltby (2002, s. 21).

⁴¹ Maltby (2002, s. 22).

⁴² Antolín (1996, s. 32).

⁴³ Maltby (2002, s. 22-23). Maltby har ikkje spesifisert nærare kvar Fleury er, men det er nærliggande å anta at det er snakk om Fleury Abbedi, eit munkekloster i Saint-Benoît-sur-Loire, i Loiret, i Frankrike.

Gallicum er frå midten av 1100-talet, og stammar truleg frå ein kodeks i Orléans som igjen har opphav i den karolingiske kodeksen. *Florilegium Gallicum* er meir omfattande enn dei to andre då det inneheld 250 linjer, men er «skamfare på grunn av overdriven tilpassing».⁴⁴

Den relativt seine overleveringa av *Corpus Tibullianum* medfører at det er eit glip på omtrent åttehundre år der ein ikkje veit om den originale teksten skrivi av Tibull er den som vi i dag kan spore lengst tilbake. På bakgrunn av modellen til verket og slik Tibull sine bøker 1 og 2 føreligg i dag, samt at Tibull døyde relativt ung,⁴⁵ er det relativt truleg at han ikkje fekk gjort ferdig Bok 2. Om det vi har tilgjengeleg i dag er alt det Tibull etterlet seg, eller om det kan ha førelagt meir tilgjengeleg materiale før den første kjende overleveringa, er vanskeleg å svare på, sjølv om ein alltid kan håpe.⁴⁶

Omsetjing, versemål, og Tibull sin « smekre» stil

Det eksisterer per dags dato ikkje noka omsetjing av Tibull sine elegiar til norsk, verken i prosastil eller til versemål. Som ein del av masteroppgåva har eg sett om dei valde tekstane til norsk. Omsetjingane er på ingen måte eit forsøk på ei litterær omsetjing, men har som ambisjon å vise at eg forstår tekstane eg har arbeidd med. Somme stader har rett forståing av den latinske teksten fått rang framfor ei særdeles god omsetjing. Dette har eg i så tilfelle peika på i kommentaren.

Store Norske Leksikon (SNL) har vore rettesnor for norske eigennamn i omsetjinga, men eg har ved fleire høve valt å bruke det romerske namnet på somme gudar, som for eksempel Bacchus, Priapus, og Apollo. Der eit norsk namn ikkje er tilgjengeleg, vert den latinske skrivemåten brukt. I omsetjinga er det også somme stader nokre ord som er skråstilte. Dette er gjort med det mål å leggje trykk på særskilde ord.

Sjølv om omsetjinga i denne masteroppgåva ikkje er dikta på nytt på det originale versemålet, *elegiske distika* – elegiske dobbeltlinjer, er det likevel teneleg å forklare enkelt kva dette tyder fordi desse omgrepa vil verte brukt seinare i oppgåva. Eit *elegisk distikon* er den

⁴⁴ Maltby (2002, s. 23).

⁴⁵ Ifølgje det kjende *Epigramma 33* tilskrive *Domitius Marsus*, (som levde på same tid som Ovid, (Conte, 1994, s. 426), var Tibull framleis *iuuenis* då han døyde. *Iuuenis* er fastsett som ein som er mellom tju og førti år, sjå *L&S* s.v. *iuuenis* 2. Det generelt aksepterte året for Tibull sin daud er seint år 19 eller tidleg år 18 fvt., og dei fleste reknar at Tibull vart fødd mellom år 55-48 fvt., som kan stemme overeins med at han framleis var *iuuenis* ved sin daud. For diskusjon om andre mogelege år for Tibull sin daud, sjå blant andre Avery (1960) som hevdar Tibull kan ha døydd så seint som år 17 eller 16 f.vt.; Schnur (1961) som avviser dette; og Avery (1961) som kjem med tilsvar.

⁴⁶ Sjølv om vi ikkje kan vite dette med sikkerheit, kjem Maltby (2002, s. 52) med ei kort analyse av organiseringa av Bok 2 som legg fram ei mogeleg løysing om at Tibull slett ikkje døyde frå eit uferdig verk. Kort sagt er det fleire tidlegare døme på samlingar med berre seks dikt, som kan ha vore modell for Tibull.

minste, sjølvstendige metriske delen i ein elegi. Ein slik del står av eit heksameter – eit seksfota daktylisk vers –, fulgt av eit pentameter – eit femfota vers på to og ein halv daktyl ganger to. Der det er relevant, vil originalen sitt versemål verte kommentert. Eg har prøvd å fylgje Postgate si teiknsetjing, men somme stader har eg måtta leggje til punktum eller komma for at det skal ta seg best ut på norsk.

Det er ikkje utan grunn at Tibull er omtala som både kultivert og elegant i sin skrivestil i antikken.⁴⁷ Ein kan trekkje linjer tilbake til Kallimakhos og følgjarane hans sin λεπτότης – «magre, eller tynne» måte å skrive på.⁴⁸ Tibull føyer seg i ei rekkje av romerske forfattarar som adopterte denne respektere stilen.⁴⁹ På 1960-talet vart stilen sine hovudtrekk oppsummert på dette viset: «berre høvelege og passande ord er tillete, orda er brukte i si eigentlege tyding, rekkjefølgja av ord er i seg sjølv rett fram, syntaksen er enkel, og motiva er fornuftige og funksjonelle i deira tiltenkte samanhengar».⁵⁰ Etter å ha vorte forfina gjennom Tibull sin poesi vert stilen ofte omtala som «slender» på engelsk, som på norsk meir kan oppsummerast som «smekker» – elegant og slank.⁵¹ Trass i ein slank stil, manglar det ikkje på morosame og finurlege litterære grep som gjer Tibull svært interessant. I motsetnad til dei andre romerske kjærleikselegikarane er dikta mykje meir flytande. Samanlikna med for eksempel Ovid som dediserer eit dikt til eit spesifikt tema eller motiv, let Tibull eit mangfalt av motiv overlappe kvarandre. Dette gjer at den som les eller høyrer dikta oppleest ikkje oppdagar at ein har vorte ført frå ein plass i både tid og rom til ein annan, før etter at det har skjedd. Eit særskilt eksempel er opninga av elegi 1.2,

Adde merum uinoque nouos compesce dolores,
Occupet ut fessi lumina uicta sopor,
Neu quisquam multo percussum tempora baccho
Excitet, infelix dum requiescit amor.
Nam posita est nostrae custodia saeua puellae,
Clauditur et dura ianua firma sera.
Ianua difficilis domini, te uerberet imber,
Te lovis imperio fulmina missa petant.
Ianua, iam pateas uni mihi, victa querelis,

5

⁴⁷ For *cultus*, sjå Ovid *Am.* 1.5.27-28, og for *elegans*, sjå Quintilian *Inst.* 10.1.93.

⁴⁸ λεπτότης er eit krunglete ord å setje om til norsk. LSJ s.v. λεπτότης set om til engelsk: «thinness, fineness, slightness, leanness». Eg meiner det er meir rett å bruke det engelske uttrykkjet subtlety – «finesse» på norsk, for det gjev eit klårare, og meir positivt bilete på stilen. Sjå LSJ s.v. II.

⁴⁹ Sjå for eksempel Vergil *Gjetarsongar*, spesielt 6.4-5., og Horats sine *Odar*, spesielt *Ode* 2.16.37-40

⁵⁰ Elder (1962, s. 79).

⁵¹ Sjå blant andre Gaisser sin introduksjon til Dennis & Putnam (2012), og Maltby (2002, s. 66, 4.2. The language of Tibullus). A. Keith (1999) sin artikkel *Slender Verse: Roman Elegy and Ancient Rhetorical Theory* er også hjulpsam for å illustrere fenomenet «slender verse» i den romerske elegien.

Fyll på vin, og tem nye sorger med vin,
 Slik at den djupe søvnen kan leggje beslag på mine utmatta, overvunne
 auger:
 Og la ikkje noko tid vekke meg med bakkhisk overflod 5
 Imens ufruktbar kjærleik finn ro.
 For ei hjartelaus vakt har vorte plassert hos jenta mi
 Og døra er stengd av ein sterk, tung slå.
 Du, dør, like brysam som eigaren, må ausregnet pryle deg.
 På Jupiters ordre, må lyn som er kasta angripe deg. 10
 Dør, vunne over av mi jamring, opn deg berre for meg.
 1.2.1-9, eiga omsetjing.

Diktet opnar på ein stad som kan minne om ein pub eller ein liknande stad der vin vert servert, via linje 5-6 som forklarar årsaka til å drukne sine sorger i vin, for så å plutseleg å stå framfor denne døra og tiltale den direkte.

Tibull spelar ofte på grammatiske grep og etymologiske ordspel i sitt korpus, ofte subtile element som ikkje er openberre ved ei første lesing. Eit eksempel er i 1.8.30 *ut foueat molli frigida membra sinu* – «slik at han kan varme sine kjølige lemmar i det mjuke fanget». I den originale latinske linja kan vi sjå at *molli ... sinu* faktisk omkransar *frigida membra*, slik det vil gjere i praksis om den eldre la seg i fanget til jenta/kvinna. Andre trekk som kan nemnast, og som vert poengtert i kommentaren der det er aktuelt, er den merkbare bruken av anafór – gjentakningar, ironi, didaktiske komponentar,⁵² og den svært avgrensa bruken av mytologiske element og settingar.⁵³ Kanskje det mest spanande grepet som Tibull nyttar seg av – etter mi meinig – er den ofte seine avsløringa av eit overraskande element som kastar nytt lys over heile elegien.

Om kommentaren

På grunn av at Tibull ikkje har vorte omsett til norsk har det heller ikkje kome til kommentarar på norsk om poesien hans. Dette vil seie at det ikkje har vorte publisert hjelpemiddel på norsk som lesaren av den latinske teksten eller ei omsetjing kan bruke for å

⁵² Spesielt Lukrets sitt verk *De rerum natura* står som modell for dette. Dette vil også kome fram i kommentaren der det er relevant.

⁵³ Henkel (2014) tek opp det metalitterære forholdet mellom den anatomiske foten og ein metrisk versfot som førekjem i både gresk og romersk poesi, men fokuserer særskilt på dette fenomenet hos Tibull. Dette er ikkje eit motiv eg har valt å leggje fokus på i denne oppgåva, men det er likevel interessant lesing og eit tema som vil vere spanande å sjå meir på.

forstå teksten og konteksten rundt han. Med dette meiner eg både den kulturelle konteksten og bakgrunnen, og den filologiske delen, altså det språklege. Kommentaren eg har utarbeid for denne oppgåva har tre mål: først, å forklare grammatiske og tekstlege sider ved Tibull sine dikt som kan synast uklære for ein lesar; dernest, å forklare dei grepa eg har gjort i omsetjinga mi; sist, å setje søkjelyset på dei stadane i dei utvalde dikta eg meiner er mest høvelege i samsvar med problemstillinga.

Kommentartradisjonen generelt er i større grad utbreia i andre europeiske land, slik som Storbritannia, Italia, Tyskland, og i høve Tibull sine elegiar skil *særleg* to moderne kommentatorar seg ut. Saman med at blant andre studia til Bright (1978) *Haec mihi fingebam*, og Cairns (1979) *Tibullus: A Hellenistic Poet at Rome* aktualiserte Tibull på slutten av 1970-talet, har Paul Murgatroyd sine kommentarar (1980, 1994) vore viktige for å fremje kunnskapen. På 1990-talet kan ein sjå ei auke i interessa for Tibull,⁵⁴ og då Robert Maltby (2002) kom med sin svært utfyllande kommentar til samling 1 og 2.⁵⁵ Av heilt nyleg dato må Laurel Fulkerson (2017) sin kommentar *A Literary Commentary on the Elegies of the Appendix Tibulliana*, som ikkje dekkjer Tibull, men dei tilknyta dikta i Bok 3 av *Corpus Tibullianum*, nemnast.

Som heimel for kommentaren brukar eg Johannes P. Postgate si utgåve *Tibulli Aliorumque Carminum Libri Tres*, 2. utgåve frå 1962, som er ein del av *Oxford Classical Texts*, heretter berre omtala som OCT. Postgate si utgåve inkluderer eit kritisk apparat, og vil vere målestav for markering av ord og utdrag frå teksten. Alle punkt i kommentaren der eg refererer til linjenummer – som i omsetjinga står på venstre side – er henta frå denne utgåva. Om andre tekstutgåver skil seg frå den av Postgate, vil eg referere til den eller dei utgåvene og ta utgangspunkt i Postgate si.

I kommentaren har eg valt å følgje Postgate sin skrivemåte av latinen for *u* og *v*, dette vil seie at bokstaven *v* alltid vert skrive som *u*. Dei einaste unntaka er dei siste linjene i dikt 9 som illustrerer ein votivinskripsjon skriven med store bokstavar, og i eigennamn som sjølvsagt vert skrive med stor førebokstav, for eksempel *Vulcanus*.

I somme høve er dei forskjellige tekstutgåvene ueinige om eit ord er eigennamn eller fellesnamn, for eksempel er ordet *venus* eller *Venus* forskjellig skrive i mange tilfelle. Der dette er eit tema, vil det verte teke opp og gjort greie for.

⁵⁴ Sjå for eksempel Kennedy (1992); P. A Miller (2004); Wray (2003).

⁵⁵ Ifølgje University of Leeds sine Classics-heimesider arbeider Maltby med tekst, omsetjing og kommentar til Bok 3 frå *Corpus Tibullianum*. (informasjon henta 03.08.2018).

Utføringa av kommentardelen

Det ligg i oppgåva sin natur at ikkje alt kan kommenterast. Somme parti er dermed samla i større bolkar med fleire linjer som vert kommenterte saman. Dette fordi eg ser det teneleg å kommentere lengre parti som omhandlar det same, saman, fordi det skapar betre flyt, og fordi det er med å fremje dei passasjane eg ser som særleg viktige i lys av problemstillinga. Der noko er utelete frå kommentaren, er det for å prioritere det som eg har sett som mest relevant i samsvar med problemstillinga. Tal som markerer linjenummer er sett i feit skrift, saman med den latinske teksten (frå OCT) i dei gjeldane verselinjene. Dette gjeld også alle ord og setningar eg kommenterer, slik at det vert mest mogeleg oversiktleg. Alle omsetjingar som ikkje er andre referansar til, er mine egne.

Spørsmålet om det er eit skilje mellom poeten og poet-eg-et som er subjekt gjennom store delar av elegiane, er ikkje alltid like enkelt å svare på. For å gjere det lettare å skilje dette her, brukar eg «poeten» kvar gong det er snakk om den personen som har dikta elegiane, og «Tibull» for poet-eg-et som handlar i fiksjonsdimensjonen. For at det ikkje skal vere tvil, vil eg til sist peike på at eg i kommentaren brukar «samling» og «bok», «elegi» og «dikt», og «kuplett» og «versepar» om kvarandre for å veksle og få betre flyt.

Del 2

Omsetjingar

1.4

«La skuggefulle tak stå nært deg, Priapus, slik at
verken sola eller snøen kan skade hovudet ditt.
Korleis erobra kløkta di dei vakre gutane?
Skjegget ditt skin ikkje, du har ikkje elegant hår,
naken held du ut den vinterlege solvervskulden, 5
og naken, den sommarlege Sirius sine tørre tider.»
Slik sa eg. Då svara guden utrusta med krum sigd,
Bacchus sitt bondske avkom, meg slik:
«Å, unngå å tiltru deg til den ømme gjengen av gutar,
for dei har alltid ein gyldig grunn til kjærleik. 10
Han her er kjær fordi han temjar hesten med stramme taumar;
han der fordi han treff stille vatn med snøkvitt bryst.
Han der vart vald fordi frekkheita er frisk;
jomfrueleg blygheit står framfor mjuke kinn for han der, derimot.
Men la ikkje ulysta ta deg dersom det kan skje at han vil svare 15
«nei» først; etter kvart vil han leggje nakken under åket.
Tida lærte løvene å lystre mennesket,
tida tærer på steinen med blautt vatn;
året vil mogne vinstokkane i solvarme bakkar,
året driv det skinande vêrteiknet med sikker veksling. 20
Frykt ikkje å sverje: vindane fører med seg elskoven sine
ufarlege eidar over land og bølgetoppar.
Stor takk til Jupiter: Faderen sjølv forbaud at det skulle vere gyldig
kva enn klønete kjærleik glupsk hadde svore:
Diktyнна tillèt utan straff at du sver ved hennar piler, 25
og Minerva tillèt det ved sitt hår.
Dersom du derimot er treig kjem du til å feile. Kor brått ungdomstida vil
vere over. Dagen står ikkje stille og den kjem ikkje tilbake.
Kor brått jorda mistar sine strålande blomar,
kor brått den høge poppelen mistar sine vakre blad. 30
Kor kraftlaus hesten ligg, som før vart slept ut frå startboksen
i Elis, når den kraftlause eldelagnaden er komen.
Eg såg eingong ein ungdom som sørgde, etter at ein meir alvorleg alder tyngde han,
over at dumskapen sine dagar hadde gått forbi.
Brutale gudar! Den nye slangen frir seg frå sine år: 35
lagnadsgudinnene har ikkje forårsaka forlenging for det vakre.

Uforgjengeleg ungdom er kunn for Bacchus og Apollo:
for baa gudane har nemleg langt, uklypt haa.
Du vil gje etter for alt det ungguten din vil ha lyst til aa praaevae:
kjaerleik vil vinne mest med ettergjevande framferd. 40
Og ikkje nekt aa reise som foelgje, sjoolv om vegen viser seg lang
og Sirius vil brenne marka med uttorkande toerst.
Sjoolv om regnbogen kantar himmelen med moerk purpur
Og kler seg regnfull i komande vatn.
Eller om han vil reise over det moerkebla havet med skipet, 45
driv sjoolv robaaeten over sundet med aara.
Ikkje angr paa at du tek paa deg det harde arbeidet eller
at dei uvande hendene er oeydelagde paa grunn av arbeid.
Eller, dersom han vil jakte med nett i djupe dalar,
sa lenge du gledar han, skal ikkje akslene dine nekte aa bere nettet. 50
Dersom han vil fekte, praaev aa fekte med ei mild hoegrehand;
blott ofte brystet nakent slik at han kan vinne.
Daa vil han verte mogen for deg, daa vil han tillate at du kan
stele kjaerkomne kyss; han vil kjempe imot, men overgje dei stolne kyssa til deg.
Foerst vil han gje stolne kyss, etter det vil han sjoolv gje kyss til den som spaer, 55
sa vil han stadig slynge seg om halsen din.
Uff! Desse tider behandlar ulukkelege kunstar daerleg:
ein sped gut er no vand med aa ynskje gaaver.
Du derimot, som foerst laerde aa selje elskoven,
kven enn du er, maatte ein tung stein tynge dine bein. 60
Elsk Songdisene, gitar, og laerde poetar,
og ikkje la forgylte gaaver overga Songdisene.
Nisus sitt haa er purpurfarga i songen: om songane ikkje eksisterer
ville ikkje elfenbein fra Pelops sine aksler ha skine.
Han som Musene kom tilbake med skal leve sa lenge jorda ber tre, sa lenge 65
himmelen ber stjerner, og elva ber vatn.
Han som derimot ikkje ensar Musene, som sel kjaerleiken,
la han verte fylgd av den Idaiske arbeidsvogna,
og la han tilbakeleggje trehundre byar med villfaringar,
og la han skjære av sine verdilause lemmar til frygiske tonar. 70
Venus sjoolv vil vere paa ein stad med smiger: ho har sympati
for ulukkelege taarer, fortiggande klagerop.»
Guden sa desse ting til meg som eg ville kvede for Titius:
men hustrua hans forbaud at Titius skulle hugse dette.
La han lya ho: De, som den slu guten styrer med 75
kunstferdige triks, pris meg som meister.

Æra er for ein kvar: dei elskande som verte dumpa
rådslår med meg: døra mi er open for alle.

Det kjem ei tid då ein ivrig gjeng av ungdomar vil leie
gamlingen som ber på Venus si lære.

Huff! Kor mykje Marathus torturerer meg med langvarig
kjærleik! Mine kunstar sviktar, og all mi list sviktar.

Spar meg, gut, eg ber, for at eg ikkje skal vere ei skamlaus historie
når dei ler av mine nyttelause råd.

80

1.5

Eg var krass og sa eg tola eit brot godt:

men no står ikkje det modige skrytet meg lengre bi.

For eg vert driven slik ein hurtig snurrebass vert over ei flat mark med piskeslag,

ein snurrebass som ein livleg gut spinn med vand kunst.

Brenn og flå villheita mi for at det ikkje skal lyste å seie

noko storslått etter dette: tem dei trugande orda mine.

Ver snill likevel, eg spør ved forbundet i den stolne senga,

ved venleiken, og ditt hovud som ligg saman med meg.

Med mine løfter er eg sagt å vere han som redda deg

då du utmatta låg sjuk med ein fæl feber:

og sjølv lutra eg rundt deg med reinsande svovel

etter at den gamle kona hadde sagt fram trylleformular med magisk song;

sjølv passa eg på at dei brutale draumane ikkje kunne skade deg,

tre gongar med heilag salt korn for å førebyggje draumane med bønner;

innhylla i ullband og med uknytt tunika gav eg sjølv

ni løfter til Trivia i den stille natta.

Eg betalte alle løfta: no nyt ein anna kjærleiken,

og lukkeleg er han som dreg fordel av mine bønner.

Tåpeleg dikta eg meg eit lukkeleg liv dersom du

var i god behald, men guden nekta.

Eg skal dyrke markane og mi Delia skal hjelpe som oppsynskvinne for

avlinga: imens vil treskeplassen treske avlingane ved berre å vere varm,

eller, ho vil oppbevare vindruer i fulle trau for meg,

og presse fyldig, kvit vin med ein kvikk fot.

Ho vil venje seg til å telje fe; eit pludrande slaveborn

vil venje seg til å leike i si elskande herskerinne sitt fang.

Ho vil ha kjennskap til å sette fram vindruer til bondeguden

for vinstokkane, kornaksar for avlinga, offermåltid for buskapen.

La *ho* styre over alle, la alt vere hennar omsorg:

la det glede meg ikkje å vere noko som helst i heile huset.

Min Messalla skal kome her, la Delia plukke

søte eple frå utvalde tre til han:

og med stor respekt for ein så stor mann vil ho ivrig dra omsorg for han,

som ivrig vert vil ho sjølv stelle i stand og føre gjestebodet.

Dette dikta eg for meg, desse ynskja som både Austanvinden og Sønnavinden

no kastar over dei velluktande armenske marker.

Ofte prøvde eg å jage desse ynskja med vin:

men sorga forvandla all vin til tårer.

Ofte heldt eg ei anna kvinne: men då eg nærma meg
 orgasme, minna Venus meg på herskarinna mi, og så forsvann ho. 40

Då kvinna forlét meg sa ho at eg var forheksa,
 så sa ho – Å, skamma! – at jenta mi har kjennskap til svartekunst.
 Jenta mi gjer ikkje dette med trylleurter, ho forheksar med sitt vakre ytre,
 kjæle armar, og med gyllent hår .

Slik vart den blåauga nereida Thetis eingong trekt til 45
 tessaliske Pelevs på ein tøyla fisk.

Dette har skada meg. Den listige bordellvertinna har kome
 for min undergong, fordi ein rik elsker er her.

La ho ete blodig offermat og la ho sørgmodig drikke
 med blodig munn frå gallefylte beger: 50

la spøkjelse remjande over lagnaden hennar alltid flakse rundt ho,
 og la ei vill ugle skrike frå taket:

etter at ho er frå vitet av stikkande svolt, la ho søkje både urter på graver
 og etterletne bein frå ville ulvar;

la ho springe med nakent underliv, ulande igjennom byen, 55
 la så ein sint hundehorde frå korsvegen jage ho.

Det vil skje; guden gjev teikna: viljen er for den som elsker,
 og den forsømde Venus rasar på grunn av ei urettferdig avtale.

Du derimot, som først kom i forkjøpet, forlat den rovlystne hekse
 sine reglar: for all kjærleik vert overvunne av gåver. 60

Den fattige vil alltid vere ved di hand: fattig vil han
 kome først, og urokkeleg vil han vere ved di yndige side:

fattig, som ein trufast følgjesven i den tronge folkemassen vil
 han både rekkje ut ei hand og lage veg for deg:

den fattige vil i hemmelegheit føre deg til lumske vener, 65
 og sjølv fjerne sandalane frå då din snøkvite fot.

Uff! Eg syng forgjeves. Den overvunne døra vil ikkje opne seg for ord,
 men den bør bankast på med ei full hand.

Men du som no kjenner deg sikrare, frykt mine listige knep:
 det lettsindige vert snurra i bana til det raske hjulet. 70

Ikkje forgjeves står ein viss no alt på dørstokken,
 ofte speidar han ivrig, og trekkjer seg tilbake

og lét som han skal spasera heim. Snart deretter, skundar han seg
 tilbake, åleine, og kremtar stadig framfor døra hennar.

Eg veit ikkje kva stolen kjærleik steller i stand: eg ber, 75
 nyt han imens det er mogeleg: båten din flyt på strøymande vatn.

1.6

Alltid, for å lokke meg sender du ømme blick til meg,
seinare, Amor, er du mørk og hard mot den ulukkelege.

Kva skal du med brutaliteten din imot meg? Er det kanskje
ei stor ære for gudane å ha pønska ut feller for mennesket?
For snarene vert lagt ut for meg: kven listige Delia no kjærteiknar
i smug i den stille natta, det veit eg ikkje. 5

Ho nektar derimot iherdig, men det er vanskeleg å tru på:
slik nektar ho dessutan fullstendig om meg til sin mann.

Eg sjølv, – ulukkelege! – lærde ho på kva måte ho kunne narre
vaktene: – Nei, uff! No vert eg plaga av min eigen kunst. 10

Den gongen lærde ho å finne på grunnar for at ho kunne sove åleine,
at ho kunne opne dørene med lydlause dørtappar:
så gav eg ho juicar frå urter som merka forsvann av,
dei som den lånte elskoven laga med tennene.

Men du, den trulause jenta sin ektemake, for at ho ikkje skal
synde må du halde auge med meg også, 15

eller, pass på at ho ikkje oppsøker ungdomen med mykje snakk,
eller at ho ikkje ligg til bords med nakne bryst og med flagrande tunika,
eller at ho bedreg deg med hemmelege nikk, og at ho ikkje duppar
fingeren i vinen og formar hemmelege teikn på den runde bordflata. 20

Så ofte som ho vil gå ut, – engst deg! – sjølv om ho seier at
ho vil besøkje Bona Dea sin heilagdom – menn har ingen åtgang.

Om du derimot tiltrur ho til meg, skal eg åleine følgje ho til alteret:
eg vil ikkje engste meg for å ha sett noko med auga.

Ofte, med det påskotet at eg ville granske edelsteinane
og ringen hennar, hugsar eg at eg rørde handa: 25

ofte forårsaka eg søvn for deg med vin. Eg sjølv derimot, triumferande,
drakk edruelege beger med vatn i stadenfor.

Eg krenka deg ikkje med vilje: tilgje det eg har avslørt.
Amor gav ordren: kven kan bere våpen mot gudane? 30

Eg skjemst ikkje av å seie sanning no, eg er han
som hunden din angreip heile natta.

Kvifor er det naudsynt for deg med ei øm hustru? Dersom du ikkje
veit å passe på dine godar, så er nøkkelen forgjeves i døra.

Ho held deg, ho stønna for andre elskarar, og brått
let ho som at ho har hovudverk. 35

Tiltru til meg å passe ho: eg avslår ikkje harde piskeslag,

eg unndreg meg ikkje fotlenker.
Så hald dykk langt vekke, ein kvar som steller håret med kunstferdigheit,
og som har toga som flagrar med laus fald: 40
og la ein kvar som møter oss stå langt framfor eller på ein annan veg,
for at han ikkje skal kunne bere eit lovbrot.
Slik gjev guden sjølv ordre om å la skje, slik spådde den
store prestinna med guddommeleg røyst for meg.
Avsindig, når ho var besett av Bellona sin lidenskap, frykta ho verken 45
den hissige flammen eller den slyngde piskan:
heftig piska ho sjølv sine armar med tviægga øks, og fri for
straff dynka ho gudinna med blod i frie straumar,
og ho står gjennombora med spyd i sida, ho står med såra bryst, og
lagnaden syng dei ting som den store gudinna openberrar. 50
«La vere å krenke den jenta som Amor held auge med,
for at ein etterpå ikkje skal angre å ha erfart frå den store vondskapen.
Om nokon rører ho vil rikdomen flyte vekk, slik blodet
vil flyte frå vårt sår, og slik denne oska vert vekke i vindane».
Og eg veit ikkje kva straffar Bellona sa var for deg, mi Delia: 55
dersom du likevel tilstår, ber eg om at ho skal vere mild.
Eg sparar deg ikkje for di skuld, men fordi mor di rører meg,
og strålande og gamal vinn ho over harmen min.
Ho fører deg fram til meg i skuggane, og med stor frykt
foreinar ho våre tause hender i løyndom: 60
og om natta, klistra til døra ventar ho på meg, og på
avstand kjenner ho lyden av føtene når eg nærmar meg.
Lev lenge for mi skuld, søte, gamle dame: eg vil, om gudane sin vilje
er slik, at mine eigne år vart foreina med dine.
eg vil alltid elske deg, og på grunn av deg, alltid dottera di: 65
kva enn ho gjer er ho likevel ditt blod.
Lær vekk, la ho vere kysk sjølv om hovudbandet ikkje knyter
det bundne håret og den lange stolaen ikkje hindrar føtene.
Og om vilkåra er strenge for meg vil eg ikkje kunne prise ei anna
dersom Delia nærmar seg mine auger; 70
Og dersom ho trur at dette vil feile, la meg ufortent verte både
slept etter håret og dregen nasegrus etter vegane.
Eg vil ikkje slå deg, Delia, men dersom denne galskapen skulle ha komme,
ville eg ha valt å ikkje ha hender.
Ikkje ver kysk på grunn av brutal frykt, men på grunn av eit trufast sinn: 75
måtte gjensidig kjærleik passe på deg når eg er vekke.

** ** ** ** **

Men ho som ikkje var tru mot nokon, etter at ho tapte for alderdomen, fattig

trekkjer ho ut den oppvikla tråden med skjelvande hand

og ho knyter dei faste lykkjene til den leigde veven,

og ho reinsar den trekte, karda ulla frå det snøkvite skinnet.

80

Flokken av ungdomar ser dette med glede i sinnet, og dei minner

om at den gamle med rette ber all ulukka:

Venus skodar ho gråtande frå det høge Olympos,

minner om kor kjenslelaus ho er mot dei trulause.

La desse skjellsord falle på andre: la oss bære, Delia, vere av

kjærleiken sitt eksempel, også når håra er kvite.

85

1.8

Eg vert ikkje heldt uvitande om det ein elskande sine
nikk eller kva ømme ord frå kviskring kan røpe.
Verken orakelsvara eller leveren som kjenner gudane sin vilje var for meg,
og lagnaden sin fuglesong varsla ikkje for meg:
Venus sjølv, med ein magisk knute for å tjore hendene, 5
lærte meg dette grundig med mange piskeslag.
Slutt å late som: guden brenn meir brutalt dei som
han ser uviljug legg seg under for han.
Kva nyttar det deg no å stelle det mjuke håret
og ofte å ha ordna dei forandra lokkane, 10
kva nyttar det å pynte kinna med skinande raudfarge, kva nyttar det
å ha trimma neglene med ein meister si lærde hand?
Forgjeves vert kledda dine no skifta, forgjeves stilen,
og ei stram sandallykkje som samlar dei samantrykte føtene.
Ho der gledar sjølv om ho kjem med eit ustelt andlet, 15
ho har ikkje ordna det vakre hovudet med langsam kunst.
Ei gamal kjerring har vel ikkje forheksa deg med trolldomsvers, med urter
som gjer deg bleik gjennom natta si stille tid?
Trylleregler flyttar korn frå grannemark, og regler
held tilbake den harme slangen på sin veg, 20
og regler forsøker å trekkje ned Månen frå vogna, og den ville
gjort det dersom ikkje bronsetrompetane avvisande larmar.
–Uff! Kvifor klagar eg over at trolldom og urter har skada den ulukkelege?
Venleiken dreg ingen fordel av magiske hjelpemiddel.
Men det skadar å ha rørt kroppen, å ha utveksla lange 25
kyss, å ha vikla lår med lår.
Husk *du* likevel ikkje å vere vanskeleg med guten:
Venus straffar alvorlege gjerningar med hemn.
Krev ikkje gåver: la den kvithåra elskaren gje gåver, slik at
han kan varme sine kjølige lemmar i det mjuke fanget. 30
Meir dyrebar enn gull er den ungdom som har glatte kinn som skin,
og som ikkje gnir med ei skjeggfull omfamning.
Legg du dine skinande armar under skuldrane hans,
og la den store kongen sine verk verte sett ned på.
Men Venus, derimot, tenkjer ut ein måte å ligge med guten i smug, 35
idet han fryktar og stadig viklar saman ømme bryst,
og han stynja andpusten idet tungene slåst for å gje våte

kyss, og for å setje merker på halsen med tennene.
Edelsteinar og perler hjelper ikkje ho som søv åleine i kulden,
og ho som ingen mann har lyst på. 40

Uff, for seint vert kjærleiken kalla tilbake, for seint vert ungdomen framkalla igjen når
den gråherda alderdomen har farga ditt gamle hovud.
Då er det ein vitskap om ein ven utsjånad: *då* vert håret endra
slik at det skjuler alderen med nøttebrun farge:
då er bekymringa å dra ut dei kvite håra med rota 45
og å ta tilbake ein ny utsjånad med hjelp av å fjerne hud.
Men imens din ungdomsalder blomstrar for deg, utnytt den;
den glir ikkje vekk på ein langsam fot.
Ikkje pin Marathus: kva ære er det i ein vunnen gut?
Ver hard, jente, mot dei gamle menn. 50

Eg ber, spar den tandre guten: han har ikkje ein farleg sjukdom,
men altfor stor kjærleik fargar kroppane våre gule.
Eller kor ofte kasta han – stakkars! – vemodige klandringar mot
den fråverande, og alt vart gjennomvått av tårer.
«Kva ser du ned på meg for?», spør han. «Vakta kunne blitt vunne over: 55
guden sjølv tillét dei elskande det å kunne føre bak lyset.
Eg kjenner Venus sine skjulte påfunn, slik som at den stille pusten
vert ført, slik som at stolne kyss ikkje forårsakar lyd;
og tilmed midt på natta kan eg snike meg umerka inn,
og i smug opne dørene utan bråk. 60

Kva nyttar kunstar, dersom den hjartelause jenta ikkje bryr seg
om den ulukkelege elskaren og flyktar frå nettopp denne senga?
Eller når ho lovar, men trulaust sviktar ho brått,
og med mange pinsler ligg eg vaken heile natta.
Imens førestiller eg meg at ho skal kome til meg, og kva enn som 65
vert sett i bevegelse så trur eg at hennar føter lagar lyd»
Slutt å grine, gut: ho vil ikkje verte temja,
og dei medtekne augene dine er alt hovne på grunn av gråt.
Eg minner deg på, Pholoe, gudane hatar hovmod,
det nyttar ikkje å ha gjeve dei røykjelse ved dei heilage alter. 70

Denne Marathus gjorde ein gong narr av ulukkelege elskarar,
uvitande om at ein hemnande gud var bak hovudet hans;
dessutan vert det sagt at han ofte lo av tårene til han som sørgde,
og at han hindra den forelska med ei oppdikta hindring:
no hatar han hovmodet, no plagar det han at døra er 75
er stengt med ein hard slå.

Straffa ventar deg derimot, dersom du ikkje sluttar å vere arrogant.

Å, kor mykje ynskjer du å kalle tilbake denne dagen med løfter!

1.9

Kvifor, dersom du tenkte å krenkje mine stakkars elskovseventyr,
gav du meg løfter om eit heilag forbund ved gudane, for å krenke det i skjul?
Ah! Stakkars, om ein skjuler lygnene først,
så kjem Poena likevel, om enn seint, på stille føter.
Spar han, himmelgudar: det var rettferdig å tillate dei vakre 5
å krenkje dykkar viljar ein gong utan straff.
Søkjande etter fortенeste koplar bonden oksane til den eigna plogen
og han driv det harde jordsarbeidet.
Det er vinning dei ustø skipa søkjer, rettleia av ei fiksstjerne, 10
over hava som er foreldre til vindane:
guten min har blitt fanga av gåver. La derimot denne guden gjere
gåvene om til oske og rennande vatn.
Snart skal han betale straff til meg, og støv vil ta vekk yndet,
og håret gjort bustet av vinden;
ansiktet vil verte brent, håret vil verte brent av sola, 15
og den lange vegen vil gnage på dei kraftlause beina.
Kor ofte advarte eg: «Ikkje gris til utsjånaden med gull:
mange vonder brukar å lure under gullet.
Dersom nokon som er gripen av rikdom mishandlar kjærleiken, 20
er Venus både streng og vanskeleg mot han.
Brenn heller hovudet mitt med eld og angrip kroppen med kniv
og kutt i stykke huda med ein tvinna pisk.
Håpet vil ikkje skjule at du er rusta for å synde:
guden veit, han som forbyr at svika er skjult.
Guden sjølv tillèt med lettheit at den stille 25
tenaren sa frie ord etter mykje vin:
guden sjølv har befala at dei som var tamde av søvnen skulle
sleppe laus stemma og at dei mot sin vilje skulle seie det gjorte som bør vere skjult».
Dette sa eg: no skjemst eg over at eg gråt då eg snakka, 30
no skjemst eg over at eg låg utstrekt framfor dei tandre føtene dine.
Då svor du til meg at du ikkje ville selje tiltrua di for noko vekt
av rikt gull, ikkje for juvelar,
ikkje om Campania sitt område, ikkje om Bacchus sin yndling,
den falerniske mark,– vart gjeve til deg som betaling.
Med desse orda kunne du tatt frå meg at himmelen sine stjerner skin 35
og at elva sine vegar går nedover.
Ja, du grein til og med: men eg som ikkje er dyktig til å svike, tørka

stadig godtruande dei våte kinna dine .
 Kva skal eg gjere, om du ikkje er forelska i ei jente?

La ho vere, eg ber, la ho vere upåliteleg etter ditt eksempel. 40
 Å, kor ofte bar eg ikkje sjølv som træl mang eit lys midt på natta
 for at ikkje nokon skulle høyre orda!
 Ofte kom ho mot di forventning, som ei gåve frå meg, og skjult
 gøymde ho seg bak dei stengde dørene.

Då smuldra eg trist opp, einfaldig stola eg på å verte elska: 45
 for eg kunne ha vore meir varsam for dine snarer.
 Ja, med eit inspirert sinn song eg til og med lovord til deg,
 men no skjemmast eg over meg sjølv og Songdisene.
 Eg skulle ynskje at Vulcan svidde dei dikta med ein forrykande
 flamme, og at straumen utsletta dei med rennande vatn. 50
 Hald deg langt vekke frå her, for deg handlar det om å selje venleiken din
 og å ta heim ei full hand med pengar.

Men du som våga å forderve guten med gåver,
 må hustrua di ustraffa gjere narr av deg med stadige svik,
 og når ho har utmatta ungdomen i skjult samkvem, 55
 la ho då likegyldig ligge med deg, med teppet lagt i mellom.
 Må framande flekkar alltid vere i senga di
 og la alltid det forsvarsause huset stå ope for kåte menn:
 la det ikkje verte sagt at di lausaktige syster har drukke fleire beger,
 eller at ho har vorte ferdig med fleire menn. 60
 Selskapa oppnår ofte å lokke ho til vinen,
 heilt til Lucifer sitt oppståtte hjul vil framkalle dagen:
 ingen vil kunne øydsle vekk natta betre enn ho,
 eller ha planlagt sine bragder, sine forskjellege stillingar.

Men kona di, *derimot*, har lært det grundig: du, din idiot, 65
 merkar ikkje når ho med tilvent kunst bevegar kroppen for deg.
 Trur du at det er for deg ho ordnar lokkane,
 eller greier det fine håret med ein fintanna kam?
 Forfører denne utsjånaden, slik at ho både bitt overarmene
 med gull og går ut pynta med tyrisk toga? 70
 Ho vil synast vakker, ikkje for deg, men for ein viss ung mann,
 ho kunne ofra både rikdomen og huset ditt for han.

Ho gjer ikkje dette med skuld, men ei danna jente skyr
 kroppen med hesleg gikt og den gamle si omfamning.
 Guten min har likevel lagt ved sidan av han: eg trur 75
 at han kan foreine sex med ville beist.

Våga du å selje mine kjærteikn til ein annan mann, din tosk,
å tilby mine kyss til andre?

Visst skal du gråte då, når ein annan gut har meg bunden i si makt,
og med overlegent herredøme herskar han i ditt rike.

80

Straffa di, derimot, vil glede meg då; og la eit forgylt palmeblad
som er opphengt til høvets verdige Venus, uttrykkje:

«TIBULL, FRIGJORT FRÅ DEN TRULAUSE KJÆRLEIKEN, TILEIGNAR DEG DETTE,
GUDINNE, OG BER OM AT DU MÅ VERE AV EIT TAKKSAMT SINN.»

Del 3

Kommentarar

1.4

Den fjerde elegien i Bok 1, og samstundes det første diktet i Marathus-syklusen, endrar drastisk tema frå dei heterofile dikta om affæra med Delia, til pederasti og erotodidaktiske tonar når orda vert lagt i munnen på ein statue av fruktbarheitsguden Priapus. I tillegg legg elegien grunnlaget for å fremje *seruitium amoris* i eit forhold mellom to maskuline partar (Drinkwater, 2012, s. 426) Diktet er forma som ein tenkt dialog mellom eg-et og Priapus, der brorparten er ein lengre monolog av Priapus som underviser i kunsten å tiltrekkje seg, og å halde på unge gutar som kjærastar.

Elegien opnar med ein førespurnad om korleis Priapus fangar merksemda til unge gutar for å ha eit forhold med dei (1-6), følgd av ein overgongskuplett (7-8), før Priapus si forelesing (9-72). Denne tala som kan delast inni seks delar, byrjar med å ramse opp dei ulike, forlokkande grunnane til å elske gutar (9-14); ha tolmod i prosessen (15-20); ver budd på å gje falske løfter (21-26); grip augneblikket og handl i den rette tida (27-38); gjer kva enn den unge guten ynskjer, også om det krev fysisk strev (39-56). Så kjem først ein del om at gutar bør setje poesi og poetar framfor rikdom, deretter ein del om kva som bør skje med den som ikkje set pris på det som Musene har inspirert til (57-72). No får vi vite at diktaren ikkje ber om råd til seg sjølv, men på vegner av Titius som har ei kone som ikkje vil la han bruke desse råda (73-74). Etter dette framstiller Tibull seg sjølv som ein kjærleikslærar, *praeceptor amoris*, som kan lære vekk det han har lært av Priapus (75-80). Diktet tek ei uventa vending i dei siste linjene der det viser seg at det faktisk er Tibull sjølv som treng råd, sidan han ikkje har suksess i romansen/affæra med sin utvalde, unge gut, Marathus.

1-2 ‘SIC umbrosa tibi contingant tecta, Priape, | ne capiti soles, ne noceantque niues:

Priape. Vokativ. Personifisering av ei statue av Priapus, gud for seksualitet, fertilitet, og bondelandskap. Eg har valt å behalde den latinske skrivemåten for namnet. Sjå og 1.1.18 der Priapus er nemnd første gong hos Tibull, der som fugleskremsel, *terreat ut saeua falce Priapus aues*, «Slik at Priapus kan skremme fuglane med sin fryktelege sigd». **umbrosa ... tecta.** Normalt sett sto statuer av Priapus ute i all slags vêr, men Tibull ber her om at den nakne (*nudus*, linje 5 og 6) guden skal få stå under tak, truleg for å fremje velvilje. Hos Theokrit har han for eksempel fått ly av eiketre, sjå *Epigram* 4.

3-4 quae tua formosos cepit sollertia? certe | non tibi barba nitet, non tibi culta coma est; formosos. Adjektiv, her brukt som substantiv. **coma.** Prodelisjon av *est*. Eit av fire eksempel i Bok 1 og 2 som følgjer eit tostavingsord som endar på -a. (1.4.4, 1.10.4, 2.6.10, 44). **tibi ... tibimmm.,** Eigedomsdativ (possessiv dativ). **non tibi ... coma est.** Priapus er ustelt, men likevel klarer han å lokke til seg alle dei vakre gutane.

5-6 nudus et hibernae producis frigora brumae, | nudus et aestiui tempora sicca Canis.’

nudus. Anafór, gjentakingsfigur der fleire setningar eller setningsdelar byrjar med det same ordet (Eide, 2015). Det kan vere minst tre grunnar til at Priapus vert framstilla som naken, i tillegg til det faktum at han ikkje har kle på seg, for *nudus* som «avkledd», sjå OLD s.v. *nudus* 1. α) For *nudus* i tydinga «å ikkje ha ly/tak over hovudet», sjå OLD s.v. 11; β) For å seie at han er fattig. Fordi han er naken har han heller ingen lommar til å ha pengar i (Cairns, 1979, s. 37), sjå OLD s.v. 10; γ) deretter er han «fattig» med tanke på kultur i det at han er ein rustikk og «upolert» gud, jf. *non tibi culta* (linje 4). Ved at guden vert framstilla naken vert også den store fallosen som er eit av Priapus sine kjenneteikn meir tydeleg. **producis.** Her er meiniga at statuen står ute over lang tid, at ein aktivitet vert dregen ut i tid, sjå OLD s.v. *produco* 10b. For å setje dette om til god norsk har eg sett det naudsynleg å møtast på halvvegen mellom god norsk og det som står i den latinske teksten. Difor har eg sett *producis* om til «held du ut». Det meiner eg er eit godt alternativ av den grunn at det får fram tidsaspektet som ligg til grunn det latinske ordet. **hibernae ... brumae / aestiui ... Canis.** *Hibernae brumae* er genitiv, eintal. *Hibernae brumae* er den kortaste dagen i året, vinteren, og oppgongen av *Canis* markera dei varmaste dagane av sommaren, i.e. Hundedagane. For *Canis*, sjå og 1.1.27-28 *sed Canis aestiuos ortus*

uitare sub umbra | arboris, «(tilfreds med) å unngå Canis sin sommaroppgang under skuggen av eit tre». Sjå også Tibull 1.4.41-42.

7-8 sic ego: tum Bacchi respondit rustica proles | armatus curua sic mihi falce deus.

proles: Eit ord med episk tyngd, sjå for eksempel Cicero *De Or.* 3.153, og Quint. *Inst.* 8.3.26. I samanhengen her gjer bruken narr av den heroiske tonen. *Proles* vert hos Tibull også brukt i 1.3.79, *et Danai proles*, «og Danaos sitt avkom». *Bacchi ... proles*, Priapus skal ha vore sonen til Bacchus, jamfør *Anth. Pal.* 10.15.7f., og OCD s.v. *Priapus*. **armatus ... falce.** *Armatus* høyrer til militærspåket. For Priapus og sigden, *falce*, sjå Vergil *G.* 4.110 *et custos furum atque auium cum falce saligna | Hellespontiaci seruet tutela Priapi*, «la Hellespontens vaktende guddom Priapus dem verne, han som beskytter mot tyver og fugl med sin sigdkniv av vidje» (Vergil, 1994).

9-14 ‘ o fuge te tenerae puerorum credere turbae: | nam causam iusti semper amoris habent. | hic placet, angustis quod equum compescit habenis; | hic placidam niueo pectore pellit aquam; | hic, quia fortis adest audacia, cepit: at illi | uirgineus teneras stat pudor ante genas.

For denne forma av dialogen som involverer poeten i elegien, sjå for eksempel Catull 67, ein dialog mellom Catull og den personifiserte døra. I denne første delen av monologen/«førelesinga» rår Priapus først om å avstå frå pederasti, noko som er ein tanke ironisk fordi det er jo nettopp dette han skal gje råd om. Han kjem også med ein katalog av typar av gutar som er attråverdige. Dei er sett opp i par og som kontrastar til kvarandre for å vise at alle gutar er tiltrekkjande. Ein slik katalog kan ein og sjå hos Ovid *Amores* 2.4.9-48, men då om jenter. **fuge ... credere.** *Credere*, «å tiltru», er utfyllande infinitiv, dvs. eit objekt til verbet. For *credo*, sjå også 1.6.23-24, 37. **causam iusti ... amoris habent.** *Causam habere* og *iusta causa* er uttrykk som vert brukte i juridisk språk, og vert her brukt ironisk fordi det gjer narr av det rettslege. *Iusti ... amoris* må også sjåast som ironisk i denne samanhenge, fordi homoseksuel kjæreik var ulovleg under *Lex Scantinia* (Williams, 1968, s. 551). Denne lova forbydde også pederasti (Ryan, 1994, s. 159, fotnote 4). **hic placet /hic placidam.** Anafór (*hic*), samt polýptoton – fleire bøygde former av det same ordet (*placeo*) (Eide, 2015). *Placeo* i kjærleikssamheng er vanleg, sjå for eksempel 1.8.15 *illa placet*; Ovid *Amores* – *Kjærlichetseventyr* 2.2.14 *sed gerat ille suo morem furiosus amori | et castum, multis quod placet, esse putet*, «men, la ham tullete tekkes sin kjærlichet slik som han ønsker, la ham få tro at det er kyskt, det som mange vil ha» (Ovid, 2002). **angustis ... habenis | niueo pectore.** Kontrast. Den mandige og dyktige rytteren, mot det snøkvite, nakne brystet som stuper i vatn.

Å symje var ikkje umaskulint, men å vere «kvit» vart sett som lite maskulint og upassande for ein mann. Han burde vere solbrun/-brent på grunn av trening, gjerne den sorten som vert nemnd i linje 11 (Murgatroyd, 1980). Å vere kvit/bleik vart derimot sett som attraktive element ved kvinner, *feminae*, og særleg dei elegiske *puellae* (Drinkwater, 2012, s. 428). For kvinnelege trekk, sjå for eksempel Tibull 1.5.66 *niueo ... pede*, Horats C. 1.19.5 *nitor / splendentis Pario marmore purius*; for samanheng med *pueri delicati*, sjå for eksempel Martial 6.39.12 *candido uoltu*. **Linje 12.** Khasme, ein ordstillingsfigur der motsvarande ledd står i ei «kryssstilling (Eide, 2015). Her omringar det rolege vatnet det snøkvite brystet, også i ordstillinga. Assonans av «a» – klanglikskap i trykkunge stavingar –, og allitterasjon av «p» – fleire ord som følgjer nært einannan som byrjar med same konsonantlyd. **quia:** førekjem berre hos Tibull som ein versjon av *quod* i linje 11. **illi:** skifte i avstand frå *hic* til *illi*, som om Priapus står og peikar, først på ei gut, dernest på ein annan. **teneras.** Eit ofte brukt epitet om *puellae*, og vert ved fleire høve brukt om gutar sine kinn, sjå linje 14 *teneras ... genas*, og vidare i 1.10.55 *teneras ... genas*, der om ei kvinne sine kinn (Drinkwater, 2012, s. 427-428).

15-16 sed ne te capiant, primo si forte negabit, | taedia: paulatim sub iuga colla dabit.

Dette, og dei neste versepara understrekar kor viktig det er med tolmod. Om guten seier nei, vil han til slutt gje etter, og dei eksempla som følgjer er tenelege for å vise dette. **taedia.** subjekt til *capiant*. Sjå og Vergil G. 4.332 *tanta meae si te ceperunt taedia laudis*, «dersom en avsmak så voldsom du fikk for det ry jeg har oppnådd.» (Vergil, 1994) **primo si ... negabit ... paulatim ... dabit.** Ei erotisk, innlysande sanning. Altså, sjølv om den ein lystar etter først seier nei, vil vedkomande uansett gje etter med tid. Dette motivet kan sjåast så tidleg som hos Sapfo 1.21-4 *PLF* (Sapfo, 1955) καὶ γὰρ αἰ φεύγει, ταχέως διώξει, | αἰ δὲ δῶρα μὴ δέκετ', ἀλλὰ δώσει, | αἰ μὴ φίλει, ταχέως φιλήσει | κῶδ'κ ἐθέλοισα, «for om ho flyktar frå deg vil ho snart fylgje deg, om ho ikkje aksepterer gåver vil ho snart gje dei, om ho ikkje elsker deg vil ho snart elske deg til og med mot sin vilje». **sub iuga.** Å leggje nakken under åket er ein vanleg ekteskapsmetafor, og *sub iugum* ligg til grunn for den romerske, tekniske termen for ekteskap, nemleg *coniugium*. Denne metaforen vert ikkje brukt i nokon av dikta om Delia. Dette er noko eg tykkjer er eit interessant element sidan eit ekteskap mellom menn ikkje var lovleg, sjå kommentar til linje 9-14 *causam iusti ... amoris habent*. Tibull vert sett som ein kritikar av *de legibus Iuliae de adulteriis* og *de maritandis ordinibus*, som tek opp ekteskap og utruskap i den øvste sosiale kretsen (A. Keith, 1997, s. 295). Sidan desse lovene hadde eit spesielt fokus på regulering av kvinneleg seksualitet, skulle ein tru at dette dukka opp i eit eller fleire av dikta om Delia som

kritikk på lova, men der førekjem metaforen som sagt ikkje. Eg tykkjer det er ironisk at dette kjem opp her, sidan det ikkje ville vere mogeleg for to av det maskuline kjønn å gifte seg. **colla**. For *collum* omsett til «nakke», sjå OLD s.v. *collum* 1.

17-20 longa dies homini docuit parere leones, | longa dies molli saxa peredit aqua; | annus in apricis maturat collibus uuas, | annus agit certa lucida signa uice.

longa dies ... annus. Emfatiske anafórer som framhevar poenget frå linje 15-16 (Fineberg, 1999). *Longa dies* er ei episk frase som ein kan sjå f.eks hos Vergil *Aen.* 5.783 *quam nec longa dies pietas nec mitigat ulla*, «Hun [Juno] lar seg jo verken formilde av tiden som lir eller noenslags fromhet.» (Vergil, 1985). **leones:** Løva er vald på grunn av sin voldsame villskap, og fordi løvene er forbunde med hardhjarta kjærleik. Sjå og Ovid *Kunsten å elske* 2.183 *obsequium tigresque domat Numidasque leones*, «stryker du tigrer og løver med hårene, vil de bli temmet.» (Ovid, 2006). Hos Homer *Od.* 10.212f kan ein også lese at løvene var blant dei udyra som den greske trollkvinna Kirke temja. For Kirke, sjå også Tibull 2.4.55 *quidquid habet Circe, quidquid Medea ueneni*. **molli.** *Mollis* kan lesast både som «mjukt» og «vått». På linje med løva vert steinen også assosiert med «umottakelege» elskarar, og eksempelet med stein er eit ordspråk på latin. Både løva og berget gjev etter med tid. Det vil også den vanskelege *puer* gjere. For ordspråket, sjå Lukrets *Om tingenes natur* 4.1284-7 *nam leuiter quamuis quod crebro tunditur ictu, | uincitur in longo spatio tamen atque labascit. | nonne uides etiam guttas in saxa cadentis | umoris longo in spatio pertundere saxa?*, til dansk «det som ustanselig hamres, om aldri så lett og forsiktig, det vil til sist bli beseiret, gi etter for slaget og briste. Sikkert nok har du sett hvordan dråpen som faller på stenen, litt etter litt baner vei og borer et hull gjennom blokken.» (Lukrets, 1978). **peredit.** Uttrykk også frå Lukrets, sjå *Om tingenes natur* 1.326 *uesco sale saxa peresa*. **Linje 19-20.** Dette er første gong ein finn mogninga av druer i ein slik samanheng med tida. Drua er ofte brukt som erotisk bilete for å forklare umogenskap og bitterheita til den unge elskaren, sjå for eksempel Horats *Carm.* 2.5.9f. *tolle cupidinem | imitis uuae*. I Tibull sitt høve er verknaden at sola på drua forårsaka eit openbert symbol på at guten «veks» eller mognar, til kjærleik (Murgatroyd, 1980). **certa ... uice.** Oxymoron – to uttrykk som logisk uttelukkar kvarandre (Eide, 2015), «sikker veksling». I romersk forstand er veksling/ending det motsette av sikkerheit. Dette kan vere med å førespegle usikkerheita som kjem i linje 27-38. *uicis* er også termen brukt for endring i kjærleik, sjå for eksempel Ovid *Met.* 4.190-92 *exigit indicii memorem Cythereia poenam | inque uices illum, tectos qui laesit amores, | laedit amore pari*. **lucida ... signa:** uttrykk frå Lukrets, *Om tingenes natur* 5.518 *tamen cum lucida signa ferantur*. Nytt eksempel på Priapus sitt opphøga språk.

21-26 nec iurare time: ueneris periuria uenti | inrita per terras et freta summa ferunt. | gratia magna Ioui: uetuit Pater ipse ualere, | iurasset cupide quidquid ineptus amor: | perque suas impune sinit Dictynna sagittas | adfirmes, crines perque Minerua suos.

Dette stykket synast å vere ein variant av eit ordspråk. Det var ei kvardags oppfatning at elskande sine løfter ikkje var til å stole på. Løfta rakk aldri gudane sine øyrer, og vinden og bølgiene for av garde med dei. Sjå for eksempel Ovid *Am.* 1.8.85-86 *nec, siquem falles, tu periurare timeto— | commodat in lusus numina surda Venus*, «Viss du bedrar noen, vær ikke redd for å lyve, for Venus gjør at hver guddom blir døv overfor en som har sex» (Ovid, 2002). Sjå også Tibull 1.9.3-4, der det motsette vert lagt fram: dersom Marathus bryt sine løfter, så ventar det straff for han. Denne passasjen, linje 21-26, inneheld mange interessante delar, men det ligg etter mi vurdering for langt frå problemstillinga til at eg brukar meir plass på det i denne samanhengen.

27-28 at si tardus eris errabis. transiet aetas | quam cito! Non segnis stat remeatque dies.

non segnis. Litotes – ein tanke vert framheva gjennom måtehald, særleg ved at eit positivt uttrykk vert erstatta av med ein negasjon av dets motstykke. I.e. «dagen går» vert bytt ut med «dagen står ikkje stille». **eris.** Sjeldan forlenging av ei kort, siste staving før cesuren. Sjå og linje 44, *amiciat*, nedanfor. **quam cito.** Ved å plassere dette uttrykket etter resten av setninga det høyrer til, så innleiar det den anaføre mønsteret i dei neste tre verselinjene.

29-30 quam cito purpureos deperdit terra colores, | quam cito formosas populus alta comas.

Eksempel frå naturen, som blomar og lauv, vart brukt for å illustrere kor forgjengeleg ungdomen og det vakre er. Orda er nøye valde for å samanlikne og få fram relevante parallellar mellom dei naturlege eksempela og den menneskelege situasjonen. **purpureos ... colores.** *Purpureus* kan verte brukt både om lysstyrken til blomar, dvs. blomar med sterke fargar, og om «the bloom of youth» – dette er jo veldig høveleg, sett i samband med linje 27-28. Sjå og Vergil *Gjetars.* 9.40 *hic uer purpureum*, «Her er det spelande vår» (Vergil, 2016). I denne omsetjinga har eg valt å setje *colores* om til «blomar». I tydinga «blomar» er dette eit neoterisk metonym, dvs. eit erstatningsord som står i stadenfor eit anna ord/uttrykk, og som det står i nær relasjon med, med tanke på korleis det vert oppfatta. Sjå Catull 64.89-90 *quales Eurotae praecingunt flumina myrtus | aurae distinctos educit uerna colores*, «duft som fra myrter som vokser i skiftende farger ved elven Eurota, fremkalt av vårlige vinder» (Catull, 1996); Vergil *G.* 4.306 *ante novis rubeant quam prata coloribus*, «før det blir rødme på eng med fornyede farver» (Vergil, 1994). Neoterikarne, gr. *οἱ νεώτεροι* (frå Cicero *Att.* 7.2.1) lat. *poetae noui* (frå Cicero

Orat. 161), favoriserte den hellenistiske stilen som den greske forfatteren Kallimakhos (305 fvt. – 240 fvt., frå Kyrene i Nord-Afrika) representerte. Målet deira var å fange den kallimakhiske elegansen ved å foredle ordforrådet og meteret, blant andre ting. Når Cicero refererer til desse «moderne» poetane, er det i ein kritisk tone. Både Catull og dei kanoniske kjærleikselegikarane står i den neoteriske tradisjonen. OCD s.v. *neoterics*. **alta**. crit. app. har alternativet *alba*. Samanhengen mellom aldring, det at håret vert grått/kvitt og den kvite poppelen (i.e. Sølvpoppelen). Eg har derimot valt å halde meg til Postgate og *alta*. Eit søk på The Packard Humanities Institute sine ressursider⁵⁶ viser at *populus alba* førekjem tre gongar oftare enn *populus alta*. Ein poet søkjer gjerne å bruke eit mindre vanleg uttrykk for å skape originalitet i verket. Både Lee (1990) og Dennis (2012) nyttar *alta* i sine omsetjingar.

31-32 quam iacet, infirmae uenere ubi fata senectae, | qui prior Eleo est carcere missus equus.

Ungdomeleg mot kan fort verte erstatta med den svakheita alderen fører med seg. Samanlikninga mellom mennesket og hesten kan ein sjå hos blant andre Homer *Il.* 22.22 ff, og spesielt eldre menneske var samanlikna med gamle hestar, sjå Platon *Parmenides* 137A *καὶ τοὶ δοκῶ μοι τὸ τοῦ Ἴβυκείου ἵππου πεπονθέναι, ᾧ ἐκεῖνος ἀθλητῆ ὄντι καὶ πρεσβυτέρῳ, ὑφ' ἄρματι μέλλοντι ἀγωνιεῖσθαι καὶ δι' ἐμπειρίαν τρέμοντι τὸ μέλλον, εἰαυτὸν ἀπεικάζων ἄκων ἔφη*, «skjønt jeg har en lignende fornemmelse som den hesten hos Ibykos, en gammel og dreven veddeløpshest, da den igjen ble forspent til kappestrid og av erfaring skalv av det som sto fore» (Platon, 2004); sjå også Horats *Epist.* 1.1.8f. **prior**. Adjektiv for adverb. Denne bruken av *prior* finn ein både i prosa, sjå Caesar *B. C.* 1.66.4 *qui prior has angustias occupauerit, ab hoc hostem prohiberi nihil esse negotii*, og i poesi, sjå Properts 4.5.42 *nempe tulit fastus ausa rogare prior*. **Eleo**. Dei olympiske leikane. Ein olympisk siger er eit eksempel på ei høgtstående atletisk gjerning, og eit motiv på stor lukke. Trass i dette er ikkje leikane ein vanleg metafor og/eller simile (Murgatroyd, 1980). Ovid gjev eit ekko av heile denne konstruksjonen i *Brevvekslinger* 18.165-6 *protinus illa ualent, atque ad sua praemia tendunt, | ut celer Eleo carcere missus equus*, «straks ble de styrket, de strakte seg ut for å nå sin belønning, slik den olympiske hest styrter av sted frå sin boks.» (Ovid, 2009). **uenere**: 3. person, fleirtal, perfektum indikativ, aktiv. Poetisk forkorting for *uenerunt* av *uenio*.

⁵⁶ <http://latin.packhum.org/index>

33-34 uidi iam iuuenem, premeret cum senior aetas, | maerentem stultos praeteriisse dies. Bodskapet er at ein må vere om seg, om ikkje vil eins glans dagar vere over nesten før dei har byrja. Dette kan også seiast om *pueri delicati*. **uidi**. Introduserer eit eksempel på ein maksíme – eit utsegn som i samantrengt form uttrykkjer ei allmenngyldig sanning (Eide, 2015). **senior**. Adverb med komparativ. Den einaste plassen hos Tibull der komparativ er nytta ved adverb. **maerentem**. Står til *iuuenem*. **stultos ... dies**. Hypállage – å la eit adjektiv grammatisk stå til eit anna substantiv enn det som det logisk sett høyrer til (Eide, 2015). Her skulle *stultos* logisk sett stått til *iuuenem*, men står i staden til *dies*. Dette, saman med at ordet er plassert i slutten av første halvdel av pentameteret, gjer at det vert særleg framheva. Ved at poeten her brukar ei «sjølvopplevd» hending, i dette tilfellet lagt i munnen til Priapus, fylgjer han med i den didaktiske tradisjonen, sjå for eksempel Lukrets *Om tingenes natur* 4.577-9 *sex etiam aut septem loca uidi reddere uocis, | unam cum iaceres: ita colles collibus ipsi | uerba repulsantes iterabant dicta referri*, til dansk «seks eller syv gange hører man ordene slynget tilbage, det har jeg oplevet selv. Igen og igen kaster klipper ordene rundt til hinanden og gengir dem ganske nøjagtigt.» (Lukrets, 1978).

35-36 crudeles diui! serpens nouus exuit annos: | formae non ullam fata dedere moram. **crudeles diui**. I.e. *fata* i linje 36. Det er ironisk og paradoksalt at Priapus her spottar *diui*, fordi han spottar seg sjølv i den same vendinga sidan han også er ein gud. Som om han har gløymt at han sjølv er ein gud, fordi han i dette høvet opptrer meir empatisk enn dei, omtalar han *diui* som brutale. **fata**. Eintal *fatum*, «lagnaden», OLD s.v. *fatum* 3, 5. I fleirtal ofte personifisert som lagnadsgudinnene, L&S s.v. *fatum*, s.v. *Fata*; for *fatum* oppfatta som ein gud, OLD s.v. *fatum* 5b. Lagnadsgudinnene vart normalt sett som dei som hadde kontroll over menneska si aldring, men dei gjev ikkje noko utsetjing av aldringa. I samsvar med *diui*, har eg sett *fata* om til «lagnadsgudinnene». **serpens nouus exuit annos**: det at slangen kvittar seg med det gamle ytre og vert «ung» igjen gjorde den til eit symbol på fornya ungdom. Sjå Lukrets *Om tingenes natur* 4.60-61 *et item cum lubrica serpens | exuit in spinis uestem*, til dansk «og når den glatte, glidende slange på selvsamme måde smyger sin kjole af» (Lukrets, 1978). Dette er også den einaste, tidlegare bruken av *exuit* i denne konteksten som tyder på at dette kan vere eit ekko frå Lukrets. Sjå også Tibull 1.8.46 *et faciem dempta pelle referre nouam*, «og å ta tilbake ein ny utsjånad ved hjelp av å fjerne hud». I 1.8.46 vert *faciem ... nouam* oppnådd ved å ta i bruk kosmetiske hjelpemiddel. Der må fjerning av hud referere til å sminke seg til eit «nyare» ytre, ikkje å fysisk fjerne stygg hud. *Serpens* vert her motpolen til *formae* gjennom at den kan fornye utsjånaden sin, imens det vakre hos menneska taper seg. **nouus**: for slangen som «fødd på ny»,

sjå Vergil, *G.* 3.437 *cum positis nouus exuuiis nitidusque iuuenta*, | *uoluitur*, «nettopp når slik en orm skifter ham, og forynget av ungdom glatt glir avsted» (Vergil, 1994). **dedere**: poetisk 3. person fleirtal, perfektum indikativ aktiv, for *dederunt* av *do*.

37-38 solis aeterna est Baccho Poeboque iuventas: | nam decet intonsus crinis utrumque deum.

nam. her vel eg å tolke *nam* eksplisitt, slik at det forklarar, utan tvil, at gudane sitt lange hår gjer dei evigunge. **solis.** Forfattaren framstiller det her som at det kunn er Bacchus og Apollon av gudane som har evig ungdom og dermed er like vakre, alltid. Dette er utan tvil ei overdriving sidan dei ikkje var dei einaste av gudane med evig liv/ungdom, men i poesien var desse to dei fremste døma på evigunge gudar, for Apollon, sjå Ovid *Met.* 1.564-65 *utque meum intonsis caput est iuuenale capillis*, | *tu quoque perpetuos semper gere frondis honores!*, «og slik hovudet mitt er evigungt og håret uklypt, skal du også alltid bere det evige lauvet»; om Bacchus, sjå Ovid *Met.* 4.17-18 *tibi enim inconsumpta iuventa est*, | *tu puer aeternus*, «for du har evig ungdom, du er ein alltid gut». Ofte vart dei også para saman, sjå Ovid *Kjærlighetseventyr* 1.14.31f. *Formosae periere comae quas uellet Apollo*, | *quas uellet capiti Bacchus inesse suo!*, «borte er håret, så deilig at både Apollon og Bakkhos selv hadde ønsket å ha hodene kledd i slikt hår» (Ovid, 2002). **crinis.** Med *crinis* vert Bacchus og Apollon knytte til, og sett opp som motvekt til dei jomfruelege gudinnene i linje 25-26, cf. *crines*. Både i gresk og romersk kultur var det normalt å klippe håret til unge gutar når dei kom i ein viss alder, som teikn på terskelen mellom born/ungdom og vaksenlivet. For romarane skjedde dette då dei var omtrent 14 år og kunne kle seg i *toga uirilil* – «mannstogaen», OCD s.v. *iuuenes*. Det lange håret er symbol på ungdom, og i den samanheng gjerne erotisk eller seksuell tilgjengelegheit (Miller, 2013, s. 60). Det ligg også ei vittig krenking av gudane når Tibull implisitt set Bakkhus og Apollo i rollene som pederastiske elskarar (Miller, 2002, s. 140). Desse mannlege gudane står som sterke eksempel på uforgjengeleg ungdom som ikkje falmar, i motsetnad til den menneskelege guten som vil få ein meir maskulint utsjånad jo eldre han vert. Nettopp dette er ein del av kjernen i pederastien: det er dei unge, vakre, og mjuke gutane som er mest tiltrekkjande, men dei eldast og vert grovare, hardare, og mindre appellerande. **Phoebus:** metonym for Apollon, frå gresk *φοῖβος* – lysande, rein; den lysande, den reine.

39-40 tu, puero quodcumque tuo temptare libebit, | cedas: obsequio plurima uincet amor. Eit typisk tema i den romerske kjærleikselegien kjem her opp, *seruitium amoris* – kjærleiksslaveriet. Her tilrår Priapus at Tibull må føye seg etter den unge guten sine ynskjer slik

at guten trur han har overtaket. Samanlikna med dei heterofile dikta med Delia så er det ei større grad av friviljug underkasting for å «lure» den unge guten til å tru at han har overtaket i forholdet. **cedas: obsequio plurima uincet amor.** Openbert eit humoristisk atterljom av Vergil *Gjetarsongar* 10.69 *omnia uincit amor, et nos cedamus Amori*, «kjærleiken vinn over alt, lat oss med vika for kjærleik» (Vergil, 2016). Sjå også Tibull 1.5.60 *nam donis uincitur omnis amor*, «for all kjærleik vert overvunne av gåver». **obsequio.** står i emfatisk posisjon og framhevar at ikkje bere overvinn kjærleik alt, men den vil vinne meir ved å vere ettergjeven. *Obsequium* kan også tyde α) «seksuell underkasting» OLD s.v. *obsequium* 2c; β) «det å lyda nokon», s.v. 3; γ) «å følgje ei rørsle (av noko)», s.v. 5. Den siste tydinga skapar ein fin overgong til det neste verseparet som nettopp handlar om å følgje med som reisefølge. **plurima.** Superlativ, nøytrum, akkusativ fleirtal, av *multus*. *Obsequio* og *uincet* utgjer dessutan eit oxymóron. «Å gje etter», og «å vinne/overvinne» er ei sjølvmotseiing fordi dei logisk utelukkar kvarandre (Eide, 2015).

41-42 neu comes ire neges, quamuis uia longa paretur | et Canis arenti torreat arua siti,
Følg han like lett på land i steikande sol og tørke eller i eit yrande regnvêr, som til havs der du sjølv hjelper til å drive båten fram (45-46). Dersom ein kan uthalde desse prøvingane, vil ein oppnå suksess i kjærleiken. **Canis.** tek opp *Canis* frå linje 5-6. **neu ... ire neges.** tek opp *obsequio* frå linje 40. **uia longa.** Ofte brukt om det militære livet. Sjå 1.1.26, der *longae ... uiae* er synonymt med *militia* og står som kontrast til poeten sitt ynskje om eit rolegare liv på landet. Adjektivet verkar å vere ei overdriving for å få fram at den umandige/unge elskaren i linje 39-40 tykkjer det er ein lang tur. Putnam kjem med ein interesssant teori om at dette er eit ironisk bilete på den umilitære *miles amans* – kjærleikssoldaten, som skal få oss til å dra på smilebandet. Elles hos Tibull vert *uia longa* og slit forkasta, men her, i Priapus sine ord, vert det derimot oppfordra til å gå den tyngste vegen for å oppnå det ynskte resultatet om ein ung gut som kjærast. **quamuis.** Styrt av konjunktiven *paretur*.

43-44 quamuis praetexens picta ferrugine caelum | † uenturam amiciat imbrifer arcus aquam †.

Ein vanskeleg kuplett å setje om, i tillegg til at det er usikkerheit rundt linje 44 og kva som er den originale skrivemåten. Postgate vel å markere heile linje 44 som defekt, imens Levy og Luck sine utgåver ikkje nemner noko om dette. **amiciat.** Maltby og Murgatroyd forhold seg til den alternative skrivemåten *admittat* (frå *admitto*, «ta opp, sleppe til») som er frå seinare MSS for A sitt *amiciat* (frå *amicio*, «innhülle, kle seg i», spesielt med toga.). *Amiciat* har dessutan ei

sjeldan forlenging av ei kort, siste staving før cesuren (slik som *eris* i linje 27). Eg har valt å halde meg til Postgate av to grunnar: først, fordi *amicia*t står i tråd med *praetexens ... ferrugine* (sjå nedandfor), fordi dei saman samanliknar mannstogaen med at himmelen er kanta med purpur, og «kler seg» med det regnet som kjem; dernest, fordi den sjeldne forlenginga av ei kort staving vil vere eit eksempel på Priapus si særskilde interesse for sjeldne grammatiske og tekstlege konstruksjonar. **praetexens**. Nominativ, eintal, presens partisipp av *praetexo*, «å kante noko», og står til *imbrifer*. **ferrugine**. Middellets ablativ. Av *ferrugo*, «mørk farge, rustfarge» (frå *ferrum*, «jern») indikerer ein mørk farge som kan variere i spekteret frå grøn-blå til mørk raud, til den mørke lillafargen jern får etter å ha blitt varma opp. Både Maltby og Miller (2002) er einige om at det mest truleg er snakk om den mørke purpurfargen, og som Maltby koplar til den purpurfarga kanten på den kvite togaen. Dette har eg valt å fylgje i omsetjinga. Før Tibull førekjem *ferrugo* berre hos Catull 64.227 *ferrugine*, og hos Vergil *G. 1.467 cum caput obscura nitidum ferrugine textit*, «dengang den skjulte sitt strålende blick bak et rustfarvet dekke» (Vergil, 1994); for *ferrugo* i relasjon til den mørke lillafargen, sjå Vergil *Aen. 9.581-82 stabat in egregiis Arcentis filius armis / pictus acu chlamydem et ferrugine clarus Hibera*. **imbrifer arcus**. Før Tibull er *imbrifer* berre brukt hos Vergil *G.1.313 uel cum ruit imbriferum uer*, «eller også når vårregnet pøser» (Vergil, 1994), og er elles ikkje funne i dei elegiske tekstane. Eit av berre to samansette ord hos Tibull, av *imber*, «ausregn», og *fero*, «å bere». Sjå også Tibull 1.5.6 og 2.6.11 for *magnificus*. (Maltby, 1999)

45-46 uel si caeruleas puppi uolet ire per undas, | ipse leuem remo per freta pelle ratem.

Å reise på havet som nytt eksempel på *obsequium* (linje 40). Biletet av ein romersk ridder (*eques romanus*) som ror sin kjære over vatnet/sjøen er eit augeblikk av «inspired comedy» (P. A. Miller, 2013). **caeruleas ... undas**. Omsett til «det mørkeblå havet», OLD s.v. *unda* 1b. Sjå også 1.3.37 der det same uttrykkjet er plassert heilt identisk i heksameteret som i denne verselinja. **pelle**. Imperativ av *pello*. Meininga her er at Tibull sjølv skal føre båten ved å ro den. Den eigentlege tydinga er «å slå, setje noko i bevegelse», på engelsk «to strike», i den tyding å slå bølgiene med åra og dermed føre båten framover, OLD s.v. *pello* 2. **puppi**. Synekdoke – at ein ting skal forståast ut frå noko anna (Eide, 2015). Her står *puppi*, «bakstammen», i staden for «skipet». Sjå og OLD s.v. *puppis* 2. **levem...ratem**: indikerer ein liten robåt, i motsetnad til i linje 45 der det først er snakk om *puppi* – skip. Ved å bruke *caeruleas ... undas* i linje 45, for deretter å «nedgradere» til *freta* – som kan setjast om til både «sund» og «hav/sjø» – , synast det rett å tolke dette verseparet ironisk. Den unge guten vil synest ikkje å vite forskjellen på eit stor reise på havet og «ein liten tur utpå».

47-48 nec te paeniteat subiisse labores | aut opera insuetas atteruisse manus;

nec te paeniteat ... atteruisse. Det finitte verbet står i oppfordrande konjunktiv. Sjå også Tibull 1.1.29 *nec... pudeat*, og 1.1.31 *nec pigeat*. *Atteruisse* er arkaisk for *attriuisse* < *attero*, «gni mot», «øydeleggje». Dette er berre funne to andre stader, og er eksempel på Priapus sin forkjærleik for uvanlege former av ord. **opera**. Middelets ablativ. Det arbeidet som her mest truleg vert sikta til er roinga i linje 45-46. Ofte vert *opera* sett som ein jordbruksreferanse, men eg seier meg einig i det Murgatroyd (1980) legg fram om at verken *opera* eller *labores* er spesifikke ord for jordbruket. Saman med at verken landet eller jordbruk er nemnd i nokon av versa før og etter, så tolkar eg det dit hen å vere roing. *opera insuetas*. Elisjon av siste lange -a, før -i, i byrjinga av neste ord.

49-50 nec, uelit insidiis altas si claudere ualles, | dum placeas, umeri retia ferre negent.

Nok ein gong hardt fysisk arbeid som ein poet normalt sett ikkje utset seg for. Eit erotisk element, fordi den pliktoppfyllande elskaren ber netta sjølv, ei oppgåve slavar pla gjere, sjå Ovid *Kunsten å elske* nedanfor. Eit mytologisk eksempel på denne typen *obsequium* er om Milanion som vant over jegerinna Atalanta ved å bere netta hennar, Ovid *Kunsten å elske* 2.189 *saepe tulit iusso fallacia retia collo*, «støtt bar han jegerens nett over nakken på hennes befaling» (Ovid, 2006); for ideen, sjå Vergil *Gjetarsongar* 3.75 *dum tu sectaris apros, ego retia seruo*, «medan du jaktar på villsvin og eg brukar jaktnett» (Vergil, 2016). **nec ... negent.** Dobbelt nekting, baa nektingane står i emfatiske posisjonar på kvar ende av kupletten. **umeri.** Personifisering av akslene.

51-52 si uolet arma, leui temptabis ludere dextra; | saepe dabis nudum, uincat ut ille, latus.

Om guten vil fekte, la han vinne. På grunn av dei erotiske undertonane og ordspela gjer *militia amoris*-motivet dette til ein openberr overgang til dei neste to kuplettane. For fektning som tidsfordriv i Roma, sjå Ovid *Trist.* 3.12.19-20 *usus equi nunc est, leuibus nunc luditur armis, | nunc pila, nunc celeri uoluitur orbe trochus*; i kontekst med kjærleik finn ein dette motivet berre her hos Tibull. **leui ... dextra.** Oppfordringa er å slåst så forsiktig at det ikkje vil forårsake skadar hos guten. Sjå OLD s.v. *leuis* 5. **temptabis ... dabis.** Futurum indikativ som ein variant for imperativ, førekjem berre her hos Tibull. I linje 46 (*pelle*) kan ein sjå at ein vanelg imperativ er brukt. Eit eksempel på det didaktiske språket Priapus brukar for å lære vekk, og som minner oss på at det framleis er guten som pratar. **nudum ... latus.** I samanheng med slåsting/fektning betyr *nudus* «å ikkje ha vern eller skjold», OLD s.v. *nudus* 4. Det betyr også «utan klede», s.v. *nudus* 2. som gjev kupletten eit erotisk ordspel. *Nudus* er også brukt i linje 5

og 6 for å beskrive statuen av Priapus, sjå kommentar til 5-6. På same vis kan *latus* bety «sida av overkroppen» OLD s.v. *latus*² 1; for den delene av kroppen som er spesielt utsett i kamp, s.v. 3; for *latus* i seksuell kontekst, sjå Catull 6.13 *non tam latera ecfututa pandas, | ni tu quid facias ineptiarum*.

53-54 tunc tibi mitis erit, rapias tum cara licebit | oscula: pugnabit, sed tibi rapta dabit.

Dette verseparet, samt det neste, er dei siste med *obsequium* som motiv. Ved at mannen først stiller seg sjølv i ein underdanig posisjon, så vil guten etter kvart verte så mottakeleg at ein kan ta alt det ein måtte ynskje (P. A. Miller, 2013). Legg særleg merke til progresjonen mellom å stele, å kjempe, og å vinne. **mitis**. Eigentleg «søt, mild, medgjerleg» OLD s.v. *mitis* 1. Står til *ille*, linje 52. Her, som i linje 52 (*nudus*), er ordspelet og den doble meininga sentral. *Mitis* kan også tyde α) «føyeleg, vennleg», OLD s.v. *mitis* 2, 5, 6; β) «mogen, klar», OLD s.v. 1b. Sjå også linje 19-20, der mogninga av vindruer er et eksempel på at tid bryt ned det som først er uvillig, hardt, eller bittert. Hos Ovid også ved *obsequium*, *Ars.* 2.177-8 *si nec blanda satis nec erit tibi comis amanti, | perfer et obdura: postmodo mitis erit*, «Dersom hun ikkje er kjælen og kommer din lengsel i møte, gi ikkje opp, men hold ut: litt etter litt blir hun myk» (Ovid, 2006). **rapias ... rapta**. Polýptoton av *rapio*. Legg også merke til *rapta* i linje 55. **pugnabit**. Motivet er henta frå *militia amoris*. For *pugnare* i erotisk kontekst, sjå Ovid *Ars.* 1.665 *Pugnabit primo fortassis, et 'improbe' dicet*, «Først vil hun muligens kjempe imot, mens hun kaller deg «frekkas» (Ovid, 2006).

55-56 rapta dabit primo, post adferet ipse roganti, | post etiam collo se implicuisse uelit.

Denne kupletten held fram der den førre sluttar. På dette tidspunktet snur maktbalansen mellom den unge og den eldre, og er no tilbake til det «normale». Den pederastiske eldre elskaren sit med sin «naturlege» posisjon som den dominante (Miller 2002, s. 141.). **se implicuisse**. «Å slynge seg rundt noko», erotiske undertonar. Sjå og Catull 61.31-35 *ac domum dominam uoca | coniugis cupidam noui, | mentem amore reuinciens, | ut tenax hedera huc et huc | arborem implicat errans*, «kall husfruen til hennes hus, hun lengter etter sin brudgom, la kjærlighet ta hennes hjerte, slik som en klamrende efly slynger seg rundt et tre.» (Catull, 1996). Elisjon av -e i *se implicuisse*. **adfert**. *Oscula* er objekt. **collo**. Khiasme – *collo* vert grammatisk omringa av orda, slik armane omringar nakken. Sjå også kommentar til linje 12.

57-58 heu male nunc artes miseras haec saecula tractant: | iam tener adsuevit munera uelle puer.

munera. Den unge guten er ikkje lengre nøgd med poesi, han krev gåver, pengar, og gull.

59-60 at tua, qui uenerem docuisti uendere primus, | quisquis es, infelix urgeat ossa lapis. uenerem ... uendere. *uendere* i forskjellige former er brukt fem gonger i Bok 1, og berre brukt i samanheng med, eller om å selje homoseksuelle tenester, sjå også 1.4.67; 1.9.32, 51, 77. Her brukt for å forbanne den første som lærde å selje kjærleikn, i.e. sex. Tibull snur her om på eit vanleg topos frå hellenistisk diktning om å heidre ὁ εὐρητής – opphavsmannen av ein eller anna kunst/praksis. For dette fenomenet, sjå for eksempel Aiskylos om Promethevs som opphavsmannen til kunstane i *Den bundne Promethenvs* 7-8 τὸ σὸν γὰρ ἄνθος, παντέχνου πυρὸς σέλας, | θνητοῖσι κλέψας ὄπασεν, «for det var din glans, skinet av flammen som opptretr med alle kunstar, han stal og gav til dei døydelege». Eit av dei mest kjende eksempla er frå det no tapte verket av Kallimakhos, *Coma Berenices* 48-50 (omsett i Catull 66.48-50) *Iuppiter, ut Chalybon omne genus pereat, et qui principio sub terra quaerere uenas | institit ac ferri stringere duritiem!*, «Å Jupiter, måtte hele chalybernes folk slettes ut, og den første mann som gikk under jorden på jakt etter årer, som bearbeidet og smidde det harde, gjenstridige jernet!» (Catull, 1996). **urgeat ossa lapis.** Her, slik som i den førre delen av kupletten, gjer Tibull det som til vanleg er eit positivt uttrykk om til noko negativt (Miller 2002, s. 141). *Sit tibi terra leuis* ei vanleg bøn ein finn på greske og romerske gravinskripsjonar, sjå for eksempel Tibull 2.4.49-50 *placideque quiescas, | terraque securae sit super ossa leuis*, «Sov stille og roleg, og la jorda vere lett over dine sorglause bein»; sjå også Martial *Epigrammata* 9.29.11-12 *Sit tibi terra leuis mollique tegaris harena, | ne tua non possint eruere ossa canes.*

61-62 Pieridas, pueri, doctos et amate poetas, | aurea nec superent munera Pieridas.

Pieridas. Frå gresk Πιερίδες. Epitet – tilnamn, til Musene, OLD s.v. *Pieriae*. Dei tidlegaste kjeldene plasserte Musene først ved Pieria, nord for Olympos, OCD s.v. *Muses*. Eg har valt å setje *Pieridas* om til «songdisene», jf. Arne Garborg si omsetjing av Homer – *Odyseen* frå 1918. Dette har eg gjort for å skilje mellom *Pieridas* og *Musae* (linje 65). Dette er nok eit element henta frå Lukrets, då han var den første til å omtale Musene som *Pieridae* på latin, sjå *Om tingenes natur* 1.926 *sed acri | percussit thyrsos laudis spes magna meum cor | et simul incussit suauem mi in pectus amorem | Musarum, quo nunc instinctus mente uigenti | auia Pieridum peragro loca nullius ante | trita solo*. I augusteisk tid finn ein epitetet hovudsakleg hos Vergil, Tibull og Ovid, men også hos Propertius 2.10.12; Horats *Carm.* 4.8.29; Ovid *Am.*

1.1.6. Legg særleg merke til at byrjinga av heksameteret vert gjenteke i slutten av pentameteret. Sjå også kommentar til 1.4.81-82, *deficiunt. doctos ... poetas*. Eit vanleg neoterisk, og seinare augusteisk epitet for poesi, poetar og Musene (Maltby, 2002; P. A. Miller, 2013). Poeten «legg ned maska» eit augeblikk, det er nemleg ikkje vanskeleg å forstå at han har stor sjølvinteresse i det neste som vert sagt, han er jo sjølv ein *doctus poeta. aurea ... munera*. Tek opp *munera* frå linje 58.

63-64 carmine purpurea est Nisi coma: carmina ni sint, | ex umero Pelopis non nituisset ebur.

Ein av få plassar hos Tibull der mytologiske eksempel er brukte. Eg vel å ikkje kommentere dette særleg omstendeleg fordi det ikkje vert knytt direkte til problemstillinga, men må likevel seie noko på grunn av den svært sjeldne bruken av mytologi. Poesi er det som gjer mytane udøyelege. Mytologiske eksempel er ein del av den elegiske stilen, og poetane tek vare på mytane ved å skrive dei ned. Tibull nemner her Nisus og Pelops som *exempla*. Hadde ikkje Kallimakhos skrive om Nisus og dottera Scylla, og Pindar om Pelops som vart liva opp att av gudane, så er det ikkje sikkert at dei mytane ville vore kjende i dag/den gong då. Poetar tek dermed vare på ein del av den kulturelle og religiøse historia. Prodelisjon av *est. purpurea*. Sjå linje 29-30, der purpurfargen også er nemnd.

65-66 quem referent Musae, uouet, dum robora tellus, | dum caelum stellas, dum uehet amnis aquas.

Her er det snakk om forgjengelegheit, og at alt det Musene inspirerer til vil vare så lenge naturen lever. Det Tibull her eigentleg seier er at det Musene har inspirert Tibull med, vil gjere til at poesien hans, og dermed han sjølv, vil vare evig. *uiuuet*. Gjerne brukt som eit ord for å forklare «overlevering/overleving i menneskets sinn», OLD s.v. *uiuuo* 5b. *uehet*. Zeugma, eit ledd står i same syntaktiske forhold til to, eller fleire, andre ledd (Eide, 2015). *Uehet* står her til setningsledda som startar med *dum*.

67-70:

Kybele var ei frygisk vegetasjons- og fruktbarheitsgudinne. Frå 204 fvt. vart ho i Roma dyrka som *Magna mater*. Ho køyrer eit spann med løver eller sit på trona si med ei murkrone. Kulten hennar var prega av orgiar, ofte særdeles seksuelt farga. Tenarane hennar var dessutan kastratar. SNL s.v. *Kybele*.

67-68 at qui non audit Musas, qui uendit amorem, | Idaeae currus ille sequatur Opis, audit. «høyre» som om å vere sensitiv til poesi, men også «å ense», som i å faktisk gidde å leggje merke til Musene. **uendit.** Motivet frå linje 59-60, *uenerem ... uendere*, vert teke opp att her. **Idaeae ...Opis.** Referanse til Kybele. Viser til at straffa skal vere høveleg til ugjerninga. Før Tibull er det to viktige eksempel i latinsk poesi der Kybele opptre: Lukrets 2.600ff, og gjennom heile Catull 63. **sequatur.** Oppfordrande konjunktiv.

69-70 et tercentenas [sic] erroribus expleat urbes | et secet ad Phrygios uilia membra modos.

tercentenas. Refererer til eit udefinert stort tall. **erroribus.** både mentale og fysiske. **expleat, secet.** Oppfordrande konjunktiv. **Phrygios ... modos.** Referer til musikken som akkompagnerte Kybele sine religiøse seremoniar (P. A. Miller, 2002, s. 142). Det var trudd at desse tonane inspirerte til uaktsam oppførsel, derav Platon sitt forslag om å forby det i *Staten*. (P. A. Miller, 2013). Sjå og Lukrets *Om tingenes natur* 2.620 *Phrygio numero*. **uilia membra.** «Verdilause lemmar», i.e. det mannlege kjønnsorganet. Av ulike grunnar er det mannlege kjønnsorganet ubrukeleg både før og etter kastreringa det her er snakk om. Sjå også Catull 63 2-5 om Attis som kastrerte seg sjølv (og står som prototyp for evenukkane som var Kybele sitt presteskap) for å kunne vere saman med Kybele: *Phrygium ut nemus citato cupide pede tetigit, | adiitque opaca siluis redimita loca deae, | stimulatus ibi furenti rabie, uagus animis, | de uolsit ili acuto sibi pondera silice*, «da han berørte Frygias lund med ivrig fot og kom frem til gudinnens skogmørke trakter, begynte sinnet å flakke, galskapen grep ham, han fjernet det hengende kjønnet med flint.» (Catull, 1996).

71-72 blanditiis uult esse locum Venus ipsa: querellis | supplicibus, miseris fletibus illa fauet.'

Dette er det siste verseparet i Priapus si tale. Det vert avslutta med ei oppsummering av kven Venus favoriserer, der poeten kjem godt ut. Dette vil seie at guten, eller gutane det gjeld ikkje vil ha ein sjans mot kjærleiksgudinna, for ho vil alltid ta poeten si side. Venus tek side med den elegiske elskaren, for han smigrar, kjem med tårer og med klager. Ho favoriserer *miseris fletibus* framfor *artes miseras* (linje 57) som «no til dags» vert praktisert. **querellis ... fletibus.** Asýndeton – konjunksjon mellom sidestile ord er utelete (Eide, 2015). Båe desse orda, samt *blanditiis* refererer til kjærleikselegi. **blanditiis ... esse locum.** For *locum esse* + dativ, sjå Vergil *G. 4.226 nec morti esse locum*, «det fins ikke plass for døden» (Vergil, 1994).

73-74 haec mihi, quae canerem Titio, deus edidit ore: | sed Titium coniunx haec meminisse uetat.

Som P. A. Miller (2013, s. 64) nemner så er dette ironisk. Sidan kona til Titius ikkje vil at mannen skal hugse desse råda, så har jo Tibull mislukkast allereie på sitt første forsøk som *praeceptor amoris*. Det vert ikkje mindre openbert at Tibull mislukkast i denne rolla når det i linje 81-82 kjem fram at det er Tibull som treng råd, for han vert, og har vorte «torturert» av kjærleiken sin til Marathus. **haec meminisse uetat**. Ikkje berre forbyr kona Titius å hugse råda, men ho krev at han skal gløyme dei også. **edidit ore**. Samsvarar med *respondit* i linje 7. Dette er ei vanleg frase brukt av orakela, og eit episk uttrykk vi kan sjå hos blant andre Vergil *Aen.* 7.194 *atque haec ingressis placido prior edidit ore*. Det ligg eit komisk element i dette, fordi den statua av Priapus vert framstill som eit orakel, ei høgt akta stilling samanlikna med den «lusne» guden han er.

75-76 pareat ille suae: uos me celebrate magistrum, | quos male multa callidus arte puer. pareat. Oppfordrande konjunktiv. **magistrum**. Vert hos Ovid brukt for ein kjærleikslærer, sjå for eksempel *Kjærlighetseventyr* 2.5.62 *nescio quis pretium grande magister habet.*, «læreren – hvem det nå er – fikk en betydelig lønn.» (Ovid, 2002). Noko av humoren her er at ein *magister* vanlegvis lærer vekk til *pueri*. Her lyt Tibull som *magister* lære vekk til dei som har vorte narra av ein *multa callidus arte puer* (Putnam, 1973).

77-78 gloria cuique sua est: me, qui spernentur, amantes | consultant: cunctis ianua nostra patet.

Alle dei som vert dumpa kan oppsøkje Tibull, for han kan hjelpe. **gloria cuique sua est**. Alle har noko å vere stolte av.

79-80 tempus erit, cum me Veneris praecepta ferentem | deducat iuuenem sedula turba senem.

Tibull ser føre seg ei framtid der han vert hylla av ungdomen som kjem til han for å spørje om råd, fordi han ber på Venus si lære om kjærleik. **deducat**. Term som uttrykkjer at ein følgjer fornemme borgarar til forum, OLD s.v. *deduco* 8b. **sedula turba**. forsiktig ekko av linje 9.

81-82 Eheu quam Marathus lento me torquet amore! | deficiunt artes, deficiuntque doli.

Dei to siste versepara i elegien openberrar ein aller siste vri. Etter å ha førestilt seg stor suksess, vert alt brote ned. Tibull feilar sjølv i den kunsten han nett har sagt han er viljug til å lære vekk til andre. **Marathus**. Her nemnt for første gong, og med denne kunnskapen i bakhovudet lyt

ein sjå heile diktet om att med eit nytt perspektiv. Tibull er slett ikkje den objektive mannen som søkte kunnskap om pederasti som han gav seg ut for å vere. Han sjølv har erfart at Priapus sine råd er lite effektive (P. A. Miller, 2002, s. 143). **torquet**. Same ord er brukt i 1.8.49 der Pholoe torturerer Marathus, *neu Marathum torque*. **lento ... amore**. Bilete på kjærleiken som ein sakte-brennande eld. **deficiunt**. Ein versjon av fenomenet i 1.4.61-62 *Pieridas ... | ... Pieridas*. Her derimot, er byrjinga av pentameteret sin andre halvdel, teke att i den siste halve delen. Bidreg her til å setje ein ekstra emfatisk karakter til slutten av ein elegi. Dette kan ein også sjå fleire stader hos Tibull, for eksempel 1.1.78 *dites despiciam despiciamque famem*; 1.7.64 *candidior semper candidiorque ueni*; 2.5.100 *caespitibus mensas caespitibusque torum*.

83-84 parce, puer, quaesio, ne turpis fabula fiam, | cum mea ridebunt uana magisteria.

parce. Imperativ til *puer* i vokativ. Kjenslefull oppmoding frå Tibull til Marathus om å fare fint åt med han. Sjå også 1.2.99 *at mihi parce, Venus*; til Jupiter i 1.3.51 *Parce, pater*; til Delia i 1.5.7 *parce tamen*; til Pholoe i 1.8.51 *parce precor tenero*. **ne ... fiam**. Avhengig viljesetning. **turpis fabula**. «ei skamlaus historie, sladder». Tibull gjer med si dikting historier evige, men han ynskjer ikkje sjølv å verte ei av desse sogene. Humoren er at det er akkurat denne poesien, som har eigenskapen å gjere noko uforgjengeleg, som har gjort han om til *turpis fabula* – sladder (P. A. Miller, 2002, s. 143). Sjå og Horats *Epode* 11.7-8. *heu me, per Urbem (nam pudet tanti mali) | fabula quanta fui, conuiuorum et paenitet*. **uana magisteria**. Emfatisk posisjon. Ikkje berre undergrev Tibull sine eigne ord om å vere ein *magister amoris* (75), men han svekkar heile Priapus si lære.

1.5

Elegi 1.5 er det andre diktet i Bok 1 som tek føre seg temaet παρακλαυσίθυρον – «song ved den stengde døra». I antikken var omgrepet kjent frå, og har sitt utspring det greske uttrykket κῶμος – α) «fest, festleg prosesjon der musikk og dans spela ei rolle»; β) «ei gruppe svirrebrør», eller γ) «om den oda som vart framført ved eit slik lag», LSJ s.v. κῶμος I, II, III. Dette utvikla seg etter kvart til eit reiskap for å uttrykkje romantisk kjærleik, og særleg den latinske, elegiske diktinga tok til seg motivet, OCD s.v. *paraklausithyron*. Etter Tibull 1.2 er dette det nest lengste eksempelet på motivet.

Diktet gjev eit inntrykk av at det held fram der dikt 1.4 om Marathus slutta, noko som ikkje vert avkrefta før i linje 20 der Tibull først nemner Delia. Det er gjennomgåande i elegien at bakgrunnssituasjonen kjem fram etter kvart, og at lesaren ikkje får eit fullstendig bilete på hendingslaupet før mot slutten. Den utestengde elskaren, *exclusus amator*, vert førespegla i dikt 1.56, han er tema i 1.2, og her 1.5 får vi ein ny versjon av motivet. Først i linje 67 vert det openbert at elegien handlar om ein *exclusus amator* og er eit *paraklausithyron*.

Elegien opnar med å stadfeste at ein separasjon var enkelt å tole, men i same versepar vedgår Tibull at han ikkje taklar det meir (1-2). No plagast han og samanliknar den pinefulle kjærleiken med ein snurrebass som spinn alle vegar (3-4). Han ber om at oppførselen hans vert straffa med dei verste av straffar, og han spør om tilgjeving (5-8). Tibull minner om at då Delia låg sjuk var det han som stelte ho, som redda ho med magiske og religiøse handlingar (9-17), men no er det ein annan som nyt godt av desse handlingane (17-18). I den neste passasjen drøymde Tibull om eit idyllisk liv på landet saman med Delia som si elskarinne/herskarinne, og der Messalla kjem på besøk (19-34). No er denne draumen knust (35-36). Han har forsøkt å gløyme med både vin og kvinner, men kvar gong minner Venus han på Delia (37-40). Dei andre kvinnene skuldar Delia for å ha forheksa Tibull, han sjølv hevdar det var hennar venleik som fanga han (41-46). På grunn av den forferdelege *lena* – bordellvertinna som Tibull forbannar, er Delia no saman med ein *diues amator* – ein rik elskar (47-58). Delia bør forlate bordellvertinna og innsjå at ein fattig elskar alltid vil vere ved hennar side som ein *seruus amoris* – kjærleiksslave (59-66). Delia si dør vil ikkje opne seg for songar og poesi, og Tibull sit som ein *exclusus amator* utanfor døra hennar (67-68). Han åtvarar Delia sin noverande elskar om at han kjem til å verte byta ut med ein ny rival snart, for Lukka snur på hjulet, og straks står ein ny mann på dørstokken hennar (69-76).

1-2 ASPER eram et bene discidium me ferre loquebar: | at mihi nunc longe gloria fortis abest.

Diktet opnar med den velkjende problemstillinga der den eine parten sin kjærleik til den andre ikkje er gjensidig. **Asper**. Å vere krass er det motsette av det som vart forventa av den elegiske elskaren, nemleg å vere *mollis* – smigrande, kjensleg, og han hevda at ikkje å vere i lag ikkje var eit problem. I Bok 1 hos Tibull vert adjektivet *asper* om Amor (1.6.2) og Venus (1.9.20). Saman med verba *eram* og *loquebar* i imperfektum kan tyde på at denne uvanlege verbale framferda til poeten kan ha vart over tid, ikkje at det berre var eit spesifikt tidspunkt i fortida. **bene discidium**. Oxymoron, eit brot er oftast ikkje godt. Om ein brå og/eller tvungen separasjon (om folk), OLD s.v. *discidium* 2a. *Discidium* er også ei teknisk term for oppløysing av ekteskapet eller fråskilde elskarar, OLD s.v. 2b. **longe ... abest**. For å få fram meininga best på norsk, har eg valt å setje inn eit «ikkje» som ikkje svarer til originalen. I dette høvet meiner eg det er til fordel for forståinga. I tillegg er det brukt ei overført tyding av *abest* – «ikkje vere til nytte», OLD s.v. *absum* 7b. Opphavelig og grammatisk rett seier verselinja «men no er det modige skrytet langt vekke for meg». **gloria fortis**. Motiv frå *militia amoris*. *Gloria* er eit ord som ofte vert brukt om ære ein har erverva gjennom militær overlegenheit og sigrar. Som P. A. Miller (2002, s. 144) påpeikar er Tibull sin siger her kortvarig samanlikna med den militære æra. Sjø Tibull 1.6.3 *An gloria magna est*, «kanskje er det ei stor ære», og 1.8.49 *puero quae gloria uicto est?* «kva ære er det i ein vunnen gut?».

3-4 namque agor ut per plana citus sola uerbere turben | quem celer adsueta uersat ab arte puer.

turben. Simile, dvs. ei samanlikning (Eide, 2015). Uvanleg form av det meir vanlege *turbo*. Mogeleg hint av galskap i denne similen, et tema som vert trekt fram i linje 49-65 som omhandlar forbanninga av Delia si *lena* (Bright, 1978, s. 155). Sjø Vergil *Aen.* 7.378ff. *ceu quondam torto uolitans sub uerbere turbo, | quem pueri magno in gyro vacua atria circum | intenti ludo exercent—ille actus habena | curuatis fertur | spatiis; stupet inscia supra | impubesque manus mirata uolubile buxum; | dant animos plagae: non cursu segnior illo | per medias urbes agitur populosque ferocis*, «Som det hender en topp flyer avsted for det flettede rep, når barn, ivrig opptatt av leken, lar den spinne i vidstrakt krets i en hall som er tom: mens den spinner for snoren, så hvirvler den hen i svingende løp, og skaren av gutter står fjetret omkring og beundrer den snurrende buksbom som livner ved slag: Slik ble hun ikke drevet i roligere løp gjennom byer og trossige folk.» (Vergil, 1989a). Her hos Tibull er fyrste gong denne similen vert samanlikna med ei mental tilstand heller enn ei fysisk tilstand (Murgatroyd,

1980). **uerbere**. Introduserer smerter, og førespeglar det neste verseparet. **assuerta... ab arte**. Her er guten også erfaren, slik *multa callidus arte puer* frå 1.4.76.

5-6 ure ferum et torque, libeat ne dicere quicquam | magnificentum post haec: horrida uerba doma.

ure. Eit ord som ofte vert brukt hos Tibull for kjærleikstortur (Musurillo, 1970, s. 389, note 4). Sjå for eksempel 1.9.21-22 for korporal tortur med eld, kniv og pisk, *ure meum potius flamma caput et pete ferro | corpus et intorto uerbere terga seca*, «Brenn hovudet mitt med eld og angrip kroppen med kniv og kutt i stykke huda med ein tvinna pisk». Det var ein karakteristikk ved slaveriet i Roma at slavane kunne bli slått, for det å verte slått var eit audmjukt teikn på lav sosial status. Å tillate andre å slå ein, eller å verte seksuelt penetrert, betydde at ein sette seg sjølv i ei slavestilling, og dermed den erketyriske passive kroppen (Walters, 1997, s. 37-40). Bodskapet er sterkt i dette verseparet. Tibull angrar eit utbrot av fri tale, og han «inviterer» straffar for slavar for å førebyggje at han skal kome opp ei ein slik situasjon att (Lyne, 2002, s. 361). **magnificum**. «storslått». Samansett ord av *magnus*, «stor» og *facio*, «å gjere, å lage», også brukt i ein liknande samanheng i Tibull 2.6.11-12 *magna loquor, sed magnifice mihi magna locuto | excutiunt clausae fortia uerba fores*. Sjå også 1.4.44 *imbrifer*.

7-8 parce tamen, per te furtiui foedera lecti, | per uenerem quaeso compositumque caput.

Dette forsøket på å få tilgjeving byggjer på Hera sitt løfte til Zevs i Homer *Il.* 16.36ff. om at ho ikkje hadde lurt han for å hjelpe grekarane, sjå spesielt linje 39-40 *σή θ' ἱερὴ κεφαλὴ καὶ νοῦτερον λέχος αὐτῶν | κοῦρίδιον*, «(ved) ditt eige heilage hovud og vår ekteskaps seng». **furtiui**. OLD s.v. *furtiuus* 2a, «hemmeleg, skjult». Eg har valt å setje *furtiui* om til «stolne», jf. OLD s.v. *furtiuus* 1. Sjå 1.5.75 og 1.8.57 der «stolne» også er brukt for *furtiuus*. **foedera lecti**. *Foedus* var (politisk) einigheit i krig, gjerne med guddomeleg godkjenning. OLD s.v. *foedus*² 1b. Det er eit svært ladd ord. Det opptreir først saman med *lecti* her, sjå og Ovid *Kunsten å elske* 3.593 *Postmodo riualet partitae foedera lecti | sentiat*, «og når en sengepakt først er blitt inngått, la ham få føle litt konkurranse» (Ovid, 2006). For bruk i samband med kjærleik eller ekteskap, sjå for eksempel Tibull 1.9.2, *foedera per diuos, clam uiolanda, dabas?* «gav du meg løfter om eit heilagt forbund ved gudane, for å mishandle det i skjul?»; Catull 64.335 om Thetis og Pelevs, *nullus amor tali coniunxit foedere amantes*, «aldri har Amor bunde dei elskande med ei slik pakt». Sjå og OLD s.v. *foedus*² 3. Saman med *furtiui* utgjer dette eit oxymoron, fordi ein *foedus* på det personlege planet normalt sett var einigheit mellom to (aristokratiske) menn, OLD s.v. 2. At noko er *furtim* eller *furtius* vil under vanlege forhold representere *iniura* – noko som

er urett, og dermed ein føresetnad for å løyse opp den avtala som er gjort (P. A. Miller, 2002, s. 145).

9-10 ille ego cum tristi morbo defessa iaceres | te dicor uotis eripuisse meis:

ille ego ... dicor. «Ryktet seier at at eg hjalp deg». Sjukdomsmotivet vert her brukt for fremje at Tibull har vist vyrndnad ovanfor Delia, og dermed er han overlegen sine rivalar. (Yardley, 1973, s. 283). **tristi morbo defessa.** Kva sjukdom det her er snakk om, er usikkert, men eg har valt feber, av den grunn at feber som symptom femner om mange konkrete sjukdomar, og feber i seg sjølv kunne vere dødeleg. OLD s.v. *morbus* 1. Sjå og Vergil G. 4.251-53 *Si uero, quoniam casus apibus quoque nostros | uita tulit, tristi languent corpora morbo — | quod iam non dubiis poteris cognoscere signis*, «nå kan det skje at bier blir syke av pest og av sykdom – livet kan bringe en bi den same fortred som oss mennesker – det kan du fort bli var på sikre nok tegn og signaler» (Vergil, 1994). Sjå og Properts 2.9.25-28 *haec mihi uota tuam propter suscepta salutem, | cum capite hoc Stygiae iam poterentur aquae, | et lectum flentes circum staremus amici?* om Properts som passa på si elskarinne då ho var sjuk, men vart erstatta av ein rival. **eripuisse.** Perfektum infinitiv aktiv, for presens.

11-12 ipseque te circum lustrari sulphure puro, | carmine cum magico praecinisset anus; ipse ... ipse.

Merk det emfatiske anaføre mønsteret i linje 11-15. **sulphure puro.** «Reinsande». Cairns (1979, s. 109) viser at det ikkje er unormalt at Tibull brukar adjektiv intransitivt, med aktiv tyding. Her vil dette seie at *puro* står som eit intransitivt adjektiv i forma , «rein», men tyder «reinsande». Sjå også 1.8.17 *pallentibus herbis*. I Homer er svovel eit tradisjonelt reinsingsmateriale, sjå *Iliaden* 16.228 om Akilles sitt beger, *τό ῥα τότ' ἐκ χηλοῖο λαβὼν ἐκάθηρε θεείῳ | πρῶτον*, «dette [begeret] tok han ut av kista og reinsa først med svovel». **praecinisset.** 3. person, eintal, pluskvamperfektum konjunktiv, aktiv. Putnam (1973) merkar seg at det er brukt både religiøse og magiske element i denne reinsinga. På grunn av *praecernisset* kan det tyde på at den gamle kjerringa først har framført sine formular før Tibull sjølv deretter reinsar lufta med svovel. Sjå *praecinit* i 1.8.4, der ordet har ei heilt anna tyding, «varsla».

13-14 ipse procuraui ne possent saeua nocere | somnia, ter sancta deueneranda mola;

deueneranda. Gerundiv samsvarsbøgd med *somnia*, av *somnium*, «draum». Sjå OLD s.v. *deueneror*, «å førebyggje med heilage handlingar, eksorsisme». Berre funne hos Tibull. Står for det meir vanlege *deprecanda* av *deprecor*, «be om å verte skåna», OLD s.v. *deprecor* 1. **sancta ... mola.** Middelets ablativ.

15-16 ipse ego uelatus filo tunicisque solutis | uota nouem Triuia nocte silente dedi.

uelatus filo ... tunicisque solutis. Prestane hadde ullband rundt luene sine som ein del av den rituelle påkledninga. I fleire antikke kulturar var knutar forbunde med symbolikk og magiske krefter, for eksempel «den gordiske knute» frå gresk mytologi, eller såkalla kjærleiksknutar, SNL s.v. *stikk og knopper*. For å forsikre seg om at denne typen magi ikkje skulle forstyrre utføringa av dei religiøse ritane vart det berre brukt kle som ikkje hadde knutar av noko slag (P. A. Miller, 2002, s. 145). Sjå 1.3.31 *resoluta comas*, «med utslått hår», der Tibull ser for seg Delia sitjande framfor tempelet og ber med utslått hår, utan noko som knyter det saman. **Triuia.** Latinsk omsetjing av det greske *Τριποδῖτις* – Tripoditis, som var eit av tilnamna til den greske gudinna *Ἑκάτη* – Hekate, i hennar form som gudinne for korsveggar. I hellenistisk tid vart Hekate identifisert med Artemis – gresk jaktgudinne og tvilling med Apollon, og Selene – gresk månegudinne. OCD s.v. *Trivia*; s.v. *Artemis*; s.v. *Selene*. Hektate var knytt til underverda, magi og hekseri, dørøpningar, og som nemnt, korsveggar. Sjå også 1.5.55-56 for ein referanse til Trivia.

17-18 omnia persolui: fruitur nunc alter amore, | et precibus felix utitur ille meis.

fruitur nunc alter amore. Sjå 1.3.83 *at tu casta precor maneas*, «eg ber deg derimot om at du held fast ved å vere kysk», der det vert hinta om at Delia kanskje vil finne på å vere utrumot Tibull med andre menn. I dikt 1.3 ligg Tibull sjuk på øya Phaeacia, og tenkjer på Delia. I 1.3.83-4 ber han ho om å halde seg kysk og alltid ha anstand, men her, på dette tidspunktet i 1.5 vert det klart at ho ikkje har innfridd det håpet om kjærleik til Tibull åleine. Dette, trass i at Tibull både stelte Delia då ho var sjuk og utførte rituelle handlingar for å få ho frisk (1.5.9-16), var ikkje tilstrekkeleg nok til at ho kunn skulle vere «kjærast» med Tibull. Dette er eit stort antiklimaks for Tibull etter den innsatsen han la ned (P. A. Miller, 2002, s. 145). **utitur.** Subjektet er *diues amator*.

20-34.

Den idylliske landlege motivet frå dikt 1.1 kjem att her, og sluttar med det kjende sitatet i linje 35, *haec mihi fingebam*. Det idylliske livet var ein viktig del av dikt 1 der han førsetiller seg det idylliske livet på landet med Delia som kjærast, og dette vert teikna som det ideelle livet. Her derimot er dette berre noko han tenkjer seg, og ikkje noko realistisk slik som det vert lagt fram i dikt 1.

19-20 at mihi felicem uitam, si salua fuisses, | fingebam demens, sed renuente deo.

Rett frå nederlag i linje 17 og 18, til ein draum om det perfekte livet med Delia, nemleg førestillinga om det late livet – *uita iners*, på landet. Det er ikkje tvil om at denne passasjen har samanheng med 1.1 der nettopp motivet om det rustikke, idylliske livet har stort fokus. Som poet føretrakkjer Tibull eit uverksamt og fattig liv på landet som (stor-)bonde framfor det strevsame og rikhaldige soldatlivet. For «fattig», sjå kommentar til 1.5.61-66 *pauper*. Saman med Delia som elskarinne/herskarinne skal dei dyrke både jorda og kjærleiken heilt fram til den dagen Tibull døyr. Dei skal i praksis leve som eit ektepar, men utan å gifte seg. Draumen eller tanken som Tibull har sett føre seg, såg han føre seg då han venta på at Delia skulle verte frisk att, jamfør linje 9-18. **felicem uita**. Atterljom frå linje 18, *felix*. Kondisjonsetning med indikativ. Indikativ vert brukt fordi forfattaren her ikkje tek stilling til om vilkåret – *si salua fuisses* – vert verkeleggjort eller ikkje, eller om det i det heile stemmer med dei verkelege forholda (Eitrem, Tosterud & Kraggerud, 2013, §181.1). **fingebam**. Eg har valt å bruke «å dikte» som omsetjing for *fingo*, OLD s.v. *fingo* 6a. Ikkje berre har Tibull dikta sette opp i sitt eige hovud, han skriv dikt om det også. **et**. Her vel eg å fylgje Levy og Luck sine utgåver som skriv *sed* etter A. Dette fordi det er meir teneleg for omsetjinga, sjå også *renuente deo*. **renuente deo**. Absolutt ablativ. «guden kasta hovudet avvisande bakover». Dette er den antikke varianten av å riste på hovudet for å vise misnøye (P. A. Miller, 2002, s. 146). Eg har valt å setje dette om til «men guden nekta». Sjå også 1.3.21-22 *prohibente deo*, «motarbeidande gud». I båe tilfella er guden mest truleg Amor.

21-22 rura colam, frugumque aderit mea Delia custos, | area dum messes sole calente teret,

Eit grammatisk skifte frå handlinga i fortidsform (*fingebam*, imperfektum indikativ) til framtid (*colam*, futurum indikativ) som gjer til at denne fantasien for ei stutt stund verkar verkeleg (P. A. Miller, 2013). **mea Delia**. Eigeomspronomen som uttrykkjer affeksjon eller kjærleik. **custos**. Delia skal ha rolla som oppsynskvinne på garden, noko som samsvarar med den tradisjonelle rolla som *materfamilias* – husfrue, ektemaken til ein *paterfamilias* – husfar, husbond. OLD s.v. *materfamilias* 1, 2. Hovudområdet til kvinna var hushaldet, men som oppsynskvinne ville oppgåvene også strekt seg utandørs. Murgatroyd (1980) påpeikar derimot at det ville vore uvanleg for kvinna å utføre dei arbeidsoppgåvene som vert nemnt i teksten, og at Delia dermed gjer desse anten fordi ho vil hjelpe eller fordi Tibull manglar arbeidskraft. Bruken av ordet *custos* er også interessant i seg sjølv. I 1.2.5 vert Delia vakta av ein *custos*, *nam posita est nostrae custodia saeue puella*, «for ein hjartelaus vaktar har blitt plassert hos jenta mi». I 1.5.47-48 ser vi at *callida lena* – de listige bordellvertinna har same funksjon. I lys

av dette er det ironisk at Delia i denne passasjen er ein *custos*, sidan ho sjølv er under oppsyn (Maltby, 2002). **area.** «Treskeklassen», OLD s.v. *area* 2. Subjekt for *teret*. Sjå *Horats Sat. 1.1.45 milia frumenti tua triverit area centum*, «om treskeklassen din har treska hundretusen av kornmålet». P. A. Miller (2002, s. 146) peikar på at verken Tibull eller Delia eigentleg gjer noko manuelt arbeid på garden som forsterkar det uverkelege i denne draumen. **messes.** Putnam meiner at fleirtalet i *messes* kan antyde «sommars etter sommar». Dette tykkjer eg kan vere ein rett påstand fordi det framhevar potensialet av det stabile og langsiktige i draumen. På den andre sida kan det vere poetisk fleirtal for eintal. Sjå også kommentar til *candida musta* linje 23-24. **teret.** Tresking – å skilje korn frå loa – vart vanlegvis gjort i varmen i juli, sjå for eksempel Hesiod *Verk og Dager* 597-99 $\delta\mu\omega\sigma\iota\ \delta'\ \epsilon\pi\omicron\tau\rho\acute{\upsilon}\nu\epsilon\iota\nu\ \Delta\eta\mu\acute{\eta}\tau\epsilon\rho\varsigma\ \iota\epsilon\rho\delta\acute{\omicron}\nu\ \acute{\alpha}\kappa\tau\acute{\eta}\nu\ |\ \delta\iota\nu\acute{\epsilon}\mu\epsilon\nu,\ \epsilon\tilde{\upsilon}\tau'\ \acute{\alpha}\nu\ \pi\rho\tilde{\omega}\tau\alpha\ \phi\alpha\nu\eta\ \sigma\theta\acute{\epsilon}\nu\omicron\varsigma\ \acute{\Omega}\alpha\rho\acute{\iota}\omega\nu\omicron\varsigma,\ |\ \chi\acute{\omega}\rho\omega\ \acute{\epsilon}\nu\ \epsilon\upsilon\acute{\alpha}\epsilon\iota\ \kappa\alpha\iota\ \acute{\epsilon}\nu\tau\rho\chi\acute{\alpha}\lambda\omega\ \acute{\epsilon}\nu\ \acute{\alpha}\lambda\omega\eta$, «Gi dine treller beskjed om å drøfte og treske Demeters | hellige korn når den sterke Orion for første gang sees; det på et sted godt luftet hvor gulvet er valset forsvarlig» (Hesiod, 2014); Vergil *G.1.298 et medio tostas aestu terit area fruges*, «midt i den heteste tid treskes også den modnede grøde» (Vergil, 1994).

23-24 aut mihi seruabit plenis in lintribus uuas | pressaque ueloci candida musta pede.

plenis lintribus. Trau eller kar der druene og vinen vart oppbevart. Det ligg håp om suksess og optimisme i *plenis*, at Tibull og Delia saman vil kunne drifte gardsdrifta godt. **candida musta.** *Mustum* viser til den første, tjuke og nypressa vinen frå druene som ikkje enno er fermentert eller lagra. Saman med korn var vin eit av hovudprodukta frå jordbruket. Slik som i *messes* (22) kan dette vere poetisk fleirtal for eintal, eller det kan symbolisere fleire årgongar i framtid. *Candida* viser mest truleg at det her er snakk om kvit nymost vin, sjå Plinius *HN* 23.29 *musta differentias habent naturales has, quod sunt candida aut nigra aut inter utrumque*. **pede.** Kven sin fot, eller føter det her er snakk om er uvisst. Delia sjølv kan ha deltatt i denne praksisen. Pressing av vinsaft frå druene med føtene er ein tradisjon som vert praktisert også i moderne tid.

25-26 consuescet numerare pecus; consuescet amantis | garrulus in dominae ludere uerna sinu.

Slik Delia kjem til å venje seg til livet på landet, slik vil også innbyggjarane der venje seg til ho. **consuescet.** Tibull gjentek ofte ord for å skape effekt, sjå for eksempel 1.4.5-6, *nudus.../ nudus*, og 53-55 *dabis...|...dabit...|...dabit*. I dette høvet skapar endringa av subjektet frå Delia til *garrulus uerna* ei overrasking, då ein ikkje vert obs på det nye subjektet før i slutten av

verseparet. **amantis ... dominae**. Ved å kalle Delia for *domina* tek Tibull tilbake til den originale meininga av den romerske herskarinna, der ho som mange andre romerske husfruer hadde ansvaret for slavane i huset. Elles i Tibull (Bok 1 og 2) vert *domina* brukt i samanheng med *seruitium amoris*, for eksempel 2.4.1, 2.4.25; eller i erotiske samanhengar, sjå 1.1.45-46 *quam iuuat immites uentos audire cubantem | et dominam tenero continuisse sinu*, «Kor det gledar meg å høyre den sure vinden, og ha heldt herskarinna mi i ein mjuk armkrok», og 1.5.39-40 der Tibull vert minna på herskarinna si imens han har sex med ei anna. Til saman er *domina* i samband med kjærleik berre brukt 7 gongar i heile Bok 1 og 2 hos Tibull, pluss dette høvt med *garrulus uerna*. Putnam (1973) merkar seg at denne kjælne handlinga minner om Catull 2.2-4, om Lesbia og spurven hennar, *quicum ludere, quem in sinu tenere | ... solet*. «[Spurven] som ho brukar å leike med, som ho likar å halde i fanget». **garrulus ... uerna**. Slavar som var fødte inn i hushaldet (*uernae*) vart gjerne behandla betre enn andre slavar, og dermed også meir «husvarme» og pratsame, sjå og Horats *Serm.* 2.6.66-67 *uernasque procaces | pasco libatis dapibus*.

27-28 illa deo sciet agricolae pro uitibus uuam, | pro segete spicas, pro grege ferre dapem.

Om dei tre førre kuplettane (21-26) var optimistiske, så legg offeret her meir til optimismen Tibull har om deira liv på landet. Delia skal leggje fram offer til guden, noko som ikkje var ei uvanleg rolle for bønder og ektefellane sidan dei hadde hovudoppsynet med dei religiøse handlingane, men den store forskjellen her er at Delia tek over rolla som Tibull sjølv har i 1.1.13-14 *et quodcumque mihi pomum nouus educat annus, | libatum agricolae ponitur ante deo*, «Og alle mogelege frukter det nye året vil gje meg vil verte sett fram som offer til bonden sin gud». **deo ... agricolae**. Putnam meiner dette uttrykket er så generelt at det kan bety nesten kven som helst av jordbruksgudane, men både Maltby og Murgatroyd meiner det truleg er Silvanus dersom det vert vist til ein spesifikk gud. Silvanus var gud for landsbygda, og beskyttar av blant anna jordbrukarar og fruktene i hagen, SNL og OCD s.v. *Silvanus*. Sjå Horats *Epod.* 2.17-22 for ofring av dei første fruktene til Silvanus, *uel cum decorum mitibus pomis caput | Autumnus agris extulit, | ut gaudet insitiua decerpens pira | certantem et uuam purpurae, | qua muneretur te, Priape, et te, pater | Siluane, tutor finium*. I 1.1.13-14 vert *agricolae deo* også brukt, der saman med *pomum*. Dette treng ikkje å vere eit vasssett bevis på at *Silvanus* er guden, men det er sannsynleg. **segete spicas**. I 1.1.16 og 2.1.4 vert *spica* knytt til Ceres, gudinna for kornavling og jordbruk. Den korte -e i *segete* er her blitt lang fordi den kjem før to konsonantar i neste ord. Sjå også 1.6.33-34 der dette også skjer. **dapem**. «Offermåltid».

29-30 illa regat cunctos, illi sint omnia curae: | at iuuet in tota me nihil esse domo.

Tibull let Delia som *domina* og *materfamilias* overta alt ansvaret, og han vil glede seg over å ikkje ha noko å gjere. Jamfør 1.1.5 *me mea paupertas uita traducat inertii*, «la min fattigdom føre meg igjennom eit uverksamt liv», der Tibull vel å leve eit liv i fattigdom og uverksamt liv. Det vert emfatisk uttrykt at ho skal ha ansvaret ved å sette *illa* først i kupletten, og vidare vert det gjennom orda *cunctos*, *omnia* og *tota* forsterka at Delia skal vere alt; Tibull skal vere ingenting, *me nihil esse*, som om han ikkje eksisterer. Makta Tibull her tilskriv Delia minner om den måten Damoetas beskriv Jupiter si makt i Vergil *Gjetarsongar*. 3.60-61 *Ab Iove principium Musae, Iovis omnia plena, | ille colit terras, illi mea carmina curae*, «Songen min byrjar med Jupiter, muser – i *alt* er vår allfar. Han lèt markene dyrkast, og songen min ligg han på hjarta» (Vergil, 2016). **regat, sint.** Oppfordrande konjunktiv. **illi ... curae.** Dobbel dativ. Dette er ei blanding av final dativ, *curae*, og dativ om omsynsledd, *illi*. Sjå og 2.3.43 *cui ... curae* for dobbel dativ.

31-32 huc ueniet Messalla meus, cui dulcia poma | Delia selectis detrahat arboribus.

Messalla meus. Det ligg pathos i *meus*, og det framhevar at Messalla var viktig for Tibull. Bok 1 er dedisert til han i det at han er litterær patron for Tibull, og er nemnd i opningselegien. Han er også nemnd i 1.3, 1.5, og 1.7., samt i opningselegien til Bok 2, 2.1.31, 33, og i 2.5.119. **dulcia poma ... selectis ... arboribus.** Messalla skal få spesialbehandling av Delia, nærast som ein gud. Sjå linje 27 og kommentar der dei første fruktene vert ofra til Silvanus, slik dei beste fruktene frå dei ypparste trena vert tilbodne til Messalla her.

33-34 et, tantum uenerata uirum, hunc sedula curet, | huic paret atque epulas ipsa ministra gerat.

uirum, hunc. Cesuren kjem mellom *uirum* og *hunc*, vi får *hiatus*, og ingen elisjon. **paret.** Oppfordrande konjunktiv.

35-36 haec mihi fingebam, quae nunc Eurusque Notusque | iactat odoratos uota per Armenios.

haec mihi fingebam. Teke att frå linje 19. Med desse orda vert ein riven tilbake til verkelegheita og realiteten. **Eurusque Notusque.** Vindane forsterkar rørsle vekk frå fantasien. Denne oppfatninga om at vindane tok med seg løfter og gjorde dei ugylding, kan ein trekkje heilt tilbake til Homer, sjå *Od.* 8.408-9 *ἔπος δ' εἴ περ τι βέβακται | δεινόν, ἄφαρ τὸ φέροιεν ἀναρπάξασαι ἄελλαι*, «Er det sagt deg et ord som kan såre, måtte da vindene veire det bort og straks la det glemmes» (Homer, 2010). Sjå og OLD s.v. *uentus* 3. Sjå også 1.4.21-22 *ueneris*

periuria uenti / inrita per terras et freta summa ferunt, «vindane fører med seg elskoven sine unyttige, falske eidar over land og bølghjetoppar». Konstruksjonen som med dobbel *-que* er stilistisk oppstylda. Den er henta frå Homer *Il.* 2.145 *Εὐρύος τε Νότος τε*, ein kan observere den hos Vergil *Aen.* 1.85 *Eurusque Notusque*, men ein finn det ikkje i den klassiske prosaen (Maltby, 2002, s. 134). Hos Tibull kan ein finne fem andre eksempel på dette; 1.1.33, 1.2.29, 1.9.72, 1.10.65, og 2.6.46. **odoratos ... Armenios**. Geografisk sett, vil det ikkje vere mogeleg at verken Austavinden eller Sønnavinden tek med seg ord og løfter *til* Armenia, då Armenia ligg sør-aust for Roma, og aust for dagens Tyrkia. Det er meir truleg at Tibull brukar termane lausleg og som symbol, heller enn for faktiske forhold (Murgatroyd, 1980). Det er dermed meir sannsynleg at det avsidesliggjande Armenia er nytta nettopp for å illustrere avstanden. *Armenios* saman med *odoratos* peikar mogeleg på ei eksotisk kjelde til dufter, sjå også (Sulpica) [Tib.] 3.8.17-18 *possideatque, metit quidquid bene olentibus aruis / color odorate diues Arabs segetis*. Mutschler (1985, s. 91-92) føreslår ein mogeleg samanheng mellom dette og ein *diues amator* (linje 47) som kan lokke Delia vekk frå Tibull med eksklusive ting henta frå dette området.

37-38 saepe ego temptaui curas depellere uino: | at dolor in lacrimas uerterat omne merum.

I dei neste to kuplettane kjem det fram at Tibull har brukt både vin og andre kvinner som *remedia amoris* – ein kur for kjærleik, men det har ikkje verka. Sorga og Venus minner han alltid på Delia. **curas depellere uino**. Motivet «å gjere vin om til tårer» synast å vere unikt hos Tibull. Cairns (1979, s. 39) hevdar at Tibull til ei grad har henta ideen frå ei hellenistisk kjelde, eller i det minste ha brukt ei slik kjelde som modell for sitt eige produkt. Ideen om vin og tårer er likvel ikkje ny, sjå Homer *Od.* 19.122 *φῆ δὲ δακρυπλώειν βεβαρηότα με φρένας οἴνω*, «og seie at eg er nedtynga til sinns og sym i tårer på grunn av vin». Eit seinare eksempel kan vi sjå hos Ovid *Kjærlighetseventyr* 1.8.111 *lacrimosaque uino / lumina*, «og augene tårefylte av vin». Å drukne sine kjærleikssorger var ikkje eit uvanleg motiv i den elegiske diktinga, sjå for eksempel Propertius 3.17.3-4 *tu potes insanae Veneris compescere fastus, / curarumque tuo fit medicina mero*, «du kan dempe vanvittige Venus sin vanvyrndad, og sorgene sin medisn vert laga frå din vin»; Lygdamus [Tib.] 3.6.3-4 *aufer et ipse meum patera medicante dolorem: / saepe tuo cecidit munere uictus Amor*, «og ta du sjølv vekk smerta mi med den lækjande offerskåla: ofte har Amor falle, overvunnen av vinen din»; Ovid *Kjærlighetskuren* 805-810 *uina parant animum Veneri, nisi plurima sumas / Et stupeant multo corda sepulta mero. / Nutritur uento, uento restinguitur ignis: / Lenis alit flammam, grandior aura necat. / Aut nulla ebrietas,*

aut tanta sit, ut tibi curas / Eripiat; siqua est inter utrumque, nocet, «Bakkhos kan åpne ditt sinn for kurtise, hvis ikke du drikker såpass at hjertet til slutt drukner i ublandet vin. Flammen får næring frå luft, og med luft kan den også bli slukket: Brisen gir liv til en ild; stormvinden blåser den ut. Fyll må du enten gå klar *av*, eller gå *på* til du mister vettet; en mellomting vil aldri i verden gå bra.» (Ovid, 2009). **dolor ... merum**. For Tibull som druknar sine sorger over Delia, sjå Tibull 1.2.1-2, *Adde merum uinoque nouos compesce dolores, / occupet ut fessi lumina uicta sopor*., «fyll på vin! og tøy dei nye sorgene med vin slik at djup søvn kan leggje beslag på dei utmatta, overvunne auga mine.» **saepe**. Legg merke til anafóren, og den emfatiske ordstillinga som gjer at den som les eller lyttar kan merke fortvilninga som ligg i budskapet, nemleg at desse handlingane ikkje hjelper mot kjærleikssorg.

39-40 saepe aliam tenui: sed iam cum gaudia adirem, | admonuit dominae deseruitque Venus.

Å bruke andre kvinner som verkemiddel for å gløyme ein ulukkeleg kjærleik er ikkje eit uvanleg motiv i poesien, sjå for eksempel Ovid *Brevvekslinger* 19.103-104 *in tua si ueniunt alieni colla lacerti / fitque nouus nostri finis amoris amor*, «og så lenge det ikke blir lagt noen fremmede armer om din nakke, mens vår kjærlighet dør for en ny» (Ovid, 2009); for ein annan gut, sjå Tibull 1.9.79-80 *tum flebis, cum me uinctum puer alter habebit / et geret in regno regna superba tuo*, «visst skal du gråte då, når ein annan gut har meg bunden i si makt, og med overlegent herredøme herskar han i ditt rike». **saepe aliam tenui**. Ofte har Tibull prøvd å ha sex med andre kvinner. Om impotens, sjå spesielt Ovid *Kjærlighetseventyr* 3.7, og i overført tyding – Catull 3.3 *passer mortuus est mea puellae*, «spurven til jenta mi er daud». **adirem**. Imperfektum konjunktiv vert i ein *cum*-setning gjerne brukt for å karakterisere tid og/eller ein situasjon (Eitrem et al., 2013, §177.2). **gaudia**. Seksuell eufemisme. OLD s.v. *gaudium* 2. Sjå også Horats C. 3.6.25-28 *Mox iuniores quaerit adulteros/ inter mariti uina, neque eligit / cui donet inpermissa raptim / gaudia luminibus remotis*, «Seinare, når ektemannen er ved begeret flørtar ho med yngre elskarar. Ho vel ikkje ein som ho i ei snarvending gjev kortvarig glede når lysa er sløkte»; Tibull 2.1.11-12 *uos quoque abesse procul iubeo, discedat ab aris, / cui tulit hesterna gaudia nocte Venus*. **admonuit**. Underforstått «meg».

41-44 tunc me discendens deuotum femina dixit, | a pudet, et narrat scire nefanda meam. | non facit herbis, facie tenerisque lacertis | deuouet et flauis nostra puella comis.

deuotum. Her omsett til «forheksa», sjå og 1.8.18 *deuouit tacito tempore noctis anus?*, «ei gamal kjerring har vel ikkje forheksa deg med trolldomsvers». For hekseri som forårsaka impotens, sjå også Ovid *Kjærlighetseventyr* 3.7.27-28 *num mea Thessalico languent deuota*

ueneno / corpora, num misero carmen et herba nocent? «kanskje tessaliske gifter forhekset den døsigne kroppen? Ble jeg uheldigvis skadd, utsatt for regler og brygg?» Ovid (2002). **nefanda.** «Skjendig», «ugudeleg», OLD s.v. *nefandus*. Eg har valt å setje dette om til «svartekunst». **meam...|...| nostra puella.** Underforstått «Delia». Skapar pathos ved å bruke eigedomspronomena. Sjå og 1.5.31 *Messalla meus*, 1.9.11 *meus puer*. **herbis.** I mi omsetjing har eg valt å halde med Luck og Levy som i sine utgåver brukar *herbis* frå A. *Herbis* vert og brukt i 1.8.18 *pallentibus herbis*, der også i samanheng med trolldom. For at det ikkje skal vere tvil om kva som er meint, har eg sett *herbis* om til «trylleurter». Sjå og OLD s.v. *herba* 1c. Legg og merke til assonansen av bokstaven -i, i linje 43-44, som om dette i seg sjølv kunne tene som eit trylleformular som vart resitert.

45-46 talis ad Haemonium Nereis Pelea quondam | uecta est frenato caerula pisce Thetis. Prodelisjon av *est*. Dette er det einaste staden i Tibull der ei slik samanlikning mellom ei elskarinne og ei heltinne eller gudinne førekjem. Det er også eit av dei svært få mytologiske exempla i Tibull sitt korpus. På lik linje med 1.4.63-64 er det ikkje noko eg vel å utdjupe i særleg grad, men det er verdt å nemne at nereida Thetis var ei motviljug brur til Pelevs, kongen av Phthia i Thessalia. Maltby trekkjer fram samnalikniga av venleiken til Thetis og Delia som hovudpoenget i denne delen, men peikar og på at ideen om at Delia også kan vere noko motviljug utan at det her blir eksplisitt sagt. Ein kan forøvrig lese om Thetis og Pelevs sitt bryllaup i Catull 64, og få Ovid sin variant i *Metamorfosene* 11.221-265.

47-48 haec nocuere mihi. quod adest huic diues amator, | uenit in exitium callida lena meum.

nocuere poetisk 3. person perfektum indikativ aktiv, for *nocuerunt* av *noceo*. **quod** «fordi». **diues amator.** For første gong vert den rike elskaren trekt inn. Han er ein gjennomgangsfigur henta frå komedien. Sjå og 1.4.57-72, og elegi 1.9. **uenit in exitium.** Eit flott ordspel om det «å kome» og «å gå». *Exitium* kjem frå *exeo*, «å gå ut», men tyder «undergang», OLD s.vv. *exeo* 1, 7; *exitium* 2,3. **callida lena.** *Lena* er nok ein gjennomgangsfigur frå komedien.

49-56 sanguineas edat illa dapes atque ore cruento | tristia cum multo pocula felle bibat: | hanc uolitent animae circum sua fata querentes | semper, et e tectis strix uiolenta canat: | ipsa fame stimulante furens herbasque sepulcris | quaerat et a saeuis ossa relictata lupis; | currat et inguinibus nudis ululetque per urbes, | post agat e triuiis aspera turba canum.

Sjølv om denne passasjen inneheld spanande motiv som hekseri, og det som kan tolkast som lykantropi, kan den ikkje knytast direkte til problemstillinga. Saman med denne kommentaren si lengd gjer dette at motiva ikkje vert meir utførleg kommentert her.

57-58 eueniet; dat signa deus: sunt numina amanti, | saeuit et iniusta lege relictata Venus.

eueniet. Tibull forsikrar både *lena* og Delia om at den forbanninga han har kome med, kjem til å skje. **dat signa deus.** det same uttrykket kjem att i 1.3.20 og 2.5.83. **iniusta lege.** Sjå linje 7-8 for «kjærleikskontrakt», *foedera*. No har denne kontrakta, her *lex*, blitt *iniusta* – ugyldig, fordi Delia har brote den ved heller å foretrekkje ein *diues amator* (linje 47-48). (Maltby, 2002). Sjå også 1.9.19-20 for Venus sin reaksjon på like omstender der pengar og gåver vert føretrekt framfor poesi, *diuitiis captus si quis uiolauit amorem, | asperaque est illi difficilisque Venus*, «dersom nokon som er gripen av rikdom mishandlar kjærleiken, er Venus både streng og vanskeleg mot han».

59-60 at tu quam primum sagae praecepta rapacis | desere: nam donis uincitur omnis amor.

at tu. Innleier den siste delen av elegien, og Tibull vender seg her direkte til Delia, før han i linje 69 (*at tu*) snur seg til *diues amator*. *At tu* innleier også her ei liksom-seriøs tale til desse, berre avbrote av eit versepar der Tibull kjem med ein innskoten klage om den stengde døra (linje 67-68) (Musurillo, 1970, s. 393). **sagae...rapaci.** Denne kvinna er den same som *lena* i linje 48. **desere.** Imperativ 2.person, presens, aktiv. **donis vincitur omnis amor.** «for all kjærleik vert overvunne av gåver». Eit openbert humoristisk spel som reverserer utsegnen frå Vergil *Gjetarsongar* 10.69 *Omnia uincit Amor: et nos cedamus Amori*, «Kjærleiken vinn over alt, lat oss med vika for kjærleik» (Vergil, 2016). Sjå også 1.4.40 for ein likeins humoristisk vri på det same Vergil-sitatet. Tibull si verselinje her har i sin tur fått eit atterljom i Ovid *Kjærlichetskuren* 462 *successore nouo uincitur omnis amor*, «all kjærleik vert overvunnen av ein ny etterfølgjar».

61-66 pauper erit praesto tibi semper: pauper adibit | primus et in tenero fixus erit latere: | pauper in angusto fidus comes agmine turbae | subicietque manus efficietque uiam: | pauper ad occultos furtim deducet amicos | uinclaue de niueo detrahet ipse pede.

I denne passasjen vert fordelane med å ha ein fattig elsker lagt fram. Ikkje utan ironi heidrar Tibull her underdanig åtferd og likeins gjerningar frå den fattige eskaren. Hos Ovid finn vi ein adaptasjon av dette motivet i *Kunsten å elske* 2.165-67 *Pauperibus uates ego sum, quia pauper amaui; | Cum dare non possem munera, uerba dabam. | Pauper amet caute: timeat maledicere pauper*, «fattige er jeg poet for, som selv var forelsket og fattig: ankom jeg uten presang, snakket jeg meg til en takk. Den som har lite, må elske forsiktig og unngå å krangle» (Ovid, 2006). **pauper**. Anafór. Legg merke til den enfatiske posisjonen av *pauper*. Tibull poengterer her at den som er *pauper* når det kjem til pengar likevel er eit betre alternativ enn rivalen som er *diues amator* (linje 47) (Yardley, 1973, s. 284). At Tibull her snakkar om at den *fattige* eskaren, er ei sanning med sterke modifikasjonar. I opningselegien 1.1.5 *me mea paupertas uita traducat inerti*, «la min fattigdom føre meg igjenom eit uverksamt liv», vel Tibull eit liv i fattigdom framføre eit mogeleg rikt liv som *miles* – soldat, med plyndringsgods. Sjå og 1.1.1-4 *diuitias alius fuluo sibi congerat auro | et teneat culti iugera multa soli, | quem labor adsiduus uicino terreat hoste, | Martia cui somnos classica pulsa fugent*, «La ein annan mann skaffe seg rikdomar av gult gull, og la han rå over rikeleg av åkermål, han som vert skremd av flittig arbeid, med ein nabofinde, og som Mars sine trompetar jagar søvnen frå.» Sjå vidare 1.1.26 *nec semper longae deditus esse uiae*, «og ikkje alltid vere slave av den lange vegen», ein metafor for soldatlivet. Det for oss ironiske motivet her, er at Tibull mest truleg ikkje var fattig. I det anonyme *Vita Tibulli* vert han omtala som *eques Romanus*, altså av adelt opphav innan riddarstanden (sjå også innleiinga s. 4). Ridderstanden var sosialt sett nært jamstilt med senatorane, men framfor politiske embeter føretrakk dei å jakte økonomisk vinning, jf. OCD s.v. *equites*. Forfattaren Tibull sitt syn på kva fattigdom, og kva det å vere fattig er, er derfor i lys av at han ikkje aktivt arbeider for å tene til livets opphald slik ein militær mann av rang ville gjort, men heller vel «å vere uverksam» som poet. **erit praesto**. Vert hos Plautus brukt om ein slave som fylgjer herren sin, sjå *Menaechmi* 982 *culpam abstineam, ero ut omnibus in locis sim praesto*. **in tenero ... | latere**. Maltby peikar på at bruken av *in* + ablativ i staden for det meir vanlege *ad*, eller med dativ, er rart, og ymtar om ei erotisk dobbel meining. Dette er noko som ikkje er lagt vekt på å få fram i denne omsetjinga, men det bør likevel forklarast enkelt her. Løysinga til den doble meininga ligg i ordet *latus*. I tillegg til å tyde «sida av kroppen, bryst, lunger» OLD s.v. *latus*² 1, kan det også overført tyde «kjønnsorgan» eller «underliv». Med dette i mente vil *in* gje meining. Sjå og OLD s.v. *latus*² 2, og kommentar til 1.4.52 *nudum ... latus*.

For *latus* i seksuelle samanhengar sjå for eksempel Catull 6.13 *non tam latera ecfututa pandas / ni tu quid facias ineptiarum*, «du ville ikke hatt så utpulte hofter hvis du ikke turte frem som en tulling» (Catull, 1996), og 21.5-6 *nec clam: nam simul es, iocaris una, / haerens ad latus omnia experiris*, «og ikke i skjul: når du treffer ham spøker du, klistrer deg til ham og prøver alle knep» (Catull, 1996). **adibit | primus**. Den fattige vil alltid kome først for å hjelpe, noko som peikar på at han er trufast. Sjå og Ovid *Kunsten å elske* 2.223-23 *Iussus adesse foro, iussa maturius hora / fac semper venias, nec nisi serus abi*, «Blir du beordret til Forum, så innfinn deg alltid før hennes fastsatte tid og forlat torget først etter en stund» (Ovid, 2006). **fidus comes**. Uttrykkjet er brukt om Achates i Vergil *Aeneiden* 12.384-86 *interea Aenean Mnestheus et fidus Achates / Ascaniusque comes castris statuere cruentum / alternos longa nitentem cuspide gressus*. Å lage veg for nokon i ei folkmengde var ein funksjon som vanlegvis vart utført av lågareståande medlem av fylgjet til senatorar når dei gjekk over Forum (P. A. Miller, 2013). Nok ei underdanig handling, altså. **subicietque manus**. Maltby trekkjer fram den erotiske undertonen i dette uttrykkjet, og viser til Ovid for den underliggande meininga, sjå *Kjærlighetseventyr* 1.4.56-58 *in medium turbae fac memor agmen eas. / agmine me invenies aut invenieris in illo: / quidquid ibi poteris tangere, tange, mei*, «husk at du straks må bli vekk inne i oppbruddets flokk. Inne i flokken, der finner du meg, eller jeg finner deg der, og du må tafse og ta alt kva du kan på min kropp!» (Ovid, 2002). **ad occultos furtim deducet amicos**. Denne verselinja kan tolkast på to måtar. På den eine sida at den fattige vil fylgje Delia i eit selskap hos vener der sandalane vert tekne av (sjå *uincla*). På den andre sida kan ein sjå den dobbel tydinga: den fattige kan her følgje elskarinna si til hemmelege og skjulte stader der ho kan møte *andre* elskarar (Maltby, 2002). Sjå og 1.9.41-42 der Tibull fører Marathus og Pholoe saman. **niueo pede**. Sjå og 1.4.12 *niueo pectore*, «med snøkvitt bryst», og Catull 61.9-10 *huc / huc ueni, niueo gerens / luteum pede soccum*, «her, kom her, med gule sandalar på dei snøkvite føtene». For det å ta av skoa som ei underdanig handling, sjå Ovid *Kunsten å elske* 2.212 *et tenero soleam deme uel adde pedi*, «ta både løs og bind fast skoene til hennes fot» (Ovid, 2006). Dette vert her hos Tibull framheva særleg ved at *ipse* står empatisk i slutten av linja. **uincla**. *uincla* vert brukt om forskjellige festereiskaper, her om skolykkjer, OLD s.v. *uinculum* 4a, c. Her står *uincla* som ei synekdoke for «sandalar». Noko som ikkje vert teke opp av nokon av kommentatorane er *uincla* i samband med *uinculum iugale* – ekteskapsbandet, eller med *seruitium amoris* – kjærleiksslaveriet, eit motiv Tibull ved fleire høver tek opp, OLD s.v. *uinculum* 1 og 5. Forutan den openberre elegien 2.4. om Nemesis og nemnde motiv, så tek Tibull for eksempel i 1.6.37-38 kort opp motivet *non saeua recuso / uerbera, detrecto non ego uincla pedum*, «eg avslår ikkje harde piskeslag, eg unndreg meg ikkje fotlenker». Både

piskeslag og å stå i lenkjer var straffar for slavar. Om det er konsensus i forskinga at dette ikkje gjeld her, så har det ikkje lukkast meg å finne ut av det.

67-68 heu canimus frustra nec uerbis uicta patescit | ianua sed plena est percutienda manu.

Først her, i linje 67, vert det avsløra at dette er eit παρακλαυσίθυρον – klagesong frå ein utestengd elskar. Her hjelp ikkje poesi, berre pengar eller gåver vil opne døra. Jamfør elegi 1.2 der dette motivet vert avslørt i linje 6 *et dura ianua firma sera*, «og døra er stengd med ein hjartelaus, urokkeleg bolt». **heu canimus frustra.** *heu* tek oss tilbake til røynda. Elegiar vart gjerne framførte som song, derav *canimus*. Sjå også Ovid som under liknande omstender ikkje kan kappast med ein militær rival som er rik, og som forgjeves syng til elskarinna si dør, *Kjærlighetseventyr* 3.8.23-24 *ille ego Musarum purus Phoebique sacerdos | ad rigidas canto carmen inane fores?*, «Jeg, som er prest for Apollon og helliget Musene, synger altså forgjeves for din stadig igjenlåste dør» (Ovid, 2002). For *frustra*, sjå og linje 71 *non frustra. nec uerbis uicta patescit | ianua*. Sjå Tibull 1.2.9 *ianua, iam pateas uni mihi uicta querellis*, «Dør, overvunne av jamringa mi, opn deg kunn for meg»; for *uerbis uicta*, sjå Propert 1.16.36 *uicta meis numquam, ianua, muneribus. Patescit* er før Tibull berre funne hos Lukrets *Om tingenes natur* 5.614 *Nec ratio solis simplex [et] recta patescit*, og vert sjeldan brukt om noko som faktisk vert opna, sjå for eksempel Seneca *Phaed.* 384 *sed en, patescunt regiae fastigia*. For *patescit* omsett til «å opne noko», sjå OLD s.v. *patesco* 1a. **plena manu.** Ordspråk, sjå Homer *Od.* 11.358-59 *καί κεν πολὺ κέρδιον εἶη, | πλειοτέρη σὸν χειρὶ φίλην ἐς πατρίδ' ἰκέσθαι*, «langt lettere var det å komme heim til min elskede fedrenejord med fullere hender» (Homer, 2010). Sjå og Tibull 1.9.51-52 *tu procul hinc absis, cui formam uendere cura est, | et pretium plena grande referre manu*, «Hald deg langt vekke frå her, for deg handlar det om å selje venleiken din, og å ta heim ei stor, full hand med pengar». **est percutienda.** Gerundiv av *percutio*, «å banke på (ei dør)», OLD s.v. *percutio* 4a. Er samsvarsbøygd med *ianua*.

69-70 at tu, qui potior nunc es, mea furta timeto: | uersatur celeri Fors leuis orbe rotae.

at tu. Linje 69-70 byrjar med ei åtvaring til *diues amator* (frå linje 17-18, og 47), om at lukka plutselig kan snu. Sjå og *at tu* i linje 59. For andre stader der forfattaren introduserer nye mottakarar med *at tu*, sjå 1.2.87, 1.3.83. Alle desse stadane gjer han dette mot slutten av dikta, noko som fungerer som overraskande element. **potior.** For *potior* om ein rival som er meir foretrukke, sjå Horats *Epod.* 15.13 *non feret adsiduas potiori te dare noctes*. I elegien er *riualis* meir vanleg, og *potior* førekjem berre her hos Tibull i elegisk samanheng. **mea furta.** Akkusativ

fleirtal, av *furtum*. Her omsett til «mine listige knep». **timeto**. Futurum imperativ. **uersatur celeri**. Atterljom frå linje 4, *celer ... uersat*, om *turben* – snurrebassen. **fors leuis**. Lagnadshjulet, eng. «wheel of fortune», er ikkje eit originalt motiv hos Tibull. Ein ser det først nemnt på latin hos Cicero *In Pis. 22 ne tum quidem fortunae rotam pertimescebat*, og er truleg ei utvikling frå eit gresk motiv, sjå for eksempel Sofokles fragment 871 ἄλλ' οὐμὸς ἀεὶ πότημος ἐν πυκνῷ θεοῦ τροχῷ κυκλεῖται καὶ μεταλλάσσει φύσιν, «men lagnaden min roterer alltid på gudinna sitt mektige hjul, og endrar dets natur». For lagnadshjulet i samanheng med kjærleik, sjå Properts 2.8.7-8 *omnia uertuntur: certe uertuntur amores: / uinceris aut uincis, haec in amore rota est*, «alt endrar seg: kjærleiken endrar seg utvilsamt: du vil bli overvunne eller du vinn, dette er i kjærleikshjulet». Til sist, legg særleg merke til den omsnudde rekkjefølgja av ord, som om dei allereie var snudde på hovudet av lagnadshjulet (P. A. Miller, 2013, s. 74).

71-74 non frustra quidam iam nunc in limine perstat | sedulus ac crebro prospicit ac refugit | et simulat transire domum, mox deinde recurrit | solus et ante ipsas exscreat usque fores.

Denne passasjen har utvilsamt eit komisk element over seg. Som P. A. Miller (2013, s. 74) peikar på i sin kommentar, så ville denne scena fysisk utspelt seg særleg morosamt med denne personen som sniker seg rundt, spring vekk, kjem attende som om ingenting har skjedd, og som kremtar diskre framfor døra. **non frustra**. Kontrast *frustra* i linje 67. **quidam**. Kven denne *quidam*, eller *ignotus amator* – ukjende elskaren, kan vere, er fleire løysingar på, og det er ikkje konsensus om dette. Cairns (1979, s. 152) føreslår at dette kan vere Tibull sjølv; Lee (1990, s. 126-127) argumenterer for at linje 72-74 er eit teikn til Delia om at åtfërda til denne ukjende personen fungerer som eit signal om korleis Tibull, eller poeten bak kjem til å oppføre seg neste gong han kjem på besøk, slik at tenarane lettare skal kunne kjenne han att. Hovudargumentet mot at *quidam* peikar tilbake på Tibull sjølv, ligg i linje 67 der Tibull sine handlingar vert omtala som *frustra*, for Delia tek berre i mot den eller dei som er rike (linje 68). Her i dette øyeblikket, *iam nunc*, til samanlikning, vert *quidam* sine handlingar omtala som *non frustra* (Maltby, 2002, s. 259). Maltby føreslår samstundes at denne *quidam* kan vere ein *miles gloriosus* – ein skrytande soldat, på grunn av den «smygande» famferda i linje 72-74. Ein *miles gloriosus* vil kunne passe med den typen Delia føretrekkjer om ho set pengar føre poesi. Bright (1978, s. 165-166) argumenterer også for at dette ikkje kan vere Tibull sjølv, men ein tredje elskar som føyer seg inn i rekkja av belarar. Han meiner Delia no har etablert eit mønster der også denne nye friaren vil verte byta ut etterkvart. Dette ligg nært ei av Musurillo (1970, s. 396) sine hypoteser om kven denne *quidam* er. Musurillo hevdar derimot at den mest trulege løysinga på

denne problemstillinga er endå ein ny persom som Tibull i si «profetiske tilstand» berre diktar opp for å gjere *diues amator* usikker på om Delia sin kjærleik er ekte. Eg tykkjer det er vanskeleg å skulle ta eit standpunkt om kven denne *quidam* er, men meiner at dette usikre elementet er det som nettopp gjev liv til passasjen. Sjølv om det ikkje er eit rett svar, gjer dei fleste hypotesene at Delia til sist vert stilt i eit lite flatterande lys fordi ho ikkje kan halde seg til ein elsker. **prospicit**. «Han speidar», OLD s.v. *prospicio* 2a. **transire domum**. Her tolkar eg *domum* som retningsakkusativ, jf. Eitrem et al. (2013) §§ 73, 110.1. Dette vil seie at *quidam* beveger seg heimover, før han snur og kjem tilbake. For ein elsker som går forbi døra til si elskarinne fleire gongar, sjå *Anth. Pal.* 5.189.2 (Asklepiader) *καὶ γὰρ πὰρ προθύροις νίσσομαι βόμενος*, «eg togar forbi døra og eg går tilbake, våt av regn». **exscreat**. OLD s.v. *exscreo*, «å spytte ut, hoste opp». Eg har valt å setje dette om til «han kremtar», fordi eg meiner det er den handlinga som skal fram her. Å kremte vil vere ei meir diskre handling for å få merksemd, framføre å spytte. Sjå og Ovid *Brevvekslinger* 21.23-24 *iamque venire videt quos non admittere durum est, / excreat et dicta dat mihi signa nota*, «og hun alt ser at det kommer personer som ikke kan stenges ute, da kremter hun litt» (Ovid, 2009).

75-76 nescio quid furtivus amor parat. Utere quaeso, | dum licet: in liquida nat tibi linter aqua.

Bodskapet her er at ein må gripe augneblikket, før det plutselig er omme. **nescio quid**. P. A. Miller (2013, s. 74) meiner at dette skal imitere eit siste orakelutsegn. Dette tek eg som ei forsterking av bodskapet i verseparet. **furtivus amor**. «stolen kjærleik». OLD s.v. *furtivus* 1. Sjå også 1.5.7. *furtivi*, 1.8.57 *uenus furtiva*. **utere**. Imperativ av det deponente *utor*, «dra fordel av, nyt». Atterljom av *utitur* frå linje 18, der *diues amator* også er subjekt. **in liquida nam tibi linter aqua**. Tibull avsluttar her med eit tilsynelatande urelatert ordtak (Lee, 1990, s. 130), slik han også gjer i 1.2.98 *quid messes uris acerba tuas?*, «kvifor brenn du bittert dine avlingar?». Sjølv om det kan synast å ikkje ha samanheng, er det likevel aktuelt fordi det fortel at plutselig kan situasjonen endre seg, slik *Fors leuis* (linje 70) plutselig kan snu om til ulukke. For det å segle som eit motiv for kjærleiken sine fallgruver, sjå Propert 2.4.18-19 om at homoseksuell kjærleik er «tryggare» enn ei heterofil affære; *gaudeat in puero, si quis amicus erit. / tranquillo tuta descendis flumine cumba*, «La han finne glede i ein gut, han som er min ven. Fredlegare flyt du ned elva i den sikre båten». **liquida aqua**. I dette høvet har eg valt å setje *liquidus* om til «strøymande», OLD s.v. *liquidus* 2d. Både Maltby og Murgatroy favoriserer dette framfor «klårt vatn», jf. OLD s.v. *liquidus* 5. Meinnga som ligg å båe alternativa vil etter mi vurdering resultere i den same konklusjonen, nemleg at forholda på vatnet plutselig kan endre seg.

Likevel har eg sett det teneleg å bruke «strøymande» for at lesarar lettare skal kunne gripe det usikre elementet i rennande vatn som ligg bak. Sjå og Ovid *Ars amandi* 448 *nec satis est liquidis unicus hamus aquis*, «ein einaste krok er ikkje nok på strøymande vatn». Sjå og Tibull 1.9.12 *liquidus aquas* og 50 *liquida aqua. nat*. Her vel eg å følgje Levy og Luck sine tekstutgåver som forbettrar *nam* til *nat* som føreligg i seinare manuskript enn A.; *g* frå det femtande århundre slik som V., og i det no tapte *Eboracensis deperditus*, scr.a. 1425. Alle desse fire manuskripta er trudd å kome frå den same arketypen (Harrington, 1914, s. 41). I sine kommentarar vel både Maltby og Murgatroyd å gjere dette bytet også, med den grunngeving at eit etterstilt *nam* slik som her er særdeles uvanleg hos Tibull, med unntak av Lygdamus [Tib.] 3.4.43-44 *salve, cura deum: casto nam rite poetae | Phoebusque et Bacchus Pieridesque fauent*. Når dette er sagt, så vil ikkje *nam* gjere omsetjinga uforståeleg, men eg meiner det er teneleg å setje om til «flyt» i denne konteksten.

1.6

Den sjette elegien i Bok 1 er den siste som omhandlar Delia. På dette tidspunktet er forholdet mellom Tibull og Delia særdeles trøblete, samt at vi får høyre om dei som skal vere ektemaken og mor hennar. Vi får vite at Delia si mor støtta forholdet, og det kjem fram at Delia driv med «dobbelt utruskap». Elegien er ein variant av *praeceptor amoris*-motivet frå 1.4, men det skil seg ut på somme punkt. Dikt 1.6 rører for eksempel ved heteroseksuell kjærleik; målet er å *hindre* Delia si affære med andre; og Tibull kjem her sjølv inn i rolla som *praeceptor*, og tonen er meir alvorleg enn det ironiske preget 1.4 har.

I dei første linjene av dikt 1.6 får Amor gjennomgå fordi han alltid først lokkar, så svindlar/bedreg Tibull (1-4). Deretter får vi vite grunnen: Delia har fått ein ny, hemmeleg elsker og no brukar ho dei triks og påskot mot Tibull som han sjølv hadde lært vekk til ho (5-14). Så vender Tibull seg mot den mindre merksame ektemaken, og gjev råd om korleis han kan stoppe Delia sin utruskap, ikkje utan ironi (15-22). Tibull som sjølv er ein del av den ekteskapelege utruskapen, føreslår at ektemaken skal tiltru Delia til han for å passe på at ho ikkje bedreg dei båe meir (23-24). Så følgjer ei liste av dei slu bedraga Tibull har lurt ektemannen med frå før (25-36), før han til sist gjentek at *han* bør vere den som vaktar Delia, og seier at han kjem til å vere hennar trufaste slave (37-38). Den neste passasjen er ein spådom frå Bellona si prestinne som seier at kvar ein som rører ved ei jente under Amor sin beskyttelse vil miste rikdomen sin (39-54). Delia fortentar også straff (55), men Tibull ber om at straffa skal vere mild (56), ikkje for hennar eiga skuld, men for mor hennar si skuld som hjalp Tibull under forholdet med Delia (57-66). Dersom Delia er sjalu og sint vil Tibull sjå dette som eit teikn på hennar kjærleik, og om ho ikkje trur at Tibull kan halde seg frå å fysisk straffe ho, må han verte dregen over vegen etter håret (67-72). I den siste delen av elegien vender Tibull seg direkte til Delia: han vil heller leve utan hender enn å slå ho (73-74). Han oppfordrar Delia til å vere kysk på grunnlag av kjærleiken hennar til han (75-76). Dersom Delia likevel skulle velje å vere utru mot han, beskriv han eit bilete av den einsame, gamle alderdomen som ventar ei utru kvinne (77-84). Det siste verseparet ytrar eit ynskje om at dette ikkje vert tilfellet, og at kjærleiken deira vil halde fram til dei vert gamle og grå (85-85).

1-2 SEMPER ut inducar blandos offers mihi uultus, | post tamen es misero tristis et asper, Amor.

Elegien opnar med ein klage mot Amor, sjå og Vergil *Gjetarsongar* 8.47-50 *Saeuos Amor docuit natorum sanguine matrem | commaculare manus; crudelis tu quoque, mater: | crudelis mater magis, an puer improbus ille? | Improbus ille puer; crudelis tu quoque, mater*, «Steinharde Amor fekk opplært ei mor til å skjemma si hand med blodet til born av sitt kjøt. Også du, mor, var vond inni sjela» (Vergil, 2016). **semper**. *Semper* står i emfatisk posisjon, ikkje berre først i kupletten, men også først i elegien. *Post* i pentameteret er likeins emfatisk i sin posisjon. **ut inducar**. *Induco* vert og brukt for å lure noko i ei felle, og ymtar om eit jaktmotiv, OLD s.v. *induco* 10. Sjå og Quintilian *Insti.* 5.7.11 *inducuntur in laqueos*; Terents *Andr.* 180 *induci, ut feras in retia*. Jaktmotivet vert forsterka av *insidias* (4) og *casses* (5). Kjærleik som ei form for jakt ser ein blant anna hos Tibull 1.9.45 *tum miser interii, stulte confisus amari*, «då smuldra eg trist opp, einfaldig stola eg på å verte elska»; Properts 2.32.19-20 *nil agis, insidias in me componis inanis, | tendis iners docto retia nota*. **blandos ... uultus**. *Uultus* omsett som «blikk», sjå OLD s.v. *uultus* 1. Sjå Plautus *Trinummus* 239 der «jegaren» Amor vert beskriven som *blandiloquentulus* - smigrande, og/eller slesk. **misero**. Karakteristikk som er definerande for den elegiske elskaren. Sjå Properts 1.1.1 *miserum me*; Ovid *Am.* 1.1.25 *me miserum*. Adjektivet vert gjenteke i linje 9 (*miser*). **asper**. 1.5.1 var det Tibull sjølv som var *asper*. Her i opninga den påfølgjande elegien, er det den personifiserte Amor som er vrang. Sjå 1.9.20 der ordet vert lagt til Amor (Venus), *asperaque est illi diffilisque Venus*, «er Venus både streng og vanskeleg mot han».

3-4 quid tibi, saeue, rei mecum est? An gloria magna est | insidias homini compuisse deum?

Jaktmotiv. For den ideen, sjå 1.8.49 *puero quae gloria uicto est?* «kva ære er det i ein vunnen gut?»; Vergil *Aeneiden* 4.93-95 om Dido sitt nederlag for Venus og Cupid, *egregiam uero laudem et spolia ampla refertis | tuque puerque tuus (magnum et memorabile numen), | una dolo diuum si femina uicta duorum est*, «det er jo en storartet pris og et kostelig bytte som du og din son – den store, merkverdige gud – henter hjem, når en eneste kvinne gor tapt for tvende gudommers list» (Vergil, 1985); Ovid *Kjærlygheitsventyr* 1.2.22 til Cupido *nec tibi laus armis uictus inermis ero*, «du blir neppe stolt dersom jeg lider tap, våpenløs, under vårt slag» (Ovid, 2002). **gloria**. Kjærleiken, eller Amor vart ofte framstilla som ein jeger eller soldat. For motivet, sjå 1.9.46 *nam poteram ad laqueos cautior esse tuos*, «for eg kunne vore meir var for dine snarer»; Ovid *Brevvekslinger* 20.45-46 *ut partem effugias, non omnia retia falles, | quae tibi, quam credis, plura tetendit Amor*, «kanskje du unnslipper enkelte feller, men langt ifra alle.

Flere enn du kan forstå, har nemlig Amor lagt ut» (Ovid, 2009). **insidias homini composuisse deum**. Fire-ords pentameter som er uvanleg hos Tibull. Merk at forfattaren omtalar både menneska og gudane i denne verselinja. **mecum est ... magna est**. To prodelisjonar i heksameteret.

5-6 nam mihi tenduntur casses: iam Delia furtim | nescio quem tacita callida nocte fouet casses. I dette jaktmotivet er det trulege «nett» som er meint, OLD s.v. *cassis*². Rekkjer av nett vart sett/hengt opp slik at jakthundar og folk som jaga bytta inn i netta, og dyra hadde liten sjans til å kome seg der ifrå. Sjå og Properts 2.32.19-20 (om elskarinna) *nil agis, insidias in me componis inanis: | tendis iners docto retia nota mihi*. **furtim**. Fleire stader i Tibull vert adverbet *furtim* brukt i ein erotisk kontekst for å antyde *furtiuus amor* – hemmeleg eller skjult kjærleik. **fouet**. Kan bety både «å varme (opp)», «omfamne», og «kjærteikne» i denne erotiske samanhengen, OLD s.v. *foueo* 1, 4. **nescio quem**. Vanleg framstilling av ein ukjent rival i elegien, gjerne ein suksessfull rival. Sjå for eksempel Ovid *Kjærlighetseventyr* 1.14.49-50 *nescio quam pro me laudat nunc iste Sygambrom*. / *fama tamen memini cum fuit ista mea*, «en eller annan sygambrom blir hyllet i stedet for meg, jeg husker den gangen da kun jeg høstet lovord og ry» (Ovid, 2002). Siste del av Tibull sin kuplett er eit atterljom av 1.5.75 *nescio quid furtiuus amor parat*, «eg veit ikkje kva stolen kjærleik steller i stand», som gjer at dikta vert knytte saman. Det tener også til å assosiere Delia til Amor sine bedrageriske handlingar. **tacita nocte**. Sjå 1.5.16, *nocte silente*. Delia sine nattlege handlingar/gjeringar vert ganske ironiske i lys av at Delia er eit pseudonym for den kyske *Diana* som var fødd på øya Delos (Putnam, 1973). Sjå og 1.8.18 *tacito tempore noctis*. For den same ordlyden *tacita nox*, sjå for eksempel Ovid *Brevvekslinger*. 18.77-78 *unda repercussae radiabat imagine lunae | et nitor in tacita nocte diurnus erat*, «bølgene strålte i skinnet frå månen som spilte i sjøen, og det var lyst som en dag, selv om det faktisk var natt» (Ovid, 2009).

7-8 illa quidem tam multa negat, sed credere durum est: | sic etiam de me pernegat usque uiro.

tam multa. Her har eg valt å følgje *tam multa* som er belagt i A, for Postgate sitt *iurata*. *Tam multa* er adverbialt og tyder «så iherdig» eller «så mykje». **durum est**. Prodelisjon. **pernegat**. Forsterka verknad av *negat*. **uiro**. Tibull må her meine den *coniunx* som vert nemnd i linje 15.

9-12 ipse miser docui, quo posset ludere pacto | custodes: heu heu nunc premor arte mea. | fingere tunc didicit causas ut sola cubaret, | cardine tunc tacito uertere posse fores: ipse miser ... pacto | custodes. Sjå dikt 1.2.15-22. Sjølv om *praeceptor amoris* er eit vanleg topos i den romerske kjærleikselegien, er motivet – å lære vekk til elskarinna korleis ho kan bedra sin *coniunx* – originalt hos Tibull. **premor.** «eg vert plaga» OLD s.v. *premo* 8b. Ideen om at ein elskar vert offer for sine eigne bedrag er vanleg hos Ovid, sjå for eksempel *Kjærlighetskuren* 501-502 *deceptum risi, qui se simulabat amare, | in laqueos auceps decideratque suos*, «selv har jeg ledd av en mann som ble lurt og som lot som han elsket; fuglefangeren falt selv i sitt oppspente nett» (Ovid, 2009). **cardine ... tacito.** Sjå 1.2.10 *neufurtim uerso cardine aperta sones*, «og umerka, du må ikkje lage lyd frå den opne døra med den snudde dørtappen».

13-14 tunc sucos herbasque dedi quis liuor abiret | quem facit impresso mutua dente uenus.

sucos herbasque. For kombinasjonen av desse, sjå Ovid *Kjærlighetskuren* 527-28 *Corpora uix ferro quaedam sanantur acuto: | Auxilium multis sucus et herba fuit*, «enkelte kroppar vil knapt bli helbredet med stikkende nåler, mange har derimot fått hjelp gjennom urter og safter» (Ovid, 2009). Andre stadar hos Tibull der urter vert brukt er det i samanheng med magi. **quis.** Arkaisk abaltivform av *quibus*. **mutua ... uenus.** *Mutua* har eg sett om til «lånt» på grunn av forholdet sin natur, at det ikkje er eit fast forhold. **impresso ... dente.** I omsetjinga har eg valt å erstatte *dente*, eintal, med den norske fleirtalsforma «tennene».

15-16 at tu, fallacis coniunx incaute puellae, | me quoque seruato, peccet ut illa nihil, at tu, ... coniunx. Med unntak av ei kort innslag hos Catull 83, så er det at elskaren adressera lærde og informerande kommentarar til ein *coniunx* eit motiv som er originalt hos Tibull (Murgatroyd, 1980, s. 186-187). Motiviet kan ein sjå att hos Ovid i *Kjærlighetseventyr* 2.19.

17-18 neu iuuenes celebret multo sermone caueto | neue cubet laxo pectus aperta sinu, pectus aperta. Gresk akkusativ/omsynets akkusativ. Peikar på den delen som vert rørt, i dette tilfellet ein kroppsdell. Denne akkusativen vert i mange høver brukt av poetar istadenfor ein ablativ (Eitrem et al., 2013, §75, jf. §102). Sjå også 1.6.49 og 1.9.80. **laxo ... sinu.** Dette betyr at kledda ikkje er knytte, og dermed er uanstendige. Eg har valt å setje om til «flagrande» med det mål å poengtere at tunikaen ikkje er knytt. Sjå OLD s.v. *laxu* 4a. Sjå også linje 40 der ordet vert teke opp att, og 2.3.78 *laxa... toga*.

19-20 neu te decipiat nutu, digitoque liquorem | ne trahat et mensae ducat in orbe notas.
nutu. Sjå 1.2.21-22 *illa uiro coram nutus conferre loquaces | blandaque compostis abdere uerba notis*, «ho lærer deg å offentleg føre snakkesalige nikk framfor din ektemake, og å skjule søte ord med avtala teikn». Ovid har utvida dette motivet i *Kjærlighetseventyr* 1.4.17-28.
digitoque ... | ... notas. Sjå Ovid *Brevvekslingar* 17.87-88 *orbe quoque in mensae legi sub nomine nostro, | quod deducat merolittera fecit, AMO*, «og jeg har lest, oppå bordflaten, under mitt namn, med bokstaver skrevet i ublandet vin; «jeg er forelsket i deg.» (Ovid, 2009).

21-24 exhibit quam saepe, time, seu uisere dicet | sacra Bonae maribus non adeunda Deae. | at mihi si credas, illam sequar unus ad aras: | tunc mihi non oculis sit timuisse meis.
Bona Dea: Fruktbarheitsgudinne der kulten var avgreinsa til kvinner. Å gå til *Bona Dea* sin heilagdom der menn ikkje har tilgong vil vere ein ypparleg grunn for å unngå at nokon følgjer med kvar ein går. Dette er også noko Ovid skriv om i *Kunsten å elske* 3.637-8 *quid faciat custos ... cum fuget a templis oculos Bona Dia uirorum, | praeterquam siquosilla uenire iubet?*, «når så Den gode gudinnen gjør mennene blinde i templet, unntagen dem som hun har påbudt å komme til seg» (Ovid, 2006). For meir om *Bona Dea*, epitet, kult m.m., sjå Brouwer (1989). I 62 fvt. var der ei kjend skandale som involverte Publius Claudius Pulcher, bror til den Claudia som ein i dag ser som førebiletet til Catull si *puella*, Lesbia. Claudius skal ha kledd seg opp som ei fløytejente og teke del i seremonien for *Bona Dea* for å varte opp Julius Caesar si kone, Pompeia, men han vart oppdaga. OCD s.v. *Clodius Pulcher, Publius*. Det er ei mogelegheit at Tibull her underforstått seier at «eg fryktar ikkje å vere ein Claudius Pulcher». **at mihi si credas.** Sjå gjentakinga i linje 37 *at mihi seruandam credas*, «tiltru til meg å passe ho». Om Delia sin *coniunx* tiltrur ho til Tibull, skal han sørgje føre at ingen *andre* følgjer dei. Tibull gjer her openbert narr av ektemaken sin mangel på varsemnd, og greier i dei neste versepara ut om alle dei slue triksa han har brukt i sine føregåande forsøk på å kjærteikne Delia. **ad aras.** Alteret vil stå utanfor tempelet (OCD s.v. *Temple*), som gjer at Tibull ikkje treng å frykte for auga sine sidan han ikkje ha brote nokre heilage reglar ved å gå *inn* i tempelet. **timuisse.** Infinitivsubjekt til *sit*. **oculis ... meis.** Properts 4.9.53-60 nemner også at menn vert straffa med blindskap om dei krenka *Bona Dea*.

25-28 saepe, uelut gemmas eius signumque probarem, | per causam memini me tetigisse manum: | saepe mero somnum peperit tibi, at ipse bibebam | sobria supposita pocula uictor aqua.

saepe, uelut ... | ... manum. Linje 25-26: Ovid *Trist.* 2.451-52 siterer dette distikonet nesten ordrett med eit par justeringar, *Saepe, uelut gemmam dominae signumue probaret | per causam meminit se tetigisse manum.* *Tristia* 2.447-64 står hovudsakleg som ei tett omskriving av Tibull 1.6, og er ein del av Ovid sitt framlegg om at mange andre har skrive kjærleikspoesi før han, men ingen har vorte straffa slik Ovid har (Maltby, 2009, s. 281). Gjentakninga av *saepe* forsterkar skrytet til Tibull. **per causam.** Brukt adverbialt, «med det påskot», ofte brukt i prosa, men her for første gong på vers. Andre stader berre hos Ovid *Epist.* 20.140, og *Trist.* 2.452. **mero.** «Ublanda vin», følgjeleg sterkare enn den som er ublanda med vatn. I *Kjærlighetseventyr* 1.4.51-52 gjev Ovid oppgåva med å få ektemannen full til elskarinna si, *uir bibat usque roga — precibus tamen oscula desint! — | dumque bibit, furtim si potes, adde merum*, «be om at mannen din stadig må drikke (men kyss ikke også), så må du smughelle mer ublandet vin i hans glass» (Ovid, 2002) **uictor.** Militært motiv. Som om Tibull har nedkjempa rivalen sin, med ublanda vin og vatn.

29-30 non ego te laesi prudens: ignosce fatenti. | iussit Amor: contra quis ferat arma deos? non ego te. Denne opninga førekjem tre gongar hos Tibull, alle gongane i dette diktet, sjå linje 57 og 73. **iussit Amor.** Nytt militært motiv, tek opp *uictor* frå linje 28. Tibull legg her skulda på *Amor*/kjærleiken, og han kan derfor ikkje skuldast for å gjere dette med vilje. Det er bestemt av guden. **contra quis ferat arma deos?** Ideen er funne mange gongar hos Homer, for eksempel *Il.* 6.129. For dets bruk som ordspråk, sjå Kallimakhos *Hymn.* 2.25 *κακὸν μακάρεσσιν ἐπιζέειν*, «det er ille å kjempe mot dei udøydelege».

31-36 ille ego sum, nec me iam dicere uera pudebit, | instabat tota cui tua nocte canis. | quid tenera tibi coniuge opus? tua si bona nescis | seruare, frustra clauis inest foribus. | te tenet, absentes alios suspirat amores | et simulat subito condoluisse caput.

instabat. Held fram med det militære motivet, og skrytet. Sjå OLD s.v. *insto* 2a. **canis.** Som andre stader, er hunder også *ianitor* i elegien. Sjå for eksempel Tibull 2.4.32 *et coepit custos liminis esse canis*, «og ein hund byrja å vere dørvakt». **quid tenera tibi coniuge opus?** Ektemaken som er uforsiktig har ikkje bruk for ei flott kone, sjå og Catull 17.12 *insulsissimus est homo, nec sapit pueri instar | bimuli tremula patris dormientis in ulna*, «fyren er et fullkomment fjols som har langt mindre vett enn en toårig unge som vugges i søvn av sin far» (Catull, 1996). **seruare.** Den siste vokalen er lang og gjer dermed til at ordet får ekstra fokus.

Dette er eit sjeldant eksempel på vokalforlenging i *thesis*-posisjonen av ein versfot før to konsonantar der den andre er ein likvid (-r-). **frustra clauis inest foribus**. Å låse dørene er unyttig om ikkje Delia vert heldt under oppsyn. **te tenet**. For erotiske kontekstar, sjå 1.5.39 *saepe aliam tenui*, «ofte held eg ei anna kvinne»; 2.6.52 *quisue meam teneat*, «kven held jenta mi». **suspirat**. Tibull er først til å bruke *suspiro* med akkusativobjekt (*alios...amores*). **amores**. «elskarar», OLD s.v. *amor* 1b. Kan her bety både *ein* elsker, eller fleire.

37-38 at mihi seruandam credas: non saeua recuso | uerbera, detrecto non ego uinclu pedum.

seruandam. Gerundiv, direkte objekt til *credas*. Underforstått *coniuge*. **uerbera**. «Piskeslag». Tibull var truleg den som introduserte den underdanige straffa i konteksten *seruitium amoris*, her i form av *uerbera* og *uincla*. Sjå for eksempel 1.8.6 *perdocuit ... multis uerberibus*, «lærte grundig med mange piskeslag», 1.9.22 *et intorto uerbere terga seca*, «og kutt i stykker huda med ein tvinna pisk», 2.3.80 *non ego me uinclis uerberibusque nego*, «eg vil ikkje seie nei til lenkjer og piskeslag». Heile elegi 2.4 er dedisert til *seruitium amoris*, der med Nemesis som *domina*. For *saeua uerbera*, sjå Ovid *Kjærlighetseventyr* 1.7.6 *tunc ego uel caros potui uiolare parentes | saeua vel in sanctos uerbera ferre deos*, «da var jeg faktisk i stand til å slå mine kjære foreldre, eller å radbrekke selv guder med krav på respekt» (Ovid, 2002).

39-42 tum procul absitis, quisquis colit arte capillos, | et fluit effuso cui toga laxu sinu: quisquis et occurret, ne possit crimen habere, | †stet procul ante, aut alias tet procul ante uia†.

Overdrive fokus på hår og det å ha togaen laus (*toga laxu*), var kjenneteikn på dei som var spradebassar. Dei vart generelt sett på som umaskuline. **ne possit crimen habere**. Bodskapet er at den som eventuelt kan observere Delia og Tibull saman, ikkje skal kunne sjå at det er dei, og dermed ikkje vere medskuldig dersom dei vert oppdaga. **Linje 42**. Pentameteret er korrumpert i overleveringa, men eg har valt å behalde det slik Postgate her gjer.

43-50 sic fieri iubet ipse deus, sic magna sacerdos | est mihi diuino uaticinata sono. | haec, ubi Bellonae motu est agitata, nec acrem | flammam, non amens uerbera torta timet: | ipsa bipenne suos caedit uiolenta lacertos | sanguineque effuso spargit inulta deam, | statque latus praefixa ueru, stat saucia pectus, | et canit euentus quos dea magna monet.

Ein lengre introduskjon av Bellona-prestinna sin profesj. Bellona var ei romersk gudinne for krig, og dermed høveleg å spørje for ein *miles amans* –soldatelskaren, OCD s.v. *Bellona*. Kulten til Bellona var ein orgiekult der prestinnene i ekstase laga kutt på armane og resten av kroppen (Putnam, 1973). **flammam, uerbera**. I sin ekstase fryktar prestinna ikkje fysiske smerter.

Tortur med eld og pisk er vanlege straffar for slavar, og som nemnt er dette gjerne sett i samaneng med kjærleik hos Tibull, sjå 1.5.5-6, 1.9.21-22. **bipenne**. «tviiegga» Denne sjeldne forma av ablativ erstatta *bipenni* av metriske grunnar. **sanguineque effuso**. Blodet frå såret vert brukt som offer til ein statue av gudinna. **latus**. Gresk akkusativ/omsynets akkusativ. Sjå kommentar til 1.6.18.

51-54 ‘parcite quam custodit Amor uiolare puellam, | ne pigeat magno post didicisse malo. | attigerit, labentur opes, ut uulnere nostro | sanguis, ut hic uentis diripiturque cinis.’

Slik som i 1.5.21-34 og 1.8.55-66, kjem det her eit plutseleg skifte til direkte tale. **parcite + infinitiv**. Sjå Vergil *Gjetarsong* 3.94-95 *Parcite, oues, nimium procedere; non bene ripae | creditur; ipse aries etiam nunc uellera siccant*, «akta dykk, sauer, og gå ikkje lenger, for breidda er utrygg. Endåtil sjølvaste vêren lèt ragget og ulla si turka» (Vergil, 2016). **ne pigeat**. Ordspråket om at tosken berre lærer frå erfaringer, finn ein tilbake hos Homer, *Il.*17.32. **attigerit**. Den som rører ved Delia vil miste rikdomen sin, truleg på grunn av hennar «kremmarsjel», dvs. at ho er grisk. Sjå og 1.9.7-10 for *exempla* på andre kremmarsjeler. Dette er nok også eit varsel til *diues amator* om at han må halde seg vekke. *attigerit* kan også tolkast seksuelt, OLD s.v. *atingo* 2d. Sjå også Catull 67.19-22 *Primum igitur, uirgo quod fertur tradita nobis, | falsum est. non illam uir prior attigerit, | languidior tenera cui pendens sicula beta. | numquam se mediam sustulit ad tunicam*, «at piken var jomfru da hun kom til huset, er løgn, og mannen sin hadde hun ikke vært nær, dolken hans hang som en umoden rødbete og laget aldri en krusning i tunikastoffet» (Catull, 1996). **sanguis, cinis**. Står som analogiar til *opes*.

55-56 et tibi nescio quas dixit, mea Delia, poenas: | ti tamen admittas, sit precor illa leuis. nescio quas ... poenas. Straffen Delia kan få er usikker. **admittas**. Vert ofte teke for å bety «å tilstå (ei ugjerning)», OLD s.v. *admitto* 13, men meininga kan og vere «å få (ein elskar)», OLD s.v. 2b. I omsetjinga har eg valt å bruke «tilstå». **Illa**. i.e. *Bellona*.

57-68 non ego te propter parco tibi, sed tua mater | me mouet atque iras aurea uincit anus. | haec mihi te adducit tenebris multoque timore | coniungit nostras taciturna manus: | haec foribusque manet noctu me adfixa proculque | cognoscit strepitus me ueniente pedum. | uiue diu mihi, dulcia anus: proprios ego tecum, | sit modo fas, annos contribuuisse uelim. | te semper natamque tuam te propter amabo: | quidquid agit, sanguis est tamen illa tuus. | sit modo casta, doce, quamuis non uitta ligatos | impediat crines nec stola longa pedes.

I dette stykket her ynskjer Tibull at Delia ikkje skal sparast for sin eigen del, men fordi Tibull er så glad i mor hennar. Som Maltby (2002, s. 274) så høveleg seier, så er dette like mykje ei forærming av Delia som det er eit kompliment til mor hennar. Trass i at denne passasjen er

interessant, ser eg det ikkje som like relevant i forhold til problemstillinga, og vel derfor ikkje å kommentere det noko vidare her.

69-72 et mihi sint durae leges, laudare nec ullam | possim ego quin oculos appetat illa meos; | et si quid peccasse putet, ducarque capillis | immerito pronas proripoarque uias. leges. «vilkåra i ei kontrakt», OLD s.v. *lex* 11. Der bør vere reglar også for Tibull i eit forhold med Delia. Sjå også *foedera lecti* i 1.5.7. **ullam.** i.e. *puellam*. **peccasse.** Sjå og linje 15 *peccet*. **pronas proripiarqe uias.** «retningens akkusativ» (Eitrem et al., 2013, §73). Unikt eksempel på latin der *proripio* står med akkusativ utan ein preposisjon. *Pronas* kan stå til *uias*, som i «bratte vegar/gater», OLD s.v. *pronus* 4, men det er meir truleg at det er eit overført epitet som betyr «med ansiktet ned», OLD s.v. *pronus* 3. Eg har valt å skrive dette litt om i omsetjinga, til «nasegrus», for å få fram meininga litt betre.

73-74 non ego te pulsare uelim, sed, uenerit iste | si furor, optarim non habuisse manus. Står som kontrast til linje 69-72. Tibull vil ikkje slå Delia, men om han hadde gjort det ville han kome til å angre. For vald mot ei elskarinne, sjå 1.10.53-54 *sed ueneris tunc bella calent, scissosque capillos | femina, perfractas conqueriturque fores*, «men då florerer kjærleiken sine krigar, og kvinna klagar over det utrivne håret og knuste dører». **non habuisse manus.** Om *iste furor*, «denne galskapen» skulle gjere til at Tibull skulle ynskje å slå Delia, vil han heller ynskje å ikkje ha hender.

75-76 nec saeuo sis casta metu, sed mente fideli: | mutuus absenti te mihi seruet amor. saeuo metu. *metu* plukkar opp *pulsare* frå linje 73. **sis casta.** Tek opp motivet frå linje 67-68 der Tibull ber mor til Delia om å lære ho å vere tru mot Tibull, sjølv om dei ikkje er gifte. Sjå og 1.3.83-84 der Tibull spør Delia om å halde seg kysk, *at tu casta precor maneat, sanctique pudoris | adsideat custos sedula semper anus*, «eg ber deg derimot om at du held deg kysk, og let den flittige, gamle kona stå anstand for den fromme æra». **mutuus ... amor.** Legg merke til den svært emfatiske plasseringa av *mutuus amor* som omkransar verselinja, som for å understreke at kjærleiken ikkje lenger vel side. Sjå og linje 14 *quem facit impresso mutua dente uenus*.

77-80 at quae fida fuit nulli, post uicta senecta | ducit inops tremula stamina torta manu | firmaque conductis adnectit licia telis | tractaque de niueo uellere ducta putat. **at.** *At* markerer her eit markant skifte i teksten, frå den trufaste Delia, til biletet av den illojale elskarinna. Hos Postgate vert det dette markert med eit tomt rom mellom linje 76 og 77. Eg har

fulgt Postgate si markering av dette, men det er strengt tatt ikkje noko som vil utgjere ein større funksjon enn å klårt markere noko nytt vert introdusert. Her kjem motivet om *nemesis* – passende straff, opp. Her vert den fiktive, eldre kurtisana sett som eksempel for kva som kan skje med Delia om ho ikkje endrar på «hardheita» si. Motiviet kjem opp i både 1.8, og 1.9, og vil verte kommentert meir der. **post uicta senecta**. Tap av venleik er den aldrande, og griske elskarinna sin største trussel. Sjå for eksempel 1.8.39-48 der Tibull fortel korleis ein kan «ta ungdomen tilbake». **inops**. At den griske kremmersjela skal vere fattig er ei passende straff, og står som advarsel til Delia. **ducit ... stamina torta**. Refererer til spinne-prosessen. Spinning og veving var oppgåver den jomfruelege tok seg av, men det harde arbeidet vart også gjort av fattige. Sjå og 1.3.85-86, *haec tibi fabellas referat positaque lucerna | deducat plena stamina longa colu*, «la ho fortelje att små fablar til deg, og når lampa er tent la ho trekkje lange trådar frå den fulle handteinen».

81-84 hanc animo gaudente uident iuenumque cateruae | commemorant merito tot mala ferre senem: | hanc Venus ex alto flentem sublimis Olympo | spectat et infidis quam sit acerba monet.

Dersom Delia skulle ende opp som kvinna i linje 77-80, vil ungdomar fryde seg over hennar dårlege situasjon, og Venus som sit på Olympos vil ikkje vere nådig. **senem**. Ytterst sjeldan brukt om ei kvinne.

85-86 haec aliis maledicta cadant: nos, Delia, amoris | exemplum cana simus uterque coma.

Dei tidlege elegikerane tok til seg Catull sin tanke om å streve for at kjærleik skal vare livet ut. Hos Properts for eksempel, kjem dette fram i 1.12.19f *mi neque amare aliam neque ab hac desistere | fas est | Cynthia prima fuit, Cynthia finis erit*, «Det er ikkje rett for meg å elske ei anna eller å slutte å elske ho. Cynthia var den første, Cynthia vil vere den siste». Dersom ein har i mente at Properts også skal ha hatt ei affære med ei Lycinna, så stiller eg spørsmål ved kor oppriktig dette er. For Lycinna i Properts si diktig, sjå Properts 3.15. Yardley (1974) derimot, stiller spørsmål om Lycinna berre var ein oppdikta figur.

1.8

I den åttande elegien har Tibull funne ut at Marathus har eit forhold med ei jente med namn Pholoe. Forholdet deira tonar seg likt med det Tibull sjølv har erfart med Delia, og vi får innblikk i ein situasjon der Tibull hjelper Marathus i affæra med Pholoe. Dette trass i at han sjølv er interessert i Marathus. Namna deira får vi ikkje vite før seint i elegien, som samsvarar med Tibull sin måte å gradvis avsløre samanhengar og tema i dikta (Maltby, 2002. s. 301). Sjå og elegi 1.4 der Marathus sitt namn ikkje vert avsløra før i nest sitste versepar; 1.5 der vi ikkje får vite det eigentlege temaet, *amator exclusus* og παρακλαυσίθυρον, før i linje 67.

I opninga av elegien tek Tibull i bruk sine eigenskapar som *praeceptor amoris* idet han kjenner att dei private teikna mellom to elskarar (1-6). Han oppfordrar den endå ukjende mottakaren om å ikkje nekte for å vere forelska (7-8). 9-14 tek føre seg kor nyttelaust det er med sminke og dandert hår, før vi i 15-16 får introdusert ei viss *illa*. Tibull lurar på om guten har vorte forhekka (17-22). Ulukkeleg innser han at venleik ikkje treng magiske hjelpemiddel for å vere forlokkande (23-24), men fysisk kontakt (25-26). Det neste verseparet gjer det klart at den *illa* som er introdusert er den same jenta som guten er forelska i (27-28). No vender Tibull seg til jenta for å gje ho råd om å alltid vere god mot guten, Venus straffar alle fæle gjerningar, og han rår til å berre krevje gåver frå eldre menn (29-34). Venus er erfaren i romansar med unge menn (35-38). Vendt til jenta fortel Tibull at rikdom utan kjærleik ikkje vil vere tilfredsstillande for ei eldre kvinne. Alderdomen er rett tid for sminke som forføringshjelpemiddel, ungdomen er tida for å elske (39-48). Først no, i linje 49, får vi vite at guten er den same Marathus som avviste Tibull i 1.4.81-4, og diktet tek ei ny vending. I 49-54 seier Tibull at jenta bør vere vanskeleg med eldre elskarar, ikkje mot Marathus som er sjuk av kjærleik til ho. Passasjen fungerer som overgang til Marathus si direkte tale til jenta (55-66). Her fortel Marathus om korleis dei kan dele hemmeleg kjærleik, *furtiuus amor*, men klagar over at dette ikkje har noko nytte når kunnskapen hans kjem til kort i romansen fordi jenta ikkje er til å stole på. Tibull tek på nytt ordet, og snakkar til dei to unge vekselvis. Gråt er forgjeves, Marathus (67-68). Først i linje 69 avslører forfattaren at namnet til jenta er Pholoe, og i same kuplett minner Tibull om at gudane mislikar hovmod (69-70). 71-76 tek for seg korleis Marathus før gjorde narr av dei i same situasjon som han er i no, dei ulukkelege elskarane. Til sist ei åtvaring til Pholoe om at straff ventar ho også, om ikkje ho sluttar å vere hovmodig (77-78).

1-2 NON ego celari possum, quid nutus amantis | quidue ferant miti lenia uerba sono.

I opninga av denne elegien legg Tibull fram sine vitnemål om kva effekt kjærleik, og spesielt den skjulte kjærleiken har. Han snakkar frå erfaring og ikkje gjennom forskjellige spådomskunstar (sjå linje 3-4). Nettopp dette gjer at lesaren ikkje veit kven Tibull faktisk snakkar om eller til, fordi dei erfaringane han snakkar om her er frå Delia-elegiane. Dei hemmelege nikka til elskarar, og den stille kviskringa tek oss tilbake til 1.2.21-22 *illa uiro coram nutus conferre loquaces | blandaque compositis abdere uerba notis*, «ho lærer deg å offentleg føre snakkesalige nikk framfor din ektemake, og å skjule søte ord med avtala teikn» og til 1.6.17-20. Saman med Tibull si underkasting til Venus (linje 5) og hennar magiske kjærleiksknute som bakkbinder hendene hans, så får lesaren ei kjensle av at det på nytt vert introdusert eit dikt om Delia. Vidare er ordlyden i linje 9-14 av den sort som får fram assosiasjonar til ei kvinne. Dei tre første elegiane der Delia er nemnd, vart avbrotne av 1.4 om Marathus. Etter at 1.5 og 1.6 vart følgd av hyllinga av Messalla i 1.7, så vil det ikkje vere unaturleg å tru at 1.8 er eit nytt dikt som omhandlar Delia. Elegi 1.6 indikera ikkje at det har som føremål å avslutte serien av Delia-dikt i Bok 1, og derfor er det overraskande når det viser seg å vere ein elegi om Marathus si forelsking i ei anna jente, nemleg Pholoe.

3-4 nec mihi sunt sortes nec conscia fibra deorum, | praecinit euentus nec mihi cantus auis:

sortes, fibra deorum, euentus ... cantus auis. Tibull alludera til tre former for spådomskunst: orakeltyding, haruspex-verksemd – å lese varsel i dyreinnvollar, og augurverksemd – fugleobservasjon. **sortes.** nominativ fleirtal av *sors*. For tydinga «orakelsvar» sjå OLD s.v. *sors* 3. Sjå og Tibull 1.3.11-12 for eksempel på orakeltyding, *illa sacras pueri sortes ter sustulit: illi / rettulit e trinis omnia certa puer*, «tre gongar heldt ho ut guten sine heilage varsel: tre gongar frå korsvegen kom guten med sikre omen». *Haruspices*, (eintal *haruspex*) var ei gruppe romerske spåmenn som tok varsel frå blant anna innvollar, og særleg leveren frå offerdyr for å tolke desse. Spådomskunsten sprang ut i frå trua på at gudane sendte viktige beskjedar gjennom teikn som måtte tolkast av kyndige, sjå SNL s.v. *haruspex*, og OCD s.v. *divination*. *Fibra* står som eintal her, og derfor har eg valt å setje det om til «leveren». For *fibra* som «lever», sjå OLD s.v. *fibra* 4a; for andre invollar s.v. 4b, c, d. **praecinit.** «varsle for». Sjå også 1.5.12 *carmine magico praecinuisset*, «sa fram trylleformular», for ei heilt anna tyding enn her.

5-6 ipsa Venus magico religatum bracchia nodo | perdocuit multis non sine uerberibus. magico nodo. Adjektivet *magicus* opptrer fyrst i *Gjetarsongar* 8.66 hos Vergil (*magicis ... sacris*), og er derfor relativt nytt då Tibull tek det i bruk. Den «magiske knuten» til Venus brukar ofte å vere det som knyter elskarar saman, sjå Vergil *Gjetarsongar* 8.77-78 *Necte tribus nodis ternos, Amarylli, colores; | necte, Amarylli, modo et "Veneris" dic "uincula necto*, «Før, mine songar, min Dafnis på heimveg frå byen, ja Dafnis. Bind, Amaryllis, eit tretal knutar med tretals fargar» (Vergil, 2016). **religatum.** 1. Supinum av *religo*. **bracchia.** Direkte objekt for *religatum*.

7-8 desine dissimulare: deus crudelis urit, | quos uidet inuitos succubuisse sibi. dissimulare. «å late som noko ikkje er, skjule». Sjå og linje 44 *dissimulet*, for dei to einaste plassane i Tibull dette ordet er nytta. **succubuisse.** Den første av i alt fire perfektum infinitivar i linje 7-14.

9-12 quid tibi nunc molles prodest coluisse capillos | saepeque mutatas disposuisse comas, | quid fuco splendente genas ornare, quid ungues | artificis docta subsecuisse manu? **nunc.** i.e. at det her er snakk om ei ny type affære. **molles capillos ... mutatas comas.** Her står både *capillos* og *comas* emfatisk i slutten av kvar verselinje (slik det også gjer i 1.9.14-15, om Marathus), og gjev oss eit inntrykk av at Tibull her snakkar til ei kvinne eller jente fordi vedkomande er så oppteken med hår og utsjånad, og påkledninga (linje 13-14). I *molles* ligg det meir enn berre at håret er vakkert. Det har eit meir feminint uttrykk, og passar såleis godt til ein *puer delicatus*. Marathus var ein *puer delicatus*, her vil dette seie at håret hans endå ikkje var klypt kort og at det framleis var mjukt. Sjå *OLD* s.v. *mollis* 1, «mjuk, tander»; 3b for samanheng med umandige menn; 3c som typisk for ungdom før dei vert mandige; 5 om fysisk svake (personar); 13 for kvinneleg karaktertrekk; 15b for handlingar som er kvinnelege eller umandige. **Linje 10: saepeque ... comas** er eit atterljom av Kallimakhos si beskriving av Afrodite sine førebuingar til dømninga av Paris, og vil i denne samanhengen gjere til at den som les diktet feilaktig vil trekkje den konklusjonen at Tibull her er vendt til ein person med feminint forteikn. (Maltby, 2002, s. 305). Sjå Kallimachos *Hymne* 5.21-22 *Κύπρις δὲ διαυγέα χαλκὸν ἐλοῖσα | πολλάκι τὰν αὐτὰν δις μετέθηκε κόμαν*, «men Kypriis, som tok opp bronsespegelen, og endra sjølv ofte og igjen håret». **fuco.** *Fucus* er ein vassplante som raud- eller purpurfarge vart henta frå. Eg har her set det om til «raudfarge» for å vere nøyaktig, men ordet «sminke» kan også nyttast. **artificis docta.** Normalt sett tok ein barberer seg av å stelle neglene, men her er det tydeleg at denne personen er godt kyndig til å gjere dette sjølv.

13-14 frustra iam uestes, frustra mutantur amictus | ansaque compressos colligat arta pedes.

uestes ... amictus. OLD s.v. *amictus* 3 «a way of dressing». Eg har omsett *amictus* til «stilen», og *uestes* til «kleda». Murgatroyd sit alternativ om at *uestes* er dei inste kleda, og *amictus* er dei ytre plagga er ikkje usannsynleg, men eg har her heller valt å gjere denne vrien for å sterkare få fram den innsatsen det krev å skifte alle kleda. **frustra ... frustra.** Anafór som understrekar den stressande situasjonen med å skifte klede til ingen nytte. **ansa.** Tibull er den første som brukar ordet i denne samanhengen, som ei lykkje på sandalen som ein tredje lissa inn i, for så å dra til og feste sandalen, OLD s.v. *ansa* 2b. **compressos ... pedes.** Her har Marathus (sc.) strama sandallykkja hardt for å få føtene til å sjå mindre ut, noko som gjer dei meir attraktive og feminine.

15-16 illa placet, quamuis inculto uenerit ore | nec nitidum arda compserit arte caput.

illa. På dette tidspunktet er det ikkje mogeleg å identifisere kven *illa* er, eit trekk som truleg er gjort med vilje frå forfattaren si side. Som tidlegare peika på er det ikkje uvanleg at Tibull utset å kome med alle opplysingar med ein gong, og det å skjule det eigentlege motivet før det vert openbert på eit seinare tidspunkt.

17-18 num te carminibus, num te pallentibus herbis | deuouit tacito tempore noctis anus?

carminibus. «trolldomvers». **pallentibus herbis.** Inderleg kjærleik er det som eigentleg forårsaka den gustne fargen til ein som er forelska, sjå 1.8.51-52. OLD s.v. *pallens* 1 «bleik, gul/grønaktig»; 2 bleikfarge på ting, plantar. Kommentatorane, spesielt Maltby (2002) meiner at *pallentibus* her er meint med aktiv tyding, dvs. at dei gjer nokon bleik eller gusten i fargen. Det finnast ikkje belegg for at fargelause eller bleike urter har hatt noko avgjerande rolle i den antikke magien, og det gjev for meg ikkje meining at det er det Tibull her meiner. Maltby peikar så vidare på at det her kan vere ein allusjon til Sapfo og hennar kjende fragment 31.14 *PLF* (Sapfo, 1955), der ho diktar om forelskinga i ei jente, og Sapfo er *χλωροτέρα ... ποία* «bleikare enn gras». Sjå og 1.4.15-16 der Tibull også gjev eit ekko av ein av Sapfo sine kjende dikt, også der i eit homoerotisk kontekst. **tacito tempore noctis.** Murgatroyd (1980) hevdar at perifraser av *silentio noctis* gjer narr av det høgtidelege som ligg i uttrykket, fordi slike magiske ritual vart oftast utførde i stillheit.

19-20 cantus uicinis fruges traducit ab agris, | cantus et iratae detinet anguis iter, cantus...ab agris. Sjå Vergil *Gjetarsongar* 8.99 *atque satas alio uidi traducere messis*, «og... at korn som er sådd, vert flytt over til anna manns åker» (Vergil, 2016). I følgje Plinius den Eldre kom Dei Tolv Bord (tradisjonelt sett til 451/0 f.v.t) med eit forbod om å kunne flytte avlingar med magiske messingar, sjå *N.H.* 28.18 *qui fruges excantassit*, «den som lokka vekk med trolldom» (Dennis et al., 2012, s. 136; Maltby, 2002; Murgatroyd, 1980). **cantus.** Anafór som kan illustrere måten ei trolldomsregle vert framlagt på (Maltby, 2002). Her set eg om til «regler». Både *cantus* og *carminibus* (linje 17) vil med lettheit kunne omsetjast til «trylle-» eller «trolldoms-», men for å få fram at der er skilnad i den latinske teksten vel eg å bruke to variantar også på norsk for å få fram dette. Eg ser ikkje at det skal forringe forståinga for den som les omsetjinga. For *carmen* som uttrykk for magi, sjå OLD s.v. *carmen* 1b; likeins for *cantus*, sjå OLD s.v. *cantus* 3. **cantus...anguis iter.** Dei magiske kreftene som kunne utøvast på slangar inkluderte 1) å splitte dei, sjå Vergil *Gjetarsongar*. 8.71 *frigidus in pratis cantando rumpitur anguis*, «kjølige ormar i graset vert sprengde når songane høyrest» (Vergil, 2016); 2) Å gjer slik at slangane sovna, sjå Vergil *Aeneiden* 7.754 *spargere qui somnos cantuque manuque solebat*, «han som pla å spreie søvn med song og med hand»; eller 3) slik som her i linje 20, å hindre slangane frå å bevege seg.

21-22 cantus et e curru Lunam deducere temptat, | et faceret, si non aera repulsa sonent. cantus et ... temptat. Sjå Vergil *Gjetarsongar* 8.69 *carmina uel caelo possunt deducere lunam*, «Songar kan endåtil lokka ned månen frå kvelven om natta» (Vergil, 2016). **curru.** Månen si vogn, sjå Vergil *Aen.*10.215-16 *Iamque dies caelo concesserat almaque curru | noctiuago Phoebe medium pulsabat Olympum*, «og snart var dagen frå himmelen veket, og nådige Phoebe fór just over himmelens midt på sin nattlige vogn» (Vergil, 1989b). **aera repulsa.** Sjå og Tibull 1.3.24 *aera repulsa*. Omsetjinga her står gjerne fram som litt krunglete, men eg har valt å bruke «bronsetrompetane» for å få med *aera*. Å slå på bronsejenstandar eller instrument skulle skremme den onskapsfulle krafta som forårsaka eit slikt fenomen forklara i dette og det førre verseptet, spesielt i samband med formørkingar og hekseri.

23-24 quid queror heu misero carmen nocuisse, quid herbas? | forma nihil magicis utitur auxiliis:

Sjå og 1.5.43-44 *non facit uerbis, facie tenerisque lacertis | deuouet et flauis nostra puella comis carmen*, «jenta mi gjer ikkje dette med trylleurter, ho forheksar med sit vakre ytre, kjælne

armar, og med gyllent hår». **carmen**. Her vert *carmen* gjenteke frå linje 17, men i eintal. Av den grunn har eg her omsett til «trolldom».

25-26 sed corpus tetigisse nocet, sed longa dedisse | oscula, sed femori conseruisse femur. sed. Anafór som vert teke att tre gongar, men eg har valt å berre setje om det første *sed* fordi det eg tykkjer det vert for krunglete norsk elles.

27-28 nec tu difficilis puero tamen esse memento: | persequitur poenis tristia facta Venus. tu. Først her vender poeten seg til jenta som guten er forelska i. Det er berre gradvis at vi får kjennskap til kven denne er, jf. *puella* (50), *illa* (67), *Pholoe* (68). **memento**. Didaktisk element. Her vert Venus framstilla som ein *nemesis*, eit motiv som vert gjenteke i linje 71-76.

29-30 munera ne poscas: det munera canus amator, | ut foueat molli frigida membra sinu. Putnam (1973) merkar seg den khiastiske rekkjefølgja av orda som gjer at dei kalde lemmene vert omkransa av det mjuke fanget. Sjå og linje 33 nedanfor. Det er ikkje til å unngå å påpeike den erotiske dobbeltydinga som ligg i *foueat*. Både (Maltby) og (Murgatroyd) seier dei ikkje legg noko meir i dette sidan det er ein vanleg referanse til det å handle uetisk for pengar, og at det her bokstaveleg er snakk om at den eldre mannen (*canus amator*) varmar seg utan å ta opp takta til noko seksuelt. Slik eg les diktet vil eg hevde at det er snakk om ei meir seksuell framstilling, og dette kjem også fram i omsetjinga.

31-32 carior est auro iuuenis, cui leuia fulgent | ora nec amplexus aspera barba terit. carior est auro. Ordspråk. **nec amplexus ... terit.** Her har eg skrive om litt for å få det til å høyrast meir logisk ut på norsk. «Og som ikkje gnir med ei skjeggfull omfamning» er det eg har set om til.

33-34 huic tu candentes umero suppone lacertos, | et regum magnae despiciantur opes. Ny khiastisk ordrekkjefølgje. Merk korleis *candentes lacertos* omringar *umero* i verselinja, slik det også vil gjere i verkelegheita.

35-36 at Venus inueniet puero concumbere furtim, | dum timet et teneros conserit usque sinus,
Heile denne kupletten er omdiskutert både i meining og teksten. I motsetnad til Levy med *inuenit* i si tekstutgåve, belagt i A., held Postgate og Luck på *inueniet* som er frå eit seinare manuskript enn A. Eg har valt å forhalde meg til Postgate si tekstutgåve i dette høvet. **inueniet**

+ **concupere**. Gresk konstruksjon. Kjem truleg frå den greske bruken av *εὐρίσκω*, «finne ut/på, oppdage» + infinitiv. Sjå for eksempel Vergil *G. 1.140 et magnos canibus circumdare saltus*. **concupere**. Betyr å ligge saman i seksuell forstand. OLD s.v. *concupio*. **dum timet**. Denne delen har eg funne litt krunglete å setje om. Meininga, slik eg les ut frå både føregåande kommentarar og omsetjingar til engelsk, er at *timet* står til Marathus (underforstått), og at dette betyr at han er ung og uerfaren.

37-38 et dare anhelanti pugnantis umida linguis | oscula et in collo figere dente notas.

I dette verseparet er det ei samanstilling av mange biletlege ord, og heile beskrivinga av scena er inspirert av Lukrets *Om tingenes natur* 4.1105-1110 *denique cum membris conlatis flore fruuntur | aetatis, iam cum praesagit gaudia corpus | atque in eost Venus ut muliebria conserat arua, | adfigunt auide corpus iunguntque saliuas | oris et inspirant pressantes dentibus ora*, til dansk «Når da tilsidst deres kroppe blir ét for tilfulde at nyde ungdommens blomstring, når legemet smager sin kommende lykke og Elskov har ført dem så vidt at kvindens ager kan tilsås, presser de grådigt legem mot legem, spyttet forenes i deres mund, de ånder i takt, trykker læber mot læber» (Lukrets, 1998). Det står att som eit gjennomgangstema i den romerske elegien (Putnam, 1973). **anhelanti**. «Å stynje, puste tungt», «vere andpusten» OLD s.v. *anhele* 1, 5. **pugnantis ... linguis**. «å tungekysse». Eit *militia*-bilete fremja av *pugnantis* som vert brukt i samanheng med krig og det militære. Sjå Ovid *Heltinnebrev* 15.129-132 *oscula cognosco, quae tu committere lingua | aptaque consueras accipere, apta dare*, «snart kan jeg gjenkjenne kyss, slike kyss som vi delte med tungen, og som du pleide å ta like intenst som du gav» (Ovid, 2001). **umida ... | oscula**. Atterljom av *longa ... | oscula* i linje 25-26. Mogeleg atterljom av Bion 1.46-47 der Afrodite seier til Adonis: *με ... φίλησον, ... | ἄχρις ἀποψύχης* «kyss meg ... heilt til du sluttar å puste». **in collo ... dente notas**. Sjå 1.6.13-14 for kjærleiksbitt hos Tibull, *tunc sucos herbasque dedi quis liuor abiret | quem facit impresso mutua dente uenus*, «så gav eg ho juicar frå urter som merka forsvann av, dei som den lånte elskoven laga med tennene». Sjå også Horats *Ode* 1.13.11-12 *siue puer furens | impressit memorem dente labris notam*, «eller om ein galen gut har påføra eit kjærleiksbitt på leppene, som eit minne».

39-40 non lapis hanc gemmaque iuuant, quae frigore sola | dormiat et nulli sit cupienda uiro.

Samanlikn med 1.6.25 *saepe, uelut gemmas eius signumque probarem*, «ofte, med det påskotet at eg ville granske edelsteinane og ringen hennar».

41-46 heu sero reuocatur amor seroque iuuentas | cum uetus infecit cana senecta caput. | tum studium formae est: coma tum mutatur, ut annos | dissimulet uiridi cortice tincta nucis: | tollere tum cura est albos a stirpe capillos | et faciem dempta pelle referre nouam. Eit avsnitt som forklarar korleis ein kosmetisk kan gjere at ein ser yngre ut. **sero**. Gjentakinga samspekar med verbet *reuocatur*. **infecit**. Oxymoron, ein kan ikkje farge noko kvitt. Bokstaveleg «har farga». Får sitt motmiddel i *tincta* i linje 44. Dette verseparet innleiar eit stykke om hår. Hår er ein av attributtane til Pholoe, *molles capillos* (9), og er eit tema som vert teke opp i alle ti dikta i Bok 1 i varierende grad. Det spelar ei viktig rolle for å skildre det kvinnelege og lite maskuline hos både Delia og Marathus. Her i form av ei åtvaring til Pholoe som tydeleg har eit vakkert hår, om å unngå alderdomsteikn så lenge som råd. For motivet om kvitt hår, sjå også Sapfo fragment 58.14 *PLF* (Sapfo, 1955) *λεῦκαι δ' ἐγένοντο τρίχες ἐκ μελαίναν*, «og håret vart kvitt frå svart». **tum**. «Då». Kan sjåast parallelt med *sero ... sero* i linje 41-42. I den latinske teksten er alle *tum* i denne passasjen lange stavingar, og i omsetjinga har eg skråstil desse for å markere at dei er trykketunge på norsk. Det latinske versemålet er i hovudsak kvantitetsteljande, dette vil seie lange og korte stavingar. På norsk vil dette svare til trykketunge, eller trykklette stavingar (Thorsen, 2001, s. 25-26). Sjølv om dette ikkje er ei litterær omsetjing, ser eg det som fordelaktig å markere desse orda ekstra i denne samanhengen. **tum studium formae est**. Prodelisjon av *est. Formae* er objektsgenitiv. **dissimulet**. Atterljom frå linje 7, *dissimulare*. **uiridi cortice... nucis**. *Uiridi* betyr bokstaveleg grøn, og gjev ein vittig tanke til ungdom og ung alder, men i røynda så produserer det grønne, ytste skinnet på ei valnøtt ein raudleg hårfarge. I omsetjinga har eg teke den friheita å setje dette om til «nøttebrun» fordi det på norsk vil vere eit klårare bilete på meininga.

47-48 at tu dum primi floret tibi temporis aetas | utere: non tardo labitur illa pede. primi ... temporis aetas. Omsett til «ungdomsalder». For utrykkjet «blomstrande ungdom», sjå for eksempel Hesiod *Theog.* 988 *τόν ῥα νέον τέρεν ἄνθος ἔχοντ' ἐρικυδέος ἥβης*, «Mens han var gutt med ungdommelig blomstring og barnlige tanker» (Hesiod, 2014); Catull 68.16 *iucundum cum aetas florida uer ageret*, «da min blomstrende ungdom strålte av glede i våren» (Catull, 1996).

49-50 neu Marathum torque: puero quae glori uicto est? | in ueteres esto dura, puella, senes.

Marathum. Først her vert Marathus sitt namn nemnd første gong i denne elegien. Samanlikn med 1.4.81 der heile diktet får ein ny dimensjon når det vert avsløra på slutten at elegien handlar om Marathus. **puero quae gloria uicto est?** *Gloria* og *uicto* er motiv brukt ved *militia amoris*.

Sjå og 1.6.3-4 for *gloria* i ein liknande samanheng, der med gudar som pønskar ut feller, *An gloria magna est / insidias homini compuisse deum?*, «er det kanskje ei stor ære for gudane å ha pønska ut feller for mennesket?»

51-52 parce precor tenero: non illi sontica causa est, | sed nimius luto corpora tingit amor. parce precor. Militærmetafor, sjå og 2.6.29 *parce, per immaturatae precor ossa sororis. tenero.* Vert sett opp mot *dura puella* og *ueteres senes* i linja før (50). **sontica causa est.** Prodelisjon av *est.* Dette uttrykket synast å ha meint «ein rimeleg» eller «gyldig grunn» for å ikkje kunne stille på eit obligatorisk arrangement eller for eksempel soldatar som hadde ordre om å møte på fastsette dagar. Murgatroyd argumenterer for at *sontica causa* her ikkje har si vanlege meining her, for då ville omsetjinga blitt ulogisk saman med det som følgjer i pentameteret: «spar guten: han kan ikkje tilby ein gyldig grunn, men ... kjærleiken fargar kroppane gule». Vidare seier Murgatroyd at uttrykket meir truleg er ei omskriving/ein variant av *sonticus morbus* (sjå OLD s.v. *causa* 13 for meininga «medisinsk symptom» eller «medisinsk grunn»), som vil gje meir meining i ei omsetjing (Murgatroyd, 1980, s. 248-249). Dette er også det eg har valt å bruke som bakgrunn når eg har sett om dette verseparet. **luto.** *Lutum* var ein plante som vert/vart brukt for å farge noko gult, og er her meint med overført tyding som fargen gul. Sjå også linje 17-18. Fordyce (1961) skriv om Catull 81.4 i sin kommentar, og seier at «fargen på ein bleik hudfarge som har blitt gusten er gulaktig». Murgatroyd legg til at den gustne hudfargen til Marathus er forklara som gul fordi personar med olivenfarga hud vert meir gulbleike heller enn kvitbleike. Sjå også Horats Epod.10.16 *pallor luteus* (i Epode 10 ber Horats om at Mevius må omkomme eller forsvinne i eit forlis på ei havreise. Den gule fargen viser til sjøsjuke og kvalme som Mevius har i vente). For den tradisjonelle bleike fargen som forelska personar har, sjå Ovid *Kunsten å elske* 3.703-4 *Palluit, ut serae lectis de uite racemis / Pallescunt frondes, quas noua laesit hiemps*, «Blek ble hun også, som vinstokkens vinløv blir bleke om høsten etter at druene er plukket og frosten slår inn» (Ovid, 2006); *Kærlighetseventyr* 3.6.25-26 *Inachus in Melie Bithynide pallidus isse / dicitur et gelidis incaluisse uadis*, «for den bityniske jenta blir Inakhos sagt å ha bleknet, og å ha båret en brann gjemt i sin kjølige strøm» (Ovid, 2002). **corpora.** Dei kommentarane eg har konsultert har ikkje nemnt noko om *corpora*, men eg tykkjer det er litt uklårt kva som faktisk skal fram her, sidan *corpora* er fleirtal. Dennis & Putnam (2012, s. 67) set om pentameteret til «A surfeit of love dyes our bodies yellow», og Lee (1990, s. 37) skriv «That pallor is a symptom of immoderate love», som er ei meir fri omsetjing. Eg held mest med Dennis & Putnam sin versjon, men har framleis litt vondt for å leggje til «våre» i mi eiga omsetjing, sjølv om eg til

sist vel å bruke det. Det er ikkje usannsynleg at Tibull/poeten inkluderer seg sjølv i denne samanhengen og seier at han også er, eller har hatt denne «sjukdomsforelskinga» i samheng med Marathus og dermed snakkar av erfaring. Dette kan underbyggje bruken av «våre». Ei anna side av saken er at Tibull/poeten her opptreer som *praeceptor amoris* att. Dette vil seie at han snakkar meir generelt om det at folk får dette sjukdomssymptomet ved forelsking, og med det i bakhovudet er ikkje bruken av «våre» like ulogisk. **tingit**. Sjå linje 44 (*tincta*).

53-54 uel miser absenti maestas quam saepe querellas | conicit et lacrimis omnia plena madent!

lacrimis...madent. Sjå Ovid *Kunsten å elske* 3.377-78 *Nulla fides, tabulaeque nouae per uota petuntur; | et lacrimis uidi saepe madere genas*, «Tillit går under i brettspill (hva blir ikke bedt om i bønner?), jeg har til stadighet sett kinn som er våte av gråt» (Ovid, 2006).

55-66.

I denne delen av diktet legg Tibull ord i munnen på Marathus i ein monolog, og vi les at han har lært triksa som den elegiske elskaren brukar når han er ulukkeleg forelska i ei jente. Dette gjev ein ny vri til heile elegien sidan vi veit at Tibull sjølv har interesse for guten. Marathus legg her fram dei same problema og triksa som Tibull har brukt i si jakt på Delia, og til saman skapar dette ein heilt ny dimensjon. Marathus gjentek fleire element som Tibull har skrivne om før, nest som ei konsentrert oppsummering av Tibull si affære med Delia frå elegi 1.2.

55-56 ‘quid me spernis?’ ait. ‘poterat custodia uinci: | ipse dedit cupidis fallere posse deus.

custodia. Sjå 1.2.5-6 *Nam posita est nostrae custodia saeua puellae, | clauditur et dura ianua firma sera*, «for ei hjartelaus vakt har blitt plassert hos jenta mi, | og døra er stengd av ein sterk, tung slå». **dedit**. Gnomisk perfektum. **ipse ... deus**. Truleg Amor. Båe orda står i emfatiske posisjonar. Sjå og 1.4 .23-24, der Jupiter tillèt å lyge og å føre bak lyset, *gratia magna Ioui: uetuit Pater ipse ualere, | iurasset cupidequidquid ineptus amor*, «Stor takk til Jupiter: Faderen sjølv forbaud at det skulle vere gyldig kva enn klønete kjærleik glupsk hadde svore»

57-58 nota Venus furtiua mihi est, ut lenis agatur | spiritus, ut nec dent oscula rapta sonum;

Venus. Eg vel å følgje Luck si tekstutgåve, og skriv *Venus*. Sjå også 1.2.34 *celari volt sua furta Venus*, «Venus vil at hennar hemmelege samankomstar skal vere skjult». **furtiua**. Sjå kommentarar til 1.5.7 og 75. **oscula rapta**. Sjå og 1.4.53-54 *tunc tibi mitis erit, rapias tum cara*

licebit | oscula: pugnabit, sed tibi rapta dabit, «Då vil han verte mogen for deg, då vil han tillate at du kan stele kjærkomne kyss; han vil kjempe imot, men overgje dei stolne kyssa til deg».

59-60 et possum media quamuis obrepere nocte | et strepitu nullo clam reserare fores.

Sjå Tibull 1.2.10 *ianua .../ neu furtim uerso cardine aperta sones*, «dør, ... umerka, du må ikkje lage lyd frå døra opna med den om vridde nykelen».

61-62 quid prosunt artes, miserum si spernit amantem | et fugit ex ipso saeua puella toro?

quid prosunt artes. Både Tibull (sjå 1.4.82 *deficiunt artes, deficiuntque doli*, «mine kunstar sviktar, og all mi list sviktar) og Marathus sine triks og kunstar kjem til kort.

63-64 uel cum promittit, subito sed perfida fallit, | est mihi nox multis euigilanda malis.

est ... nox ... euigilanda. Gerundiv av *euigilo* «å vere vaken gjennom», jf. OLD s.v. *euigilo* 2b. Den einaste staden ein finn dette verbet i denne transitive forma som alternativ til *peruigilo* «å vere vaken gjennom natta», eller *uigilo* «vere vaken», er hos Tibull. Gerudiven er samsvarsbøgd med *nox*. **Linje 64.** For å setje om denne linja til god norsk har eg sett det naudsynt å skrive om gerundiven. Alternativ til omsetjing frå norske ordbøker er det mindre heldige «å gjennomvåke», eit ord det for meg ikkje er kjent at har eit godt alternativ på nynorsk, utanom å gjere «-våke» om til «-vake». Om eg hadde heldt meg til den latinske grammatiske konstruksjonen, ville omsetjinga sett slik ut: «og med mange pinsler vil natta verte gjennomvaka av meg». Her kjem det passive i gerundiven fram. Den omsetjinga eg derimot har valt på er «og med mange pinsler ligg eg vaken heile natta». Eg tykkjer dette er eit betre alternativ, sjølv om det ikkje er ordrett det den latinske teksten seier. Sjå også Tibull 1.2.76 for *cum fletu nox uigilanda uenit?* «når natta kjem for å verte gjennomvaka med tårer?».

65-66 dum mihi uenturam fingo, quodcumque mouetur, | illius credo tunc sonuisse pedes.’

fingo. Sjå også 1.5.20 og 35, *fingebam*. Marathus førestiller seg korleis Pholoe kjem til han, slik Tibull i elegi 1.5 diktar opp ein fantasi om det idylliske livet med Delia på landet. Ved at poeten her legg *fingo* i munnen til Marathus, så viser det berre at det ikkje kan skje i røynda.

67-68 desistas lacrimare, puer: non frangitur illa, | et tua iam fletu lumina fessa tument.

Tibull tek ordet på nytt. Dette verseparet gjer det openbert at monologen til Marathus har vore av den dramatiske sorten (Maltby, 2002). **lacrimare.** Tek opp att og forsterkar *lacrimis* frå linje 54. **fletu lumina fessa tument.** Marathus vert her adressert som om han var ei jente. Sjå og

Catull 3.17-18 om *Lesbia tua nunc opera mea puellae | flendo turgidul rubent ocelli*, «på grunn av deg har nå kjæresten min øyne som er hovne og røde av gråt» (Catull, 1996).

69-70 oderunt, Pholoe, moneo, fastidia diui, | nec prodest sanctis tura dedisse focis.

oderunt ... diui. Den emfatiske ordstillinga fremjar alvorsgrada i åtvaringa. Som Murgatroyd (1980) seier, så er dette ein skjult trussel om den straffa som vert teken opp i linje 77. **Pholoe.** For første gong vert Pholoe nemnd med namn. **fastidia.** I kjærleikselegien har *fastidium* ei spesifikk tyding der den er knytt til «overlegenheita til den som ikkje er føyeleg for kjærleiken» (Maltby, 2002, s. 320). Putnam (1973) samanliknar her med Vergil *Gjetarsongar* 2.14-15 *nonne fuit satius tristis Amaryllidis iras | atque superb apati fastidia?* «Kunne du ikkje stå lettare ut med ein harm Amaryllis og hennar storsnuta måte å te seg?» (Vergil, 2016).

71-76 hic Marathus quondam miseris ludebat amantes, | nescius ultorem post caput esse deum; | saepe etiam lacrimas fertur rrisse dolentis | et cupidum ficta detinuisse mora: | nunc omnes odit fastus, nunc displicet illi | quaecumque opposita est ianua dura sera.

Ein ny vri, Marathus som før var den som var vanskeleg mot sine elskarar, også Tibull (jf. Elegi 1.4), er no den som sit i den ulukkelege elskaren sin situasjon. Marathus vert i denne delen brukt som eksempel for Pholoe på korleis *nemesis* – den guddommeleg straff, vil råke ho om ho ikkje mildnar. Hardheita hennar mot Marathus, er straffa hans for å ha oppført seg dårleg tidlegare (Maltby, 2002). Åtvaringa om *nemesis* er eit vanleg motiv hos Tibull, sjå for eksempel 1.2.89-90 *uidi ego, qui iuuenum miseris lusisset amores, | post Veneris uinclis subdere colla senem*, «eg såg ein som hadde spøka med ungdomen sin ulukkelege kjærleik, | (eg såg) at han som eldre underkasta nakken for Venus sine lenkjer». **Marathus ... miseris.** No er det Marathus som er ulukkeleg, han som ein gong lo av alt det han no sjølv klagar over. Ein kan tore å påstå at han er vorten klovnen i sin eigen vits. **ultorem ... deum.** Straffa vil kome. Vanlegvis er Mars guden for hemn, men både Nemesis og Amor kan inkluderast under *dei ultores*. Mars fekk sitt tilnamn «Hemnaren» under Augustus for å ha sigra over Iulius Caesar sine mordarar, OCD s.v. **Mars. post caput esse.** Denne setninga slik den står, finn ein berre hos Tibull, men Putnam (1973) viser til samanlikning Horats *Ode* 3.1.40 *post equitem sedet atra cura*, «[og] den svarte omsorg sit bak ryttaren». **lacrimas.** Sjå kommentar til linje 67-68. **rrisse dolentis.** Legg merke til korleis poeten her set dei to motsetningane, å sørgje og å le, opp mot kvarandre. **ficta ... mora.** Sjå line 63-66 der Pholoe er den som dreg ut tida når ho lovar, men held ikkje lovnaden. **nunc.** Anafór som understrekar skiftet frå *quondam* (71). **fastus.** Sjå kommentar til linje 69. **ianua dura sera.** *Dura* er eit vanleg ord å bruke for både den elegiske elskarinna og døra som

stengjer den ulukkelege mannen ute. For *ianua dura*, sjå for eksempel Tibull 1.1.56 *sedeo duras ianitor ante foras*, «som slave sit eg framfor stengde dører».

77-78 at te poena manet, ni desinis esse superba. | quam cupies uotis hunc reuocare diem!

I det siste verseparet tek Tibull opp varselet frå linje 69 til Pholoe, om at straff ventar ho om ho ikkje gjev opp hovmodet sitt. **at**. Angjev «ny» mottakar, i.e. Pholoe. *At* kan og introdusere ein trussel, jamfør *OLD* s.v. *at* 11e. **poena**. Berre Maltby (2002) vel å tolke *poena* som eit eigennamn, altså *Poena*. Trass i at det i omsetjinga til denne oppgåva er sett om til «straffa», så er eg einig med Maltby. Ved å bruke *Poena* vert referansen til linje 72 sin *ultorem ... deum* meir klår, og dersom ein ser til 1.9.3-4 som kjem rett etter desse linjene, vil eg hevde at det ikkje er urimeleg at *Poena* kan vere eit eigennamn. Det kan på den andre sida «berre» vere ei sterk førespegling av det som kjem i dikt 1.9 for å knyte dei meir saman, men eg tykkjer det er rart om ikkje dette ha ein tettare samanheng. *Poena* var ein hjelpar av den personifiserte Nemesis, gresk gudinne for gjengjeld. Denne samanhengen vil eg deretter argumentere for at er ei førespegling av det som kjem i Bok 2, som omhandlar Tibull sitt ulukkelege kjærleiksforhold til nettopp Nemesis, også ei *docta puella* slik som Delia i Bok 1. Sjå også kommentar til 1.9.3-4. **superba**. Omsett til «arrogant». **hunc reuocare diem**. *Reuocare* tek opp *reuocatur* i linje 41.

1.9

Elegi 1.9 byrjar med det same temaet som 1.8 slutta med, nemleg straff. Det er generelt akseptert at guten som vert omtala er Marathus (Maltby, 2002, s. 322; Murgatroyd, 1980, s. 9). Elegien er også adressert til ei ukjent *puella*.

Tibull spør kvifor høgtidlege løfter vart gjevne dersom dei var planlagt å brytast, før eller seinare vil det kome straff (1-4). Oppfordring til gudane om å spare guten (5-6). Eksempel på grådige menn (7-10). I 11-16 får vi vite kva guten har gjort, og ei høveleg straff vert lagt fram. Tibull minnst sine tidlegare varsel til guten om å ikkje selje venleiken sin (17-20), at svik ikkje kan skjulast for guden (21-30). Guten hadde svore at han ikkje skulle selje seg sjølv og verte forført av andre (31-38). Eit jente som guten er forelska i vert introdusert, og vi får innblikk i korleis Tibull hjalp han i dette forholdet (39-46). Tibull angrar dei songane han prisa guten med (47-50). Avskjed med guten (51-52). Tibull vender sinnet sitt mot den gamle mannen som forførte guten (53-74). Måtte kona hans ha mange utanomekteskapelege affærer (53-58), og la ho overgå den lausaktige søstera hans med både menn og drikking (59-64). Den eldre mannen har ikkje fått med seg at kona no har ein ung elsker (65-74). Elegien endar med ein bitter slutt adressert til den unge guten: korleis kunne han ta pengar for å ligge med ein slik grusam mann (75-78)? Guten kjem til å grine når Tibull får ein ny elsker, og Tibull dediserer eit forgylt palmeblad til Venus for at ho har fjerna den trulause kjærleiken frå han (79-84).

Elegi 1.9 står for meg som den eigentlege avslutningselegien i Bok 1. Elegi 1.10 har ein heilt anna funksjon i det at den står i samanheng med 1.1, og saman med 1.1 omkransar den første samlinga. Den tek opp motiv frå *militia amoris*, både krig og fred, og om det fredelege og idylliske livet på landet. Som allereie nemnt i kommentaren til 1.8, er Nemesis allereie førspegla, og dette vert også teke opp i byrjinga av 1.9.

1-2 QUID mihi, si fueras miseris laesurus amores, | foedera per diuos, clam uiolanda, dabas?

fueras ... laesurus amores. *laesurus*, futurum partisipp, maskulinum, nominativ, aktiv, gjer det klårt at ein med maskulint kjønn er mottakaren. Futurum partisipp saman med fortidsform av *sum* markerer ei handling som var planlagt i fortida, altså at guten hadde ein intensjon om å bryte lovnadane han gav allereie då han lova dei. *Laesurus amores* kan bety både «å krenke min kjærleik» som om det er noko heilag, sjå OLD s.v. *laedo* 5, og «å skade din elskar», sjå OLD s.vv. *laedo*, 3b og *amor* 1c. Sjå også Ovid *Tr.* 2.387f (om Medea) for *laedere amorem* om utruskap, *tingueret ut ferrum natorum sanguine mater, | concitus a laeso fecit amore dolor.* **foedera per diuos ... dare.** *Foedus dare*, «å innvilge eit politisk forbund» er eit teknisk, politisk uttrykk som vart brukt av den suverene makta. Sjå også kommentar til 1.5.7-8 for bruken av *foedus* som ein kontrakt mellom elskarar, m.m. Det er ikkje eit trekk hos Tibull i direkte ordelag å kommentere politiske tema, men det er interessant at han her flettar inn eit så kraftfullt uttrykk om forholdet mellom seg og guten. Det ligg openbert at det er den yngre parten som sit på makta i forholdet fordi han gav løftet, og er den som kan bryte det. Det tekniske språket forsterkar verknaden av løftebrotet og konsekvensen av det. **uiolanda.** Gerundiv, samsvarsbøgd med *foedera*.

3-4 a miser, et si quis primo periuria celat, | sera tamen tacitis Poena uenit pedibus.

Verseparet står i markant kontrast til 1.4.21-26, den første elegien som omhandlar pederasti og Marathus. Priapus seier der at å sverje falskt for å lokke guten/-ar inn i eit forhold vil verte sett mellom fingrane av gudane, men her, i poet-eg-et si stemme vert lygner og løftebrot før eller seinare straffa. **a.** Står i emfatisk posisjon, men er sjeldan brukt i Tibull Bok 1 og 2 (berre 1.10.59 og 2.1.79), og vert derfor ekstra emfatisk (Murgatroyd, 1980). **miser.** Tek att *miseros* frå linje 1. **celat.** Tek opp *celari* frå 1.8.1 *Non ego celari possum*, «eg vert ikkje heldt uvitande om». **sera tamen.** Straffa vil alltid innhente den som fortener det, og *sera* står emfatisk plassert og understrekar dette. Sjå for eksempel Properts 3.4.5 *sera, sed Ausoniis veniet prouincia virgis*, «Seint, fordi Ausonerane er som ein seigliva kvist, men provinsen vil kome»; Vergil *Gjetarsongar* 1.27 *Libertas, quae sera tamen respexit inertem*, «Fridomen såg meg til slutt, om enn eg var sein til å snu meg» (Vergil, 2016). **tacitis ... pedibus.** Forsterkar *sera tamen*. Sjå 1.10.34 *imminet et tacito clam uenit illa pede*, «Ho[Dauden] truar, og i skul kjem ho på stille føter». Sjå også tragedieforfattaren Euripides Fr.979(N) *ή Δίκη ... | ... | ... σῖγα καὶ βραδέϊ ποδὶ | στείχουσα μάρψει τοὺς κακοῦς, ὅταν τύχη*, «Rettferdigheita, som går stilt med ein langsam fot, vil gripe den vondskapsfulle når tida er rett». **Poena.** (gr. Πονή) Var personifisert som den

greske gudinna for straff eller hemn, OLD s.v. *poena* 1 d. Cairns (1979, s. 61-62) argumenterer for at Tibull kanskje har henta konseptet om Poena frå hellenistiske omarbeidingar av Homer sine beskrivingar av Ate – personifisert som den krafta som kjem med ulukker, og ho har trekk som kan samanliknast med Nemesis, SNL s.v. *Ate*. Sjå også kommentar til 1.8.77-78.

5-6 *parcite, caelestes: | aequum est impune licere | | numina formosis laedere uestra semel. parcite.* Sjå også 1.8.51 *parce. impune*. Adverbet spelar etymologisk på *Poena* frå linje 4. **formosis**. Tibull viser her at han framleis er var guten sin sjarm og tiltrekkingskraft. Sjå 1.4.3 og kommentar der *formosus* også er brukt som substntiv. **aequum est**. Fører vidare ein nærast rettsleg ordlyd, særleg saman med *licere*, og står som om ein forsvarsadvokat framfor gudane (Putnam, 1973). Sjå OLD s.v. *aequus* 6, for «rettferdig». **numina**. Emfatisk posisjon. Tek opp *caelestes*. Eg tolkar dette meir i retning av å ha krenka det som gudane allereie har bestemt, altså gudane sin vilje. Det kan også bety guden/-ane sjølv, sjå OLD s.v. *numen* 3 og 6. **semel**. Emfatisk posisjon, og understrekar at ein gong, og berre *ein gong* tillèt gudane denne handlinga. **Omsetjinga**. Eg er klar over at dette verseparet står med ei litt tungnæm omsetjing, men i dette tilfellet har eg valt å la omsetjinga ligge nærare den latinske teksten og grammatikken sidan det er mogeleg å forstå det.

7-10 *lucra petens habili tauros adiungit aratro | et durum terrae rusticus urget opus, | lucra petituras freta per parentia uentis | ducunt instabiles sidera certa rates:*

I linje 7-10 kjem Tibull med ei utgreiing om at alle menneske har ein grådig natur, og han brukar bonden og kjøpmannen som *exempla* på griske ambisjonar for å skape kontrastar til sin eigen fordel som «fattig» poet. Dette er dømer som ein kan sjå att frå ei lengre liste av liknande *exempla* frå Horats *Satire* 1.1.4-22, der motivet også er vinning. Målet til poet-eg-et er å vise at alle er grådige, og dermed fortener guten tilgjeving på lik line. **lucra petens ... | ... lucra petituras**. Anafór, og polyptoton av *peto*. **urget**. «driver, dyttar (spesielt i ein spesifikk retning)», OLD s.v. *urgeo* 2. **rusticus ...|...|... instabiles ... rates**. Bonden og handelsmannen er ikkje nok betre enn det soldaten er. Soldaten som krigar for vinning og rikdom er eit sentralt motiv i opningselegien, og vert også der sett opp som kontrast til det enkle poetlivet på landet. *Instabiles rates* står her som metafor for handelsmenn.

11-12 muneribus meus est catus puer. At deus illa | in cinerem et liquidas munera uertat aquas.

muneribus meus est captus puer. Heng saman med linje 7-10 for å vise at guten er grådig fordi han føretrekkjer vinning i gåver. *meus* .. *puer* skapar pathos, slik det også gjer for 1.5.31 *Messalla meus*, og 1.5.43-44 *nostra puella*. **deus... uertat.** Oppfordrande konjunktiv. **in cinerem et liquidas aquas.** Straffa for å trakte etter verdifulle gåver er at desse gåvene burde gjerast om til oske og vatn som er svært forgjengeleg. Sjå linje 49-50 for ein variant av dette motivet. For *liquidus aqua* sjå kommentar til 1.5.76. I samsvar med 1.5.76 og 1.9.50 har eg sett sett *liquidus* om til «strøymande». **muneribus ... munera og meus ... deus.** Polýptoton av *munus*, og assonans koplur *meus* med *deus*.

13-16 iam mihi persoluet poenas, pulisque decorem | detrahet et uentis horrida facta coma; | uretur facies, urentur sole capilli, | deteret inualidos et uia longa pedes.

Desse to versepara er ei reversering av det vi finn i 1.4.41-42 om å lydigg fylgje *puer delicatus* sjølv om vegen er lang og sola steikjer. Her derimot, legg Tibull fram at guten vert straffa med nettopp ei slik lang og varm reise i lag med sin *diues amator*. Reisa vil resultere i at guten taper *decorem*– sin ynde, på grunn av skitt og støv, og at håret hans (*coma*) vert gjort bustete av vinden. **iam.** «snart». **detrahet.** Zeugma, verbet står til både *puluis* og *coma*.

uretur facies. Polýptoton av *uro*. Eit solbrent andlet, både på unge gutar og på kvinner, vil ikkje vere tiltrekkjande. Sjå kommentar til 1.4.12 *niueo pectore*.

capilli. Håret vert lagt vekt på, som forsterkar fokuset Marathus har på håret sitt gjennom dei tre elegiane. Sjå og 1.8.9-10. **inualidos...pedes.** Marathus som er ein *puer delicatus* vil på lik linje med ei elskarinne ha tandre føtter, gjerne lyse slik resten av huda. Sjå for eksempel 1.5.66 *niueo ... pede* om Delia sine føter, og linje 30 i denne elegien om Marathus sine *teneros pedes*. *uia longa* vil gjere at føtene ikkje vil vere like tiltrekkjande lengre.

17-28.

Tibull vender seg direkte til Marathus, og passasjen vert «framført» i direkte tale. Det er ei oppfordring om at kjærleik ikkje skal seljast for rikdom. Ein kan sjå det same motivet i 1.6. der Delia seljer sin kjæleik til ein *diues amator* og som gjer at diktaren ikkje får den merksemda han ynskjer fordi han ikkje kan tilby anna enn poesi.

17-18 admonui quotiens ‘auro ne pollue formam: saepe solent auro multa subesse mala. subesse. «å lure under» OLD s.v. *subsum* 2b.

19-20 diuitiis captus si quis uiolauit amorem, | asperaque est illi difficilisque Venus.

Samanlikn med åtvaringa Tibull gjev til Pholoe i 1.8.27-28 *nec tu difficilis puero tamen esse memento: | persequitur poenis tristia facta Venus*, «hugs du likevel ikkje å vere vanskeleg med guten: Venus straffar alvorlege gjerningar medn hemn». **diuitiis captus**. Tek opp *muneribus ... captus* frå linje 11.

21-22 ure meum potius flamma caput et pete ferro | corpus et intorto uerbere terga seca.

Diktaren vil heller verte torturert med vanlege straffar for slavar enn å sjå at Marathus sel seg sjølv. Det vert og føreslått eit *seruitium amoris*-motiv her, då Tibull antakeleg føretrekkjer at Marathus er den som skal straffe han (Maltby, 2002). P. A. Miller (2013) peikar her på at Tibull på fingernæmt vis påfører seg sjølv dei valdelege, korporale tuktene som han førespegla for Marathus i linje 20. **ure meum potius flamma caput**. Sjå 1.5.5-6 *ure ferum et torque, libeat ne dicere quicquam | magnificum post haec: horrida uerba doma*, «brenn og få villheita mi for at det ikkje skal lyste å seie noko storslått etter dette: tem dei trugande orda mine».

23-24 nec tibi celandi spes sit peccare paranti: | scit deus, occultos qui uetat esse solos.

Tibull rettar seg direkte til Marathus. For ideen om at synder ikkje kan skjulast, og at dei ved guddommeleg innblanding alltid vert openbert med tida, sjå for eksempel Euripides Frag. 441N som er ein del av ei åtvaring til Thesevs, *χρόνος διέρπων πάντ' ἀληθείην φιλεῖ*, «tida, i det den går, likar å fortelje heile sanninga». **celandi**. Atterljom frå *celat* i linje 3. **peccare parenti**. Sjå Ovid *Kjærlichetskuren* 99-100 *Si cito sensisses, quantum peccare parares, | non tegeres vultus cortice, Myrrha, tuos*, «dersom du raskt hadde skjønt hvor voldsomt du kom til å synde, hadde du ikke behøvd, Myrra, å dekkas av bark» (Ovid, 2009).

25-28 ipse deus tacito permisit †leue† ministro | ederet ut multo libera uerba mero: | ipse deus somno domitos emittere uocem | iussit et inuitos facta tegenda loqui'

ipse deus. Anafór som forsterkar det faktum at guden personleg vil gripe inn for å få greie på dei syndene som vert gjort, og at det er ein samanheng mellom desse to versepara. **Ederet ... uerba** og **libera uerba**. Både vin og søvn har same nytte når det kjem til å avsløre løyndomar.

29-30 haec ego dicebam: nunc me fleuisse loquentem, | nunc pudet ad teneros procubisse pedes.

Innleier eit lengre stykkje som endar i *renuntiation amoris* – tilbaketrekking av kjærleiken, i linje 51-52. Opptakta til dette toposet byrjar allereie i linje 17-18. På same vis er linje 1-16 eit anna vanleg element; utruskap, og somme gongar falske eidar som gjer at kjærleikserklæringa

vert teken tilbake (Cairns, 1979, s. 167-168). **haec ego dicebam**. Sjå 1.5.20, 35 *haec mihi fingebam*. **pudet**. For skamkjensle for eins eigen oppførsel ovanfor ein tidlegare elskar, sjå Propertius 3.24 til Cynthia; sjå og Ovid *Kjærlighetseventyr* 3.11.3-4 *scilicet adserui iam me fugique catenas, / et quae non puduit ferre, tulisse pudet*, «Ja, jeg har endelig kommet meg løs og befridd meg fra lenken, den som jeg bar utan skam, hvilket jeg skjems for i dag» (Ovid, 2002). Sjå og atterljomet *pudet*, i linje 48.

31-34 tunc mihi iurabas nullo te diuitis auri | pondere, non gemmis, uendere uelle fidem, | non tibi si pretium Campania terra daretur, | non tibi si Bacchi cura Falernus ager.

Tibull ramsar opp den falske eiden til Marathus. **iurabas**. Gjev eit atterljom til opningskupletten der Tibull spør kvifor dei løfta som vart gjevne no er brotne.

35-36 illis eriperes uerbis mihi sidera caeli | lucere et pronas fluminis esse uias.

Adýnaton. **fluminis**. «elv, straum». Det ligg usikkerheit rundt *fluminis*. I app. crit. informerer Postgate om alternativet *fulminis*, «lyn». Eg har valt å halde meg til *fluminis*, fordi det då er ein himmellekam og eit jordisk naturfenomen, men avviser ikkje ideen om at Tibull med vilje kan ha stilt to mektige himmelfenomen saman. Både lynet og elva sine vegar går nedover.

37-38 quin etiam flebas: at non ego fallere doctus | tergebam uementes credulus usque genas.

non ego fallere doctus. Infinitiven som er avhengig av partisippet/adjektivet er vanleg hos dei fleste augusteiske poetar, og er truleg modellert på ein gresk konstruksjon (Murgatroyd, 1980, komm. til 1.7.19-20). *Fallo* vert teke opp at i det siste verseparet, FALLACI.

39-40 quid faciam, nisi et ipse fores in amore puellae? | sit precor exemplo sit leuis illa tuo.

quid faciam. Dubitativ konjunktiv som står i staden for ein avhengig spørjesetning. **fores**. Poetisk imperfektum for *esses*. **in amore puellae**. Marathus er forelska i ei jente, mogeleg den Pholoe som vi møter i elegi 1.8. **sit ... sit**. I Luck si tekstutgåve vert det i staden for det første *sit* heller brukt *sic*. Dette vil gje meining, utan tvil, men eg følgjer Postgate her.

41-42 o quotiens, uerbis ne quisquam conscius esset, | ipse comes multa lumina nocte tuli!

o quotiens ... | ipse comes multa lumina nocte tuli. Denne handlinga ville normalt vore utført av ein slave. Står i samanheng med linje 21-22 om *seruitium amoris*. Sjå og 1.5.65-66 der den fattige elskaren følgjer Delia til lumske vener.

43-44 saepe insperanti uenit tibi munere nostro | et latuit clausas post adoperta fores.

saepe. Forsterkar verknaden av *o quotiens* frå linje 41, og understrekar Tibull sin truskap til Marathus. **uenit ... | ... adoperta.** Sjå 1.1.70 om Dauden som kjem, *iam ueniet tenebris Mors adoperta caput*, «snart skal Dauden kome, hovudet hennar tilsløra av skugge». **munere nostro.** Eg forstår dette som smørjing frå Tibull si side. Han gjev Pholoe som ei «gåve» til Marathus, som om det er Tibull som tillet at Marathus kan ha eit forhold til Pholoe. OLD s.v. *munus* 5.

45-46 tum miser interii, stulte confisus amari: | nam poteram ad laqueos cautior esse tuos.

For jaktmotivet, sjå også 1.6.3-4 *An gloria magna est | insidias homini compuisse deum?* «Kanskje er det ei stor ære for gudane å ha pønska ut feller for mennesket?»

47-48 quin etiam attonita laudes tibi mente canebam, | at me nunc nostri Pieridumque pudet.

attonita mente. Bokstaveleg eit «sinn lamslått av torden», OLD s.v. *attonitus* 1. Det kan også tyde «inspirert», s.v. 3. «Inspirert» kan omtale α) elskaren, i.e. Tibull, sjå for eksempel Ovid *Kunsten å elske* 2.295-96 *Sed te, cuicumque est retinendae cura puellae | attonitum forma fac putet esse sua*, «men hvis du ønsker å holde på jenta, så gi henne inntrykk av at du uavbrutt er slått av hvor vakker hun er!» (Ovid, 2006); eller β) poeten sjølv, sjå for eksempel Horats *Carm.* 3.19.13-15 *Qui Musas amat imparis, | ternos ter cyathos attonitus petet | vates*, Jamfør også gr. *ἐμβρόντητος*, «lamslått (eng. thunder-stricken)», «tosken», LSJ s.v. *ἐμβρόντητος*. **Pieridum.** Sjå kommentar til 1.4.61-62.

49-50 illa uelim rapida Vulcanus carmina flamma | torreat et liquida delet amnis aqua.

uelim. *Vt* er utelete etter ynskjande verb. **Vulcanus.** Vulkan var ein antikk, romersk øydeleggjande gud, som fortæra eld og brann både i naturen og i menneskelege omgjevnadar, OCD s.v. *Volcanus*. **rapida ... flamma** og **liquida ... aqua.** Sjå linje 11-12 for eit liknande motiv, og 1.5.76 for *liquida aqua*. Samanlikn Catull 70.3-4, *sed mulier cupido quod dicit amanti | in uento et rapida scribere oportet aqua*, «men det som ei kvinne fortel til sin lystne elskar, bør ein skrive i vinden og rennande vatn».

Frå linje 51 og utover dukkar det opp noko som kan verke som nye skikkelsar i elegien, men Cairns (1979, s. 151-153) koplpar desse til dei same karakterane ein finn i dikt 1.8. Dette er eit spanande tema som utan tvil kan diskuterast mykje meir utover rammene for denne oppgåva.

51-52 tu procul hinc absis, cui formam uendere cura est | et pretium plena grande referre manu.

tu procul hinc absis. No er det klart at denne elegien er identifisert som *renuntiatio amoris* – tilbaketrekking av kjærleiken. No held ikkje Tibull ut lengre, og avviser offisielt den uuthaldelege oppførselen til Marathus. Dette grepet er noko Tibull ikkje har gjort i elegiane som omhandlar Delia. Om det er eit godt argument i diskusjonen om Delia og Nemesis er det same individet – historisk eller fiktivt –, har eg ikkje nok grunnlag innanfor denne oppgåva til å ta stilling til. Likevel det synast noko finurleg at Delia som sist var nemnt i elegi 1.6, ikkje får ei ordentleg avslutning, men at vi som lesarar heller sit att med eit spørsmål om korleis Tibull og Delia si affære held fram. **formam uendere.** Sjå og 1.4.59 *uenerem uendere, 67 uendit amorem; 1.9.32 uendere fidem. plena...manu.* Sjå kommentar til 1.5.68

53-58 at te qui puerum donis corrumpere es ausus | rideat adsiduis uxor inulta dolis, | et cum furtiuo iuuenem lassauerit usu, | tecum interposita languida ueste cubet. | semper sint externa tuo uestigia lecto | et pateat cupidis semper aperta domus:

es ausus. Her skiftar adressaten, og Tibull vender seg no til *canus amator*. Sjå linje 77 der uttrykket er brukt mot Marathus. **te ...| rideat...dolis.** *Rideo* + akkusativ = «å le av» OLD s.v. *rideo* 6. Denne konstruksjonen saman med middelets ablativ, *dolis*, førekjem berre her. **iuuenem.** Står som kontrast til den *canis amator*. Cairns (1979, s. 152) ymtar om at denne ungdomen kan vere Marathus, men at det også kan referere til ungdom og unge menn generelt.

59-60 nec lasciuia soror dicantur plura bibisse | pocula uel plures emeruisse uiros.

Underforstått *uxor* frå linje 54.

61-70

Denne passasjen har fleire interessante motiv, og er dertil like morosam å lese. Fyll, horeri, og fornærmelege utsegn set sitt markante preg på denne delen. Dessverre finn eg det for vidt utforbi problemstillinga til å inkludere det i detalj her.

71-72 non tibi sed iuueni cuidam uult bella uideri, | deuoueat pro quo remque domumque tuam.

deuoueat. «Å gje opp». L&S s.v. *deuoueo*, I B. **iuueni cuidam.** Kven denne unge mannen er, er usikkert, men det *kan*, slik som i linje 55 *iuuenem*, antyde både Marathus og ein generell, uspesifikk ung elsker. **remque domumque.** For dobbel *-que*, sjå kommentar til 1.5.35 *Eurusque Notusque.*

73-74 nec facit hoc uitio, sed corpora foeda podagra | et senis amplexus culta puella fugit. podagra. Gresk låneord, *ποδάγρα*, «podagra, spesifikt i føtene», LSJ s.v. *ποδάγρα*, II. Eit av dei sjeldne låneorda som Tibull brukar frå gresk (Maltby, 1999). **culta puella.** Eit elegisk ideal. Sjø Properts 1.2.26 *uni si qua placet, culta puella sat est*, «Om ho gler ein mann på denne måten, er ho tilstrekkeleg danna»; Ovid *Kjærlighetseventyr* 3.7.1 *At non formosa est, at non bene culta puella*, «Var ikke jenta vidunderlig skjønn, ikke velkledd og sminket» (Ovid, 2002).

75-76 huic tamen accubuit noster puer: hunc ego credam | cum trucibus uenerem iungere posse feris.

Adýnaton, det er ei umogelegheit å foreinast med ville dyr på dette viset, men Tibull trur likevel at Marathus kunne fått det til sidan han kan uthalde å ligge med den fæle, gamle elskaren. **huic.** i.e. *senex (senis)* i linje 74. Dativ eintal, står til *accubuit*. **accubuit.** OLD s.v. *accumbo* 3a «gå til sengs (med ein person)»; b «å ligge (med)». Vert her brukt i staden for det meir vanlege *concumbo*, «å ligge saman (for å ha sex)», OLD s.v. *concumbo*. **hunc.** i.e. *puer*. **uenerem iungere.** Også om den seksuelle handlinga, sjå også Ovid *Kunsten å elske* 2.679 *Vtque uelis, uenerem iungunt per mille figuras*, «tusent forlystelser vier de gjerne til Venus, som du vil» (Ovid, 2006).

77-78 blanditiasne meas aliis tu uendere es ausus, | tune aliis demens oscula ferre mea? uendere. For liknande situasjonar, sjå 1.4.59 *uenerem uendere, 67 uendit amorem*; 1.9.32 *uendere fidem, 51 formam uendere*. Sjø også 1.5.47-48 om Delia som tematisk er knytt til dette, *quod adest huic diues amator, | uenit in exitium callida lena meum*, «den listige bordellvertinna har kome for min undergang, fordi ein rik elskar er her». **ausus es.** Sjø og linje 53 *at te qui puerum donis corrumpere es ausus*.

79-80 tum flebis, cum me uinctum puer alter habebit | et geret in regno regna superba tuo. regna superba. Gresk akkusativ/omsynets akkusativ, vert brukt i staden for ablativ (Eitrem et al., 2013, §§75, 102) sjå kommentar til 1.6.18, *pectus aperta, 1.6.49 latus*. **in regno regna.** Polýptoton av *regnum*.

81-82 at tua tum me poena iuuet, Venerique merenti | fixa notet casus aurea palma meos: poena. Tek opp motivet frå byrjinga av 1.9, og frå slutten av elegi 1.8.

83-84 HANC TIBI FALLACI RESOLVTVS AMORE TIBVLLVS | DEDICAT ET GRATIA SIS, DEA, MENTE ROGAT.

Det avsluttande verseparet i diktet er ein inskripsjon som følgjer dediseringa av det forgylte palmebladet til Venus i dei førre linjene. Votivinskripsjonar var eit vanleg elegiske element, og det elegiske distikon var (oftast) det føretrekte meteret å skrive verkelege inskripsjonar og epigramm på, både i gresk og latinsk tradisjon, OCD s.v. *epigram*. For dediserande inskripsjonar i elegien, sjå for eksempel Properts 2.14.27-28 *has pono ante tuas tibi, diua, Propertius aedes / exuuias, tota nocte receptus amans*, «Eg, Properts, henger opp desse plagga framfor din heilagdom, gudinne, for heile natta gjennom vart eg teken som elsker»;

Ovid *Heltinnebrev* 15.183-84 *grata lyram posui tibi, Phoebe, poetria Sappho: / conuenit illa mihi, conuenit illa tibi*, «Her satte Sappho, skaldinnen, takknemlig sin lyre for Foibos, lyren som skaptes for meg, slik den skaptes for deg.» (Ovid, 2001). **FALLACI**. Kan stå til både *tibi* og *amore*. Lee (1990, s. 43) har til engelsk klart å omsette dette slik at den tvitydige meininga kjem fram, «Tibullus freed from love deceitful, Goddess,|». Eg har i mi omsetjing valt å setje *fallaci* til *amore* sjølv om det tvitydige ikkje kjem fram slik det gjer i latinen. **TIBVLLVS**. Ulikt andre elegikarar frå same periode nemner Tibull berre sitt eige namn ved to høver i heile korpuset, og baa gongar skjer dette i inskripsjonar. Sjå og 1.3.55-56 der Tibull skriv seg sjølv inn i eit gravepigram, *hic iacet immiti consumptus morte Tibullvs, / Messallam terra dum sequiturque mari*, «Her ligg Tibull, fortært av ein bitter daud | då han fylgde Messalla over sjø og land». **RESOLVTVS**. Står som kontrast til *uinctum* i linje 79. Det ligg eit ironisk poeng i at Tibull først er frigjort frå den trulause kjærleiken, i.e. Marathus, når han er knytt til ein annan gut. **ROGAT**. *Vt* er utelete etter verbet. Dette er eit vanleg trekk hos Tibull ved verb som uttrykkjer ynskjer eller krav/fordringar, sjå for eksempel 1.2.25-26 ved *sinit*, 63-64 ved *orabam*, 1.9.49f ved *uelim*, 2.6.36 ved *sis*. Ved 2.3.34 fin ein likevel *imperat ut*.

Litteraturliste

- Antolín, F.N. (1996). *Lygdamus : Corpus Tibullianum III. 1-6: Lygdami elegiarum liber*. E.J. Brill, Leiden; New York. Tilgjengeleg frå <http://worldcat.org/z-wcorg/> database.
- Avery, W.T. (1960). The Year of Tibullus' Death. *The Classical Journal*, 55(5), 205-209.
- Avery, W.T. (1961). Tibullus' Death Again. *The Classical Journal*, 56(5), 229-233.
- Baca, A.R. (1968). The role of Delia and Nemesis in the Corpus Tibullianum. *Emerita*, 36, s. 49-56.
- Booth, J. & Maltby, R. (2005). Light and Dark: Play on "Candidus" and Related Concepts in the Elegies of Tibullus. *Mnemosyne*, 58(1), 124-132.
- Bright, D.F. (1978). *Haec mihi fingebam : Tibullus in his world* (Vol. 3). Leiden: Brill.
- Brouwer, H.H.J. (1989). *Bona Dea : the sources and a description of the cult : with a frontispiece, 5 figures, 52 plates and 5 maps*. Leiden [etc.]: E. J. Brill.
- Cairns, F. (1979). *Tibullus: A Hellenistic Poet at Rome*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Catull. (1996). *Samlede dikt* (J. Grip & H. Hagerup, overs.). Oslo: Tiden.
- Conte, G.B. (1994). *Latin literature : a history*. Baltimore, Md: Johns Hopkins University Press.
- Dawson, C.M. (1946). An Alexandrian Prototype of Marathus. *The American Journal of Philology*, 67(1), 1-15.
doi:10.2307/291252
- Dennis, R.G., Putnam, M.C.J. & Gaisser, J.H. (2012). *The Complete Poems of Tibullus*. Berkeley: University of California Press.
- Drinkwater, M.O. (2012). "HIS TURN TO CRY:" Tibullus' Marathus Cycle (1.4, 1.8 and 1.9) and Roman Elegy. *The Classical Journal*, 107(4), 423-450. doi:10.5184/classicalj.107.4.0423
- Eide, T. (2015). *Retorisk leksikon*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Eitrem, S., Tosterud, B. & Kraggerud, E. (2013). *Latinsk grammatikk* (3 utg.): Aschehoug.
- Elder, J.P. (1962). Tibullus tersus atque elegans. I J.P. Sullivan (red.), *Critical essays on Roman literature I : elegy and lyric* (s. 65-105). London: Routledge & Paul.
- Fineberg, B.H. (1999). Repetition and the Poetics of Desire in Tibullus 1.4. *The Classical World*, 92(5), 419-428.
doi:10.2307/4352312
- Fordyce, C.J. (1961). *Catullus : a commentary, by c.j. fordyce*. [Place of publication not identified]: Clarendon Press.

- Fulkerson, L. (2017). *A Literary Commentary on the Elegies of the Appendix Tibulliana*: Oxford University Press.
- Gibson, R. (2007). Love Elegy. I S. Harrison (red.), *A companion to Latin Literature* (s. 159-173): Blackwell Publishing.
- Harrington, K.P. (1914). *The Roman Elegiac Poets*: American book Company.
- Henkel, J. (2014). Metrical Feet on the Road of Poetry: Foot Puns and Literary Polemic in Tibullus. *Classical World*, 107(4), 451-475. doi:10.1353/clw.2014.0032
- Hesiod. (2014). *Theogonien | Arbeid og dager | Skjoldet* (A. Rostad, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Homer. (1918). *Odyssevskvædet* (A. Garborg, overs.). Kristiania: Aschehoug.
- Homer. (2010). *Odysseen* (P. Østbye, overs. Vol. bok nr. 52). Oslo: Den norske bokklubben.
- James, S.L. (2003). *Learned Girls and Male Persuasion : Gender and Reading in Roman Love Elegy*. Berkeley: University of California Press.
- Keith, A. (1997). Tandem Venit Amor: A Roman Woman Speaks of Love. I J.P. Hallett & M.B. Skinner (red.), *Roman Sexualities* (s. 295-310): Princeton University Press.
- Keith, A. (1999). Slender Verse: Roman Elegy and Ancient Rhetorical Theory. *Mnemosyne*, 52(1), 41-62. doi:10.1163/1568525991560972
- Kennedy, D.F. (1992). *The Arts of Love : Five Studies in the Discourse of Roman Love Elegy*: Cambridge University Press.
- Kennedy, D.F. (2017). WHAT'S IN A NAME? DELIA IN TIBULLUS 1.1. *The Classical Quarterly*, 67(1), 193-198. doi:10.1017/S0009838817000118
- Lear, A. (2014). Ancient Pederasty: An Introduction. I T.K. Hubbard (red.), *A Companion to Greek and Roman Sexualities* Blackwell Companions to the Ancient World (s. 106-131). Hoboken: John Wiley & Sons Inc. doi:10.1002/9781118610657
- Lee, G. (1990). *Tibullus: Elegies* (3 utg.). Leeds: Francis Cairns.
- Lukrets. (1978). *Om tingenes natur* (T. Sparre, overs.). Oslo: Aschehoug.
- Lukrets. (1998). *Om verdens natur*. Frederiksberg: Det lille Forlag.
- Lyne, R.O.A.M. (2002). The Life of Love. I P.A. Miller (red.), *Latin Erotic Elegy* (s. 348-365). London; New York: Routledge.
- Maltby, R. (1999). Technical Language in Tibullus. *Emerita*, 67(2), 231-249. doi:10.3989/emerita.1999.v67.i2.172

- Maltby, R. (2002). *Tibullus: Elegies. Text, Introduction and Commentary*. Wiltshire: Francis Cairns Ltd.
- Maltby, R. (2009). Tibullus and Ovid. I P.E. Knox (red.), *A Companion to Ovid* (s. 279-293): Wiley-Blackwell.
- Miller, P.A. (2002). *Latin Erotic Elegy: An Anthology and Reader* (P.A. Miller, red.). London and New York: Routledge.
- Miller, P.A. (2004). *Subjecting verses : Latin love elegy and the emergence of the real*. Princeton, N.J: Princeton University Press.
- Miller, P.A. (2013). *A Tibullus reader : seven selected elegies*: Bolchazy-Carducci Publisher, Inc.
- Murgatroyd, P. (1980). *Tibullus I : a commentary on the first of the Elegies of Albius Tibullus*. Pietermaritzburg: Univ. of Natal Press.
- Murgatroyd, P. (1994). *Elegies II*. Oxford: Clarendon Press.
- Musurillo, H. (1970). Furtivus Amor: The Structure of Tibullus 1.5. *Transactions and Proceedings of the American Philological Association*, 101, 387-399. doi:10.2307/2936060
- Mutschler, F.-H. (1985). *Die poetische Kunst Tibulls : Struktur u. Bedeutung d. Bücher 1 u. 2 d. Corpus Tibullianum*. Frankfurt am Main; Bern; New York; Nancy: Lang.
- Oliensis, E. (1997). The Erotics of Amicitia. I J.P. Hallett & M.B. Skinner (red.), *Roman Sexualities* (s. 151-171): Princeton University Press.
- Ovid. (2001). *Heroides - heltinnebrev* (T.S. Thorsen, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Ovid. (2002). *Amores - kjærlighetseventyr* (T.S. Thorsen, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Ovid. (2006). *Ars amandi - kunsten å elske* (T.S. Thorsen, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Ovid. (2009). *Kjærlighetskuren & Brevvekslinger* (T.S. Thorsen, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Parker, H.N. (1997). The Teratogenic Grid. I J.P. Hallett & M.B. Skinner (red.), *Roman Sexualities* (s. 47-65): Princeton University Press.
- Platon. (2004). Parmenides (E.A. Wyller, overs.). I H. Kolstad (red.), *Platon: Samlede Verker* ([Nyt opl.]. utg., Vol. 6, s. 7-98). Oslo Vidarforlaget.
- Putnam, M.C.J. (1973). *Tibullus: A Commentary*. Norman: University of Oklahoma.
- Ryan, F.X. (1994). The Lex Scantinia and the Prosecution of Censors and Aediles. *Classical Philology*, 89(2), 159-162.
- Sapfo. (1955). *Poetarum Lesbiorum fragmenta* (E. Lobel & D. Page, red.). Oxford: Clarendon.
- Schnur, H.C. (1961). When Did Tibullus Die? *The Classical Journal*, 56(5), 227-229.

- Thorsen, T.S. (2001). Innledning. (T.S. Thorsen, overs.) *Ovid. Heroides - Heltinnebrev* (s. 11-27): Gyldendal.
- Tibull. (1990). *Tibullus : Elegies. Introduction, Text, Translation and Notes* (G. Lee, overs. 3rd ed. rev. in collaboration with Robert Maltby utg.). Leeds: Francis Cairns.
- Vergil. (1985). *Aeneiden : 3 : Fjerde og femte bok* (E. Kraggerud, overs. Vol. 3). Tangen: Suttung.
- Vergil. (1989a). *Aeneiden : 5 : Syvende og åttende bok* (E. Kraggerud, overs. Vol. 5). Tangen: Suttung.
- Vergil. (1989b). *Aeneiden : 6 : Niende og tiende bok* (Vol. 6). Tangen: Suttung.
- Vergil. (1994). *Georgica* (E. Kraggerud, overs.). Oslo: Solum.
- Vergil. (2016). *Bucolica - gjetarsongar* (M.G. Wiik, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Walters, J. (1997). One: Invading the Roman Body. I J.P. Hallett & M.B. Skinner (red.), *Roman sexualities* (s. 29-43). Princeton: Princeton University Press.
- Whitaker, R. (1988). Did Gallus Write 'Pastoral' Elegies? *The Classical Quarterly*, 38(2), 454-458.
- Williams, G.W. (1968). *Tradition and originality in roman poetry*. Oxford: Clarendon.
- Wray, D. (2003). What Poets Do: Tibullus on "Easy" Hands. *Classical Philology*, 98(3), 217-250.
doi:10.1086/420718
- Yardley, J.C. (1973). Sick-Visiting in Roman Elegy. *Phoenix*, 27(3), 283-288. doi:10.2307/1088045
- Yardley, J.C. (1974). Propertius' Lycinna. *Transactions of the American Philological Association* (1974-), 104, 429-434. doi:10.2307/2936100

